
REPRESENTANTSKAPET I NOREGS BANK

RAPPORT FOR 2018

Dokument 9 (2018–2019)



REPRESENANTSKAPET I NORREGS BANK

RAPPORT FOR 2018

Dokument 9 (2018–2019)

TIL STORTINGET

Sentralbankloven regulerer Norges Banks virksomhet og oppgavene som er plassert hos Norges Banks representantskap. I tråd med loven har representantskapet i 2018 ført tilsyn med driften i Norges Bank og med at reglene for virksomheten blir fulgt. Representantskapet gjennomfører hvert år 4–6 tilsynsprosjekter. I 2018 har prosjektene omfattet kriseberedskap, oppfølging av endringer i referanseindeksen fastsatt av Finansdepartementet for forvaltningen av SPU, ansvarlig forvaltning og tredjepartsrisiko i eiendomsforvaltningen.

Representantskapet har gitt hovedstyret flere anbefalinger og stilt spørsmål som er behandlet og avklart av hovedstyret. Representantskapet mener at tilsynsgjennomgangene har bidratt til positiv videreutvikling av Norges Banks systemer, rutiner og arbeidsmåter. Anbefalinger og spørsmål til hovedstyret bygger på anerkjent internasjonal praksis for god styring i tillegg til observasjoner gjort blant institusjoner som det er relevant å sammenligne Norges Banks oppgaver og virksomhetsområder med.

Representantskapet fører et risikobasert tilsyn med virksomheten i Norges Bank og bedømmer relevant risiko og vesentlighet. Prioriteringer i tilsynsarbeidet følger vurderinger av sannsynlighet for og konsekvens av hendelser og forløp som treffer virksomheten. En vesentlig egenskap ved tilsynet er uavhengighet fra Norges Banks risikorammeverk og styrings- og kontrollsystemer i linjen. Representantskapet står fritt til å gjennomføre undersøkelser på alle nivå og på alle områder i hele Norges Banks virksomhet. Tilsynet omfatter ikke hovedstyrets utøvelse av skjønnsmyndighet etter sentralbankloven. I tråd med sin uavhengige rolle, rapporterer representantskapet direkte til Stortinget om tilsynet med Norges Bank. Disse sidene ved representantskapets oppgaver og virksomhet er det på en god måte redegjort for i Meld. St. 7 (2018–2019) Om ny sentralbanklov.

Representantskapet vedtar Norges Banks budsjett. Representantskapet har over flere år pekt på betydningen av høy kostnadsbevissthet i forvaltningen av Statens pensjonsfond utland. Budsjettet for 2019 ble vedtatt i representantskapets møte 13. desember 2018 og innebærer kostnadsreduksjoner. Når det gjelder kapitalforvaltningen er sammenlikningsgrunnlaget opp mot andre fond internasjonalt blitt forbedret. Representantskapet har vektlagt en slik utvikling. Representantskapet har behandlet hovedstyrets årsberetning for Norges Bank og fastsatt årsregnskapet for 2018. Årsrapport om forvaltningen av Statens pensjonsfond utland for 2018 er også behandlet.

I 2017 ble NOU 2017: 13 «Ny sentralbanklov. Organisering av Norges Bank og forvaltningen av Statens pensjonsfond utland» lagt fram. I 2018 la regjeringen fram Meld. St. 7 (2018–2019). Denne ble behandlet i Stortinget tidlig i 2019, og det er etablert bred enighet om organisering og styring av Norges Bank og forvaltningen av SPU. Nå gjenstår arbeidet med å vedta ny lov i tråd med den foreslalte styringsmodellen og med de nødvendige moderniseringer et slikt omfattende lovarbeid innebærer. Gjeldende sentralbanklov ble vedtatt i 1985 og avløste den tidligere loven av 1892. Representantskapet ser det som vesentlig at ny lov på dette grunnlaget nå blir vedtatt og kan tre i kraft.

I møtet 21. mars 2019 godkjente representantskapet rapporten om tilsynet med Norges Bank i 2018. Rapporten blir med dette lagt fram for Stortinget.

Oslo, 5. april 2019

Julie Brodtkorb
Leder i Norges Banks representantskap

INNHOLD

1	Samandrag og hovedkonklusjon	7
	Samandrag av rapporten	7
	Hovedkonklusjon	8
2	Samlvurdering fra representantskapet av styringa og kontrollen til hovudstyret	10
3	Organiseringa av tilsynet med Noregs Bank	13
	Tilsynsoppdraget, rammer og gjennomføring	13
	Verkemiddel i tilsynet – rapportering og openheit	18
4	Endringar i lov om Norges Bank og pengevesenet – ny sentralbanklov	19
5	Tilsyn med overordna styring og kontroll i Noregs Bank i 2018	21
	Styring og organisering av verksemda til Noregs Bank	21
	Kontinuerleg tilsyn	26
	Tilsynsgjennomgangar og attestasjonsoppdrag	31
6	Tilsyn med sentralbankverksemda i 2018	35
	Oppgåvane og organisasjonen i sentralbankverksemda (SBV)	35
	Kontinuerleg tilsyn	35
	Tilsynsgjennomgangar og attestasjonsoppdrag	38
7	Tilsyn med kapitalforvaltinga i 2018	41
	Oppgåver og organisasjon i Norges Banks Investment Management (NBIM)	41
	Kontinuerleg tilsyn	41
	Tilsynsgjennomgangar og attestasjonsoppdrag	44
8	Årsmelding og rekneskap for Noregs Bank for 2018	51
	Rammeverk og prosess for Noregs Banks rekneskapsrapportering	51
	Behandling av årsrekneskap og rapportering for 2018	51
	Revisorrapportering til årsrekneskapen for 2018	55
9	Budsjettet og ressursbruken til Noregs Bank	57
	Rammer for budsjett, budsjettreglement og økonomireglement	57
	Oppfølging av budsjettvedtak for 2018 og vurdering av ressursbruken	57
	Vedtak frå representantskapet av Noregs Banks budsjett for 2019	59
10	Prioriteringar i det vidare tilsynsarbeidet	63
11	Organisasjon og aktivitetar for representantskapet i 2018	65
	Organisering av representantskapet	65
	Aktivitetar og ressursbruk i 2018	69
	Vedlegg	
	Vedlegg 1: Representantskapet i Noregs Bank 2018–2019	73
	Vedlegg 2: Oppfølging av Meld. St. 7 (2018–2019) Om ny sentralbanklov	78

KAPITTEL 1

SAMANDRAG OG HOVUDKONKLUSJON

SAMANDRAG AV RAPPORTEN

Etter Grunnlova § 33 er Noregs Bank sentralbanken i landet. Verksemda er regulert i lov av 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova). Noregs Bank er eit eige rettssubjekt, eigd av staten.

Hovudstyret har den utøvande og rådgivande makta etter sentralbanklova. Som sentralbank og forvaltar av Statens pensjonsfond utland (SPU) er institusjonen gitt stor tillit. Hovudstyret leier verksemda og forvaltar midlane til sentralbanken.

Etter grunnlova § 75c skal Stortinget «føre oppsyn med pengestellet i riket». Denne oppgåva blir mellom anna teken hand om gjennom representantskapet i Noregs Bank, som er valt av Stortinget og er samansett av 15 medlemmer og to møtande varamedlemmer. Tilsynsrolla til representantskapet er heimla i sentralbanklova. Tilsyns- og kontrollorganet har eit overordna ansvar for å føre tilsyn med korleis Noregs Bank blir driven, og om dei formelle rammene blir etterlevde. Kvart år vedtek representantskapet budsjettet for Noregs Bank og fastset årsrekneskapen.

Ifølgje sentralbanklova § 30 skal representantskapet «minst én gang årlig legge fram for Stortinget sin uttalelse om hovedstyrets protokoller og tilsynet med banken, jf. § 5, fjerde ledd femte punktum». I dette dokumentet gir representantskapet ein fullstendig rapport om tilsynet med Noregs Bank og gjennomføringa av ansvaret og oppgåvene som representantskapet har etter lova. Fråsegna og gjennomføringa av tilsynet er beskrivne i denne rapporten. Prioriteringar, avgjerder og organisering av arbeidet er òg omtalt.

Regjeringa har i 2018 lagt fram Meld. St. 7 (2018–2019) *Om ny sentralbanklov*. For representantskapet har det vore positivt å følge prosessen i lovarbeidet. Sentrale spørsmål for Noregs Bank om mandat og formål, styring, oppgåver og organisering er avklarte. Fleire vesentlege avklaringar er no gjorde: Det er etablert ein fagkomité for pengepolitikk og finansiell stabilitet, representantskapet skal framleis vere det øvste tilsyns- og kontrollorganet, og forvaltinga av Statens pensjonsfond utland skal vere ei oppgåve som er organisert i Noregs Bank.

Signala frå regjeringsbehandlinga av den kommande lovendringa har mykje å seie for det vidare arbeidet til representantskapet. Stortinget nemner opp medlemmene, som har brei samfunnserfaring. Ein legg vekt på kompetansen til representantskapet og evna til å forstå oppgåvene til sentralbanken. Utvikling av arbeidsprosessar og metodar for å gjennomføre eit godt tilsyn er svært viktig.

Ut frå rolla si er medlemmene i representantskapet merksame på tema i den offentlege debatten som gjeld dei forholda representantskapet skal ha tilsyn med. Tilsynet føreset god kunnskap om Noregs Bank med tanke på verksemd, organisering og rammeverk for styring og kontroll. Det er eit mål for representantskapet å sikre det demokratiske innsynet i og den uavhengige kontrollen med verksemda til Noregs Bank. Det skal vere ei brei oppfatning i Stortinget at representantskapet utøver eit kvalifisert og effektivt tilsyn med Noregs Bank i tråd med sentralbanklova og forventingane til Stortinget.

Representantskapet ønskjer ein open og tydeleg dialog om arbeidet sitt i kommunikasjonen med hovudstyret og leiinga i Noregs Bank, Finansdepartementet, Stortinget, Riksrevisjonen og andre relevante kontroll- og tilsynsorgan.

Rapporten baserer seg på risikovurderingar og observasjonar gjennom året. Eit viktig grunnlag for konklusjonane i tilsynsarbeidet er gjennomgangen av protokollar og dokument som er sende fra hovudstyret, og utgreiingar fra sentralbanksjefen i møta. Måla for tilsynet blir fastsette i langsiktige plandokument og årlege tilsynsplana.

Gjennom året blir det utført kontinuerleg tilsyn med verksemda til Noregs Bank i representantskapsmøta. Ein følger nøy med på at reglane for verksemda blir følgde, at det er etablert tilfredsstillande rutinar for styring av og kontroll med bankverksemda, og at hovudstyret har formålstene rutinar og prosessar når det kjem fram til avgjerder og råd. Tryggleksstyring, beredskapsplanlegging og handtering av kriser innanfor fysisk tryggleik og IT-tryggleik i Noregs Bank har høg prioritet og blir følt gjennomgående i tilsynet. Ein følger nøy med på IT-utviklinga og endringsprosessane i organisasjonen gjennom verksemdsrapportering og budsjett dokument.

Representantskapet behandlar rapportar frå tilsynssekreteriatet om gjennomgangar og vurderingar av Noregs Bank. I 2018 er det lagt fram fem rapportar i tråd med godkjende planar. To rapportar som dekkjer heile Noregs Bank, omfattar handtering av kriser og beredskap, inkludert fysisk tryggleik, og styring av og kontroll med IT-tryggleik. Innanfor kapitalforvaltinga har to gjennomgangar handla om ansvarleg forvaltingsverksemd. Det har vore vurdert i kva grad Noregs Bank etterlever OECD-retningslinjene for fleirnasjonale selskap, og korleis ein har handtert utestengingar og observasjonar av selskap i SPU. Ein har òg sett på resultatoppfølging ved mandatendringar. I tilsynsgjennomgangane er det ikkje gjort funn som har medført rapportering til hovudstyret med tilrådingar om strakstiltak.

Representantskapet har behandla brev frå hovudstyret om tilsynsrapportar og er nøgd med svara, som òg inneheld tiltak for oppfølging av konklusjonar og tilrådingar. Det er ingen uteståande oppfølgingspunkt.

I tilsynsgjennomgangar i 2018 er det peikt på behovet for klar kommunikasjon og rapportering av avgjerder, resultat og risiko. Representantskapet registererar at hovudstyret i det mest vesentlege er einig i at rapporteringa på enkelte område bør vidareutviklast. Rapportering skal oppfylle styringsformål, dekkje kontrollbehov og sikre openheit om verksemda i Noregs Bank. Representantskapet har vedteke ein tilsynsplan for 2019 som inkluderer eigne tilsynsgjennomgangar på områda intern og ekstern rapportering.

Representantskapet har merka seg at hovudstyret har gitt uttrykk for at erfaringane med dei ulike investeringsstrategiane i forvaltinga av SPU vil vere ein viktig del av grunnlaget for arbeidet i hovudstyret med neste strategiplan, som skal gjelde frå 2020. Representantskapet er samtidig opptekne av at SPU skal forvaltast med eit lang-siktig perspektiv, og følgjer med på endringar i mandat og investeringsstrategiar.

Representantskapet følgjer kostnadsstyringa frå hovudstyret målt mot forventingane Stortinget og Finansdepartementet har gitt uttrykk for. Det blir rekna som positivt at relevante kostnadssamanlikninga aktivt er tekne med i budsjettprosessen. Endringar i strategiar for

verksemda blir òg følgde kontinuerleg gjennom tilsynet. Under behandlinga av budsjettet for 2019 la representantskapet mellom anna merke til omfattande tiltak for å sikre at IT-systema til Noregs Bank støttar opp om ei sikker og kostnadseffektiv drift. I lys av dette er ein i gang med større strategiske satsingar i begge verksemdområda som skal vidareførast i 2019. Satsingane omfattar òg vidareutvikling og styrking av IT-tryggleik.

Hovudkonklusjon

Denne rapporten er den samla fråsegna til representantskapet og omhandlar tilsynet med Noregs Bank og andre oppgåver representantskapet har hatt gjennom året.

Representantskapet i Noregs Bank har gått gjennom protokollane frå hovudstyret for 2018. Under behandlinga er det reist spørsmål til enkeltsaker, og sentralbanksjefen har gitt utdstrupande utgreiingar til problemstillingane. Representantskapet har fått alle opplysningane det har bedt om. Det er ikkje avdekt forhold gjennom tilsynet som gir grunnlag for særskilde merknader etter sentralbanklova, og representantskapet har i protokollføringa ikkje hatt merknader til protokollane til hovudstyret.

I tilsynet med drifta av Noregs Bank og med at reglane for bankverksemda blir følgde, er det gjennom året ikkje avdekt brot på sentralbanklova, forskrifter, mandat eller andre rammer for verksemda til Noregs Bank, inkludert forvaltinga av Statens pensjonsfond utland.

Representantskapet meiner at hovudstyret i 2018 har utøvd styring av og kontroll med verksemda til Noregs Bank i samsvar med krava i lov om Norges Bank, forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank og mandat for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland. Representantskapet har teke den samla vurderinga frå hovudstyret om internkontrollen og risikosituasjonen i Noregs Bank til etterretning og meiner at det er etablert prosessar og rapportering som oppfyller dei fastsette krava.

Representantskapet har fastsett årsrekneskapen for Noregs Bank for 2018 og vedteke budsjett for banken for 2019. I representantskapet er ein oppteken av at Noregs Bank er ei offentleg verksemd, og at hovudstyret finn løysingar

som tek omsyn til den samla ressursbruken til Noregs Bank på ein kostnadseffektiv og forsvarleg måte.

Ved behandlinga av årsrekneskapen for Noregs Bank og rapporteringa om SPU-forvaltinga merka representantskapet seg hovudstyret sin omtale av verksemda til Noregs Bank og resultatoppnåinga. Representantskapet meiner at årsmeldinga til hovudstyret og årsrekneskapen til Noregs Bank gir god og dekkjande informasjon om verksemda. Frå overføringsfondet til Noregs Bank får statskassen tilført 14,8 milliardar kroner for 2018.

KAPITTEL 2

SAMLA VURDERING FRÅ REPRESENTANTSkapet AV STYRINGA OG KONTROLLEN TIL HOVUDSTYRET

RAMMEVERK FOR RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

Krava til rapportering om risikostyring og internkontroll er fastsette i sentralbanklova og i forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank (internkontrollforskrifta)¹. Hovudstyret har den utøvande og rådgivande myndigheita i Noregs Bank.² Det leier verksemda til banken, forvaltar midlane og skal etter lova sørge for forsvarleg organisering med tilfredsstillende rammer, mål og prinsipp for verksemda.

Representantskapet skal minimum kvart år leggje fram for Stortinget ei vurdering av korleis hovudstyret styrer og kontrollerer administrasjonen og verksemda til Noregs Bank.

Internkontrollforskrifta stiller krav til verksemststyringa i Noregs Bank. Hovudstyret skal fastsetje mål og strategiar og sjå til at verksemda, inkludert rekneskap og formuesforvalting, blir styrt og kontrollert på ein fullgod måte.³ Etter forskrifta⁴ skal leiaren i verksemstrområda kontinuerleg vurdere gjennomføringa av internkontrollen og gjere ei oppsummerande vurdering av om internkontrollen har vore gjennomført på ein god nok måte. Leiaren av internrevisjonen skal rapportere om risikostyringa og internkontrollen minst éin gong per år.⁵ Sentralbanksjefen skal minst éin gong i året utarbeide ei samla vurdering av risikosituasjonen som hovudstyret skal behandle. Leiaren av kapitalforvaltinga kan leggje fram ei eiga vurdering.

Hovudstyret skal minst éin gong i året leggje fram ei samla vurdering av risikosituasjonen for verksemda til Noregs Bank for representantskapet.⁶ Det skal òg «*evaluere sitt arbeid og sin kompetanse knyttet til bankens risikostyring og internkontroll minst en gang årlig*».⁷ Også etter mandatet for SPU-forvaltinga som Finansdepartementet har fastsett, skal Noregs Bank evaluere arbeidet og kompetansen knytt til risikostyring og internkontroll.⁸

Representantskapet legg som tilsynsorgan vesentleg vekt på rapporteringa til hovudstyret etter desse føresagnene.

VURDERINGA TIL REPRESENTANTSkapet AV RAPPORTERING FRÅ HOVUDSTYRET OM RISIKOSITUASJONEN OG INTERNKONTROLLEN I 2018

Gjennom året har representantskapet behandla periodisk rapportering frå hovudstyret om verksemststyring, etterleving og kontroll i sentralbankverksemda og kapitalforvaltinga. Under behandlinga har sentralbanksjefen svart på spørsmål frå representantskapet om handteringa av ulike rapporterte forhold. Representantskapet har teke rapportane og utgreiingane til etterretning.

Ein rapport om strategisk trusselanalyse er gjennomgått for representantskapet i eit møte. Rapporten gir ei situasjonsforståing for hovudstyret, og leiinga i Noregs Bank gir bakgrunn for kvifor det er sett i verk tryggleikstiltak.

Representantskapet har behandla brev frå hovudstyret der risikosituasjonen og internkontrollen for verksemda til Noregs Bank i 2018 er vurdert. Rapporten blir lagd fram i tråd med forskrift om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank. Vurderinga viser til at hovudstyret gjennom året har behandla periodiske rapportar om verksemststyring, operasjonell risikostyring, internkontroll og etterleving i tillegg til den årlege rapporten frå verksemstrområda.

Hovudstyret har vidare vurdert kvaliteten i risikosituasjonen til Noregs Bank og internkontrollen i banken, med grunnlag i årsrapportar frå internrevisjonen, sentralbankverksemda og kapitalforvaltinga. Det er gjennomført ei evaluering av tryggleikstilstanden i samsvar med forskrift om virksomheters arbeid med forebyggende sikkerhet. Dette blir omtalt i rapportane frå verksemstrområda i samanheng med vurderingar av operasjonell risiko.

¹ Fastsett av Finansdepartementet

² Lov om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbankloven) § 5

³ Internkontrollforskrifta § 3 om ansvaret til hovudstyret

⁴ Internkontrollforskrifta §§ 7 og 8

⁵ Internkontrollforskrifta § 9

⁶ Internkontrollforskrifta § 8 tredje ledd

⁷ Internkontrollforskrifta § 3 punkt 7

⁸ Mandatet for SPU § 4-1

Konklusjonen frå hovudstyret for 2018:

- Internkontrollen i Noregs Bank i 2018 er gjennomført på ein tilfredsstillande måte.
- Den operasjonelle risikoeksponeringa i kapitalforvaltinga har gjennom året vore innanfor den risikotoleransen hovudstyret har definert.
- Den operasjonelle risikoeksponeringa i sentralbankverksemda har gjennom året vore akseptabel.

Internrevisjonen har lagt fram ein årsrapport, og gjennom året har revisjonsutvalet og hovudstyret behandla rapportar frå 14 revisjonsprosjekt som er utførte etter ein revisjonsplan som hovudstyret har fastsett. I årsrapporten frå internrevisjonen om risikostyringa og internkontrollen kjem det fram konklusjonar og vurderingar som er baserte på revisjonsprosjekt og kontinuerleg kontakt med verksemda. Rapportane har jamt over hatt positive konklusjonar. Representantskapet har likevel merka seg fleire observasjonar som hovudstyret følgjer opp i det vidare arbeidet.

Fra sentralbankverksemda er det særleg rapportert om vesentlege oppgraderingar av IT-system, ny organisering av drift og leveransar og arbeidet med å redusere IT-tryggleiksrisiko. Vidare har fysisk tryggleik, risiko for uautorisert tilgang til lokale, personelltryggleik, tryggleik ved transportar og leveransar hatt målretta merksemnd.

Banken har gjennomført opplæringsprogram for dei tilsette for å auke tryggleiksmedvitet og kompetansen.

Når det gjeld kapitalforvaltinga, trekker hovudstyret fram at endringar i modellen for fordeling (allokering) av kapital til aktivaklassar og investeringsstrukturen er følgde både før og etter mandatendringar om auka aksjedel. Prosessane for oppdatering av referanseindeksar er vidareutvikla med konsekvensar for interne avgjerdsprosessar og betra høve for rapportering av resultat og risiko. Av andre risikoreduserande tiltak er det mellom anna etablert verktøy for å sikre informasjonsforvaltinga og arbeidet med ny IT-plattform.

Hovudstyret opplyser at det ikkje har vore avdekt vesentlege brot på lover og forskrifter i 2018. Hendingar blir følgde opp fortløpende, og ingen hendingar er vurderte å ha hatt alvorlege faktiske konsekvensar det siste året. Representantskapet har teke vurderinga frå hovudstyret av risikosituasjonen og internkontrollen i Noregs Bank for 2018 til etterretning.


GJENNOMGANG AV PROTOKOLLANE TIL HOVUDSTYRET

Alle protokollane frå møta i hovudstyret i 2018 er lagde fram for representantskapet. Behandlinga er eit viktig grunnlag for tilsynet til representantskapet og gir oversikt over saksomfanget til hovudstyret og vedtak i enkeltsaker. Sentralbanksjefen og visesentralbanksjefane har vore til stades i møta og greidd ut om sakene og protokollane til hovudstyret. Merksemda har vore spesielt retta mot etterleving av lov, mandat og retningslinjer. Under drøftingane er det stilt spørsmål om status på tiltak og utviklinga i risikobiletet det siste året.

Gjennom protokollane til hovudstyret er representantskapet gjort kjent med oppdateringa av det overordna rammeverket for styring og kontroll. På førespurnad er endringar i forretningsordenen til hovudstyret sende over og gjorde greie for. Det er mellom anna gjort ei presisering som tydeleggjer at hovudstyret har ansvar for å fastsetje strategiane for verksemda i Noregs Bank.

Representantskapet har fått opplysningar frå hovudstyret som det er bedt om i tilsynet. Sentralbanksjefen har gitt kontinuerlege vurderingar av risikosituasjonen og gjort greie for planlagde og gjennomførte tiltak. For representantskapet er det svært viktig å bli halde kontinuerleg orientert og involvert i stor nok grad.

Representantskapet har teke den samla vurderinga frå hovudstyret av risikosituasjonen og internkontrollen i Noregs Bank for 2018 til etterretning og meiner at det er etablert prosessar og rapportering som oppfyller krava i sentralbanklova og forskrift om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank.

FIGUR 1 STYRINGS- OG KONTROLLSTRUKTUR FOR NOREGS BANK

KAPITTEL 3

ORGANISERINGA AV TILSYNET MED NOREGS BANK

TILSYNSOPPDRAGET, RAMMER OG GJENNOMFØRING

GJELDANDE RAMMEVERK FOR ARBEIDET TIL REPRESENTANTSkapet

Det historiske lovgrunnlaget⁹ for å etablere representantskapet i Noregs Bank som eit stortingsoppnemnt styrings- og kontrollorgan er Grunnlova § 75c, som seier at Stortinget skal «føre oppsyn med pengestellet i riket».

Representantskapsmedlemmene er valde av Stortinget for å ha tilsyn og kontroll med Noregs Bank. Rapporteringa om arbeidet går direkte til Stortinget. Rolla til representantskapet er utvikla over tid. Etter gjeldande lov om Noregs Bank og pengevesenet mv. er representantskapet eitt av dei to øvste organa i banken. Organiseringa av tilsynet og forankringa av oppgåvene går i dag fram av sentralbanklova frå 1985 med seinare lovendringar og presiseringar i §§ 5, 7, 9, 29, 30 og 30a.

Styrings- og kontrollstrukturen for Noregs Bank er skissert i figur 1.

Hovudoppgåvene til representantskapet er

- å føre tilsyn med korleis hovudstyret styrer og kontrollerer Noregs Bank, inkludert korleis det fører tilsyn med drifta og med at reglane for verksemda blir følgde
- å vedta budsjett etter forslag frå hovudstyret
- å fastsetje årsrekneskapen som hovudstyret har utarbeidd
- å velje ekstern revisor og godkjenne planane og kostnadene til revisoren
- å gi fråsegn om protokollane til hovudstyret, tilsynet med Noregs Bank og saker som hovudstyret legg fram
- å fastsetje reglar for lån til tilsette
- å føre tilsyn med selskap som Noregs Bank heilt eller delvis eig

Representantskapet kan etter forslag frå hovudstyret avgjere at produksjon av pengesetlar og myntar eller anna forretningsverksemnd som fell inn under sentralbanklova, skal utøvast av selskap som Noregs Bank heilt eller delvis eig. Hovudstyret representerer banken som eigar i slike selskap, og representantskapet fører tilsyn.¹⁰

Minst éin gong i året skal representantskapet i samsvar med sentralbanklova § 30 fjerde ledd og § 5 femte ledd leggje fram fråsegn om protokollane til hovudstyret og tilsynet med Noregs Bank for Stortinget. Dette er grunnlaget for denne rapporten, og «uttalelsen om tilsynet med banken skal minst inneholde:

1. en redegjørelse for hvordan tilsynet med banken har vært organisert,
2. en redegjørelse for gjennomførte tilsynsaktiviteter og representantskapets prioriteringer i det videre tilsynsarbeidet,
3. en redegjørelse for tilsynet med bankens kapitalforvaltning,
4. representantskapets vurdering av hovedstyrets styring og kontroll med bankens administrasjon og virksomhet, jf. § 5 tredje ledd annet punktum,
5. en redegjørelse for representantskapets arbeid med vedtakelse av bankens budsjett og fastsettelse av regnskap, jf. § 5 fjerde ledd annet punktum,
6. eventuelle særlige merknader som tilsynet måtte gi grunnlag for.»

Hovudformålet med tilsynet er nedfelt i sentralbanklova § 5 fjerde ledd og omfattar heile verksemda til Noregs Bank: «Representantskapet skal føre tilsyn med bankens drift og med at reglene for bankens virksomhet blir fulgt. Representantskapet skal herunder føre tilsyn med at hovedstyret har tilfredsstillende styring og kontroll med bankens administrasjon og virksomhet, og med at det er etablert hensiktsmessige rutiner for å sikre at bankens virksomhet utøves i henhold til lov, avtaler, vedtak og rammeverk for øvrig.»

Med utgangspunkt i sentralbanklova har representantskapet fastsett rammer for eiga verksemd som omfattar forretningsorden for representantskapet, mandat for Den faste komité (DFK), instruks for tilsynssekreteriatet og stillingsinstruks for direktøren. Forretningsorden for representantskapet og mandat for Den faste komité blei sist gått gjennom og endra i 2016. I 2017 blei òg ei fornying av tilsynssekreteratsinstruksen godkjend.

Representantskapet står fritt til å gjennomføre undersøkingar på alle nivå og område i heile verksemda til

⁹ Frå Grunnlova av 1814 og lovgiving ved etableringa av Noregs Bank i 1816

¹⁰ Jf. sentralbanklova § 5 sjette ledd

Noregs Bank. Tilsynet med verksemda er basert på representantskapet sine eigne vurderingar av relevante risikoar og kor vesentlege dei er. Det omfattar å følgje med på om verksemda til Noregs Bank blir driven i samsvar med gjeldande lover og reglar, og å følgje med på risiko for omdømmetap og finansiell risiko. Eit uavhengig tilsyn er eit viktig bidrag for å sikre legitimitet, openheit og tillit i samfunnet til arbeidet både innanfor sentralbankverksemda og i kapitalforvaltinga.

I 2017 henta representantskapet inn ei juridisk utgreiing om handtering av reglane om eigenhandel og innsideinformasjon.¹¹ Representantskapsmedlemmene er ikkje omfatta av dei interne reglane i Noregs Bank for eigenhandel. Forbodet mot innsidehandel er lovregulert og omfattar alle som får opplysningar som kan definirast som «innsideinformasjon», inkludert representantskapsmedlemmene. Det kan særleg vere aktuelt ved behandling av saker om vedtaket i hovudstyret om uttrekk i selskap i SPU-forvaltinga. Representantskapet har oppmoda alle medlemmene om å vise varsemd, slik at ein ikkje bryt med føresagnene i verdipapirhandellova.

Som rammer for verksemda til Noregs Bank har representantskapet fastsett eit budsjettreglement for Noregs Bank, som er omtalt seinare i rapporten, og eit reglement for lån til tilsette i Noregs Bank¹². Sentralbanksjefen forvaltar låneordninga etter fullmakt frå representantskapet. Vidare har representantskapet etablert retningslinjer for tilsyn frå representantskapet med selskap som Noregs Bank eig, og som er knytte til egedomsinvesteringar i Statens pensjonsfond utland.

Mellom Riksrevisjonen og representantskapet i Noregs Bank er det inngått ein avtale om mellom anna arbeidsdeling og tilsynsansvar: «*Retningslinjer for informasjonsutveksling og koordinering av revisjon og tilsyn mellom Riksrevisjonen og Norges Banks representantskapet vedrørende Statens pensjonsfond utland.*»¹³

¹¹ Verdipapirhandellova §§ 3 og 8

¹² Vedteke 29. mai 2013. Noregs Bank kan i avgrensa utstrekning gi bustadlån og mindre, personlege lån til eigne tilsette i samsvar med sentralbanklova § 23 første ledd siste punkt.

¹³ Signert 1. desember 2010. Noregs Bank er underlagd ei eiga ordning for revisjon, jf. sentralbanklova § 30a. Riksrevisjonen kontrollerer ikkje Noregs Bank, men myndighetsutøvinga frå statsråden overfor banken, jf. sentralbanklova § 2 siste ledd siste punktum.

Hovudstyret er ansvarleg for verksemderifta og skal fastsetje strategien, målet og risikotoleransen til Noregs Bank. Det er vesentleg å halde på eit tydeleg skilje mellom ansvarsområdet til hovudstyret og rolla til representantskapet. Representantskapet står ikkje til ansvar for valahovudstyret tek, men skal sjå til at hovudstyret har etablert gode prosessar. Eit sentralt poeng i tilsynet er å sikre at hovudstyret og Noregs Bank behandler og vurderer vedtak som representantskapet har gjort.

Representantskapstilsynet omfattar ikkje det at hovudstyret utøver skjønnsmyndighet etter sentralbanklova.¹⁴ Det inneber at representantskapet ikkje behandler eller uttaler seg om hovudstyret sine vedtak om rentefastsetjingar, høyingsfråsegner eller faglege råd til politiske styremakter. Tilsynet med drifta vil likevel kunne omfatte prosessar og dokument i Noregs Bank som dannar eit grunnlag for råda og skjønnsutøvinga til hovudstyret. Representantskapet blir orientert om arbeidet til Noregs Bank på desse områda.

STRATEGI FOR TILSYNET

Tilsynet føreset brei kunnskap om verksemda til Noregs Bank, organiseringa av banken og rammeverket for styring og kontroll. Mål for tilsynet blir fastsette i lang-siktige plandokument, handlingsplanar og årlege tilsynsplanar. Det er etablert som eit overordna mål at representantskapet skal sikre demokratisk innsyn i og uavhengig kontroll med verksemda til Noregs Bank. Det skal vere ei brei oppfatning i Stortinget at representantskapet utøver eit kvalifisert og effektivt tilsyn med Noregs Bank i tråd med sentralbanklova og forventingane til Stortinget. Representantskapet skal bidra til at gjennomføringa av sentralbankoppgåver i Noregs Bank og forvaltinga av Statens pensjonsfond utland har høg tillit i samfunnet. Eit godt tilsyn som er gjennomført i tråd med relevante standardar og god internasjonal praksis, bidreg til ei positiv utvikling av styring og kontroll i Noregs Bank.

Eit mål for gjennomføringa av tilsynet med Noregs Bank og forvaltinga av Statens pensjonsfond utland er at representantskapet med alle tilgjengelege ressursar samla har høg kompetanse og stort engasjement for oppgåvene. Felles referansegrunnlag og regelmessige drøftingar av

¹⁴ Jf. § 5 fjerde ledd. Ei utgreiing til representantskapet i 2013 klargjorde tilsynsansvaret når det gjeld skjønnet til hovudstyret.

rolla og oppgåvene til representantskapet er viktig. Det er lagt vekt på integritet og objektivitet i arbeidsprosessar og rapportering. Dette omfattar òg samspelet mellom tilsynssektariatet, ekstern revisor og eksterne rådgivarar. Det er lagt vekt på kontinuerleg kompetanseoppbygging.

Representantskapet ønskjer openheit og ein tydeleg dialog om arbeidet sitt i kommunikasjonen med hovudstyret og leiinga i Noregs Bank, andre relevante revisjons-, kontroll- og tilsynsorgan og Finansdepartementet og Stortinget. Møte, rapportar og publisering av protokollar og annan informasjon bidreg til dette.

For tilsynssektariatet legg ein vekt på eit sterkt fagmiljø som er prega av verdiane til Noregs Bank: lagånd, integritet, nyskapning og kvalitet. Kompetanseutvikling er viktig for å kunne forstå og vurdere sentrale utviklingstrekk og behalde kompetente medarbeidarar. Utviklingsmogleheitene ligg i gode faglege nettverk, tilgang til spesialistressursar og hyppig kontakt med leiinga og verksemderområda til banken.

GJENNOMFØRING AV TILSYNSARBEIDET

Tilsynet blir gjennomført på overordna nivå ved behandling av framlagde saker i møta. Det blir kalla inn til møta etter ein fastsett møteplan. Ein kan òg kalle inn til møte ved særskilt behov eller når minst fem medlemmer eller hovudstyret krev det.¹⁵

Sentralbankleiinga skal vere til stades i møta. Det gir representantskapet høve til å stille spørsmål og legge fram problemstillingar som krev utdjupande utgreiingar. Utgreiingane i møta skal protokollførast og kan føre til vidare tilsynsarbeid.

Direktøren i tilsynssektariatet er til stades under behandlinga av fleire saker i hovudstyret og revisjonsutvalet. Det er ei viktig kjelde til informasjon om verksemda i Noregs Bank i saker som er relevante for tilsynsarbeidet. Tilsynssektariatet sørger for at representantskapet har ein god relasjon til og kontakt med hovudstyret og sentralbankleiinga. Det er faste møte med sentralbankleiinga, verksemderområda, kontroll- og etterlevingsfunksjonar, risikostyringsfunksjonar, internrevisjonen og ekstern revisor.

¹⁵ Jf. sentralbanklova § 7

Rapporteringa frå internrevisjonen til revisjonsutvalet og hovudstyret blir gjennomgått.

Tilsynssektariatet får gjennom arbeidet omfattande innsyn i og kunnskap om verksemda i Noregs Bank. Tilsynet går ut på å observere, spørje, drøfte, vurdere og rapportere. Det er nødvendig for at representantskapet kan bli halde kontinuerleg orientert om vesentlege forhold som er viktige for tilsynet. Merksemda i det kontinuerlege tilsynsarbeidet er retta mot korleis hovudstyret følgjer opp etterleving, risikostyring, verksemderstyring og ressursbruk. Observasjonar frå det kontinuerlege tilsynet kan påverke planlagde tilsynsgjennomgangar.

I samband med representantskapsmøta går tilsynssektariatet gjennom saker som blir lagde fram av hovudstyret, og koordinerer med sekretariatet til hovudstyret. Det blir utarbeidd tilleggsinformasjon og faglege vurderinger i separate notat eller momentlister som utfyller sakene og kan gi innspel til behandlinga i representantskapet.

Figur 2 beskriv arbeidsprosessen i representantskapet fram til fullføringa av Dokument 9 til Stortinget.


Tilsyns- og kontrolloppgåvene skal utførast i samsvar med relevante faglege standardar og instruksar og retningslinjer som er gitt av representantskapet. Det er ikkje etablert nokon eintydig internasjonalt anerkjend standard for tilsyn med sentralbankar, men tilsynssektariatet følgjer utviklinga hos sentralbankar, andre samanliknbare verksemder og relevante standardsetjarar som BIS¹⁶, OECD¹⁷ og Den europeiske sentralbanken. Tilsynsmetodikken kan òg byggje på praksis hos relevante institusjonar. Liknande fagområde i Noreg er Finanstilsynets metodikk og rapportering av tilsynsarbeid retta mot bank og finans og Riksrevisjonens metodikk for forvaltingsrevisjon. Vidare er internasjonale standardar for internrevisjon¹⁸ og ekstern revisjon¹⁹ aktuelle rammer for metodisk tilnærming i tilsynet.


¹⁶ BIS Bank for International Settlements, inkludert Basel Committee on Banking Supervision, Core Principles for Effective Banking Supervision (Core Principles) frå 2012

¹⁷ OECD The Organisation for Economic Co-operation and Development

¹⁸ The Institute of Internal Auditor (IIA) sine etiske reglar og standardar for profesjonell utøving av internrevisjon

¹⁹ Dei mest relevante standardane er ISAE 3000-serien, International Standard on Assurance Engagement.

FIGUR 2 ARBEIDSPROSESSEN TIL REPRESENTANTSkapET

FIGUR 3 GJENNOMFØRING AV TILSYN OG PROSESS FOR RAPPORTERING

For utvalde tema blir det utført tilsynsgjennomgangar eller utgreiingar med eigne rapportar som blir behandla i representantskapet. I gjennomgangane blir det utarbeidd vurderingskriterium som tek utgangspunkt i eit overordna mål- og risikobilete og krav til Noregs Bank frå eit formelt rammeverk. Prosessane til Noregs Bank for handtering av ulike risikoar ved å måle dei mot standardar eller anerkjend praksis i samanliknare verksemder blir vurderte. Rammeverket for risikostyring (COSO ERM) blir lagt til grunn. Informasjon om krav i interne styringsrammeverk og organiseringa av arbeidet til hovudstyret blir henta inn i møte og ved å gå gjennom dokument. Vurderingspunkt i rapportane er observerte forskjellar mellom praksisen til Noregs Bank og samanlikningsgrunnlaget som er valt i gjennomgangen. Risikoforhold blir analysert og drøfta. Det blir gitt konklusjonar på om etablert praksis i Noregs Bank blir rekna som tilfredsstillande.

Representantskapet behandler rapportar frå tilsynsgjennomgangar, attestasjonsoppdrag og utgreiingar. Gjennom tilsynet er det viktig for representantskapet å avklare sentrale fullmakts- og ansvarsforhold. Rapportar frå tilsynsgjennomgangar og attestasjonsfråsegner blir sende til hovudstyret, og representantskapet ber hovudstyret svare på utgreiingar, spørsmål og tilrådingar som er knytte til vurderingane. Det er viktig at vurderingane i tilsynsgjennomgangane er tydelege. Svara frå hovudstyret blir følgde opp.

Hovudstyret blir bedt om å gjere greie for vurderingar, og det er særleg viktig at vektlegging av risikoar og kontrolltiltak kjem fram. Representantskapet forventar at risikoar blir diskuterte, og at eventuelle påpeikte avvik eller brot blir følgde opp. I drofingar mellom dei to øvste organa i Noregs Bank er det rom for å stille spørsmål ved prosessar og løysingar.

Figur 3 viser prosessar for gjennomføring av kontinuerleg tilsyn og tilsynsgjennomgangar med utgangspunkt i godkjend tilsynsplana.

VERKEMIDDEL I TILSYNET – RAPPORTERING OG OPENHEIT

Rapporten til Stortinget (Dokument 9) er utforma med sikte på å gi eit heilskapleg bilet av oppgåvene til representantskapet, vurderingar av kontrollstrukturen til Noregs Bank og gjennomført tilsynsarbeid. I rapportane gjer representantskapet greie for merknadene gjennom året, oppfølging frå hovudstyret av tilsynskommentarar og eventuelle uavklarte spørsmål som skal følgjast opp vidare. Det er dermed Stortinget som tek endeleg stilling til saker og problemstillingar der det er tydeleg usemje mellom hovudstyret i Noregs Bank og representantskapet som tilsynsorgan.

Representantskapet erfarer at det er stor offentleg interesse for verksemda i Noregs Bank og gjennomføringa av tilsynet. Openheit om arbeidet blir praktisert innanfor dei rammene og avgrensingane som mellom anna følgjer av sentralbanklova og anna relevant rammeverk for verksemda til Noregs Bank.

Godkjende protokollar frå møta blir gjorde offentleg tilgjengelege på heimesidene til representantskapet.²⁰ Publiseringa skjer i samsvar med føresegnene i offentleglova. I møteprotokollane kjem det fram vedtak, eventuelle spørsmål eller påpeiking av risikoforhold, andre merknader og utgreiingar frå sentralbanksjefen. Saksdokument frå behandlinga i møta er unntekne offentleg innsyn etter offentleglova § 14 om organinterne dokument med mindre anna går fram av kvart enkelt dokument.

Attestasjonsfråsegner som er lagde fram etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, blir gjorde offentleg tilgjengelege når dei blir sende til Finansdepartementet og publiserte.

Medlemmene er underlagde føresegnene i sentralbanklova § 12 om teieplikt. I samsvar med forretningsordenen til representantskapet er det leiaren eller den som leiaren peiker ut, som uttaler seg offentleg på vegner av representantskapet.

Elles viser vi til høyingsfråsegner og brev frå representantskapet som mellom anna er omtalte seinare i rapporten.

²⁰ Sjå www.norges-bank.no/representantskapet eller www.representantskapet.no.

KAPITTEL 4

ENDRINGAR I LOV OM NORGE S BANK OG PENGEVESENET – NY SENTRALBANKLOV

OPPFØLGING FRÅ REPRESENTANTSKAPET AV NOU 2017:13

I 2017 kom representantskapet med ei høyringsfråsegn til Nou 2017:13 om ny sentralbanklov og organiseringa av Noregs Bank.

Høyringsfråsegna er omtalt i Dokument 9 (2017–2018), kapittel 9.

MELD. ST. 7 (2018–2019) OM NY SENTRALBANKLOV

Meld. St. 7 (2018–2019) frå Finansdepartementet blei godkjend i statsråd 19. oktober 2018 og send til Stortinget.

Bakgrunnen for meldinga er eit ønske om å forankre viktige vegval i Stortinget før lovproposisjonen skal leggjast fram. I etterkant av meldinga bad Finansdepartementet representantskapet om å komme med innspel til styringsmodellen for Noregs Bank og forvaltinga av Statens pensjonsfond utland, som regjeringa ber om tilslutning frå Stortinget til i Meld. St. 7 (2018–2019).²¹

Svarbrevet frå representantskapet blei sendt til Finansdepartementet 7. januar 2019 med kopi til Riksrevisjonen. Brevet er teke med i vedlegg 2 til denne rapporten og er publisert på nettsidene til representantskapet.²²

Representantskapet meiner at det gir ein god prosess når departementet i brev ønskjer tilbakemelding på forslaget til styringsmodell og viktige tilsynsfaglege spørsmål i ny lov frå det organet som har tilsynsoppgåva etter gjeldande lov.

Representantskapet har òg ved dette høvet gitt ei fråsegn som omfattar oppgåvene og ansvaret til dei styrande organa. Lovendringar i styringsmodellen er kommenterte med utgangspunkt i eventuelle konsekvensar for tilsynsrolla.

Stortinget behandla Meld. St. 7 (2018–2019) 19. februar 2019, jf. Innst. 165 S (2018–2019). Representantskapet følger lovprosessen og stortingsbehandlinga tett og er førebudd på å utvikle kontroll- og tilsynsansvaret overfor Noregs Bank i tråd med krava i den nye lovgivinga. Ein

har mellom anna merkt seg at det blir lagt stor vekt på eit aktivt og risikobasert tilsyn, og at kontinuerleg kompetanseutvikling bør prioriterast. Nærmore omtalar er gitt i denne rapporten i kapittel 3, om organisering av tilsynet, og i kapittel 10, om prioriteringane til representantskapet.

OM GRUNNLOVA § 75 C

I samanheng med høyringsfråsegna i 2017 henta representantskapet inn ei utgreiing frå Eivind Smith, professor i rettsvitenskap ved Universitetet i Oslo, om tydinga av Grunnlova (Grl.) § 75 første ledd bokstav c: «*Det høyrer Stortinget til [...] å føre oppsyn med pengestallet i riket[.]*»²³

Kva som ligg i føresegna i § 75c, er drøfta i ei tolkingsfråsegn 22. juli 2018 frå lovavdelinga til Justisdepartementet på førespurnad frå Finansdepartementet. Spørsmålet om det vil vere i strid med Grunnlova å oppheve ordninga med eit stortingsoppnemnt tilsynsorgan, var eit av temaat som blei vurderte. Lovavdelinga presiserer at fråsegna berre dreier seg om dei konstitusjonelle rammene, ikkje om kva slags ordningar ein bør føretrekkje innanfor slike rammer.

Lovavdelinga meinte mellom anna at «*[u]t fra den historiske bakgrunnen for vedtakelsen av Grunnloven § 75 bokstav c og den avgrensningen av grunnlovsbestemmelsen som vi har lagt til grunn foran, vil det etter vårt syn være dekkende å si at formålet med grunnlovsbestemmelsen er å sikre en særlig demokratisk kontroll med pengepolitikken. Denne kontrollen omfatter både målsetningen for pengepolitikken og de virkemidlene som nyttes for å nå målene. [...] Stortinget kan ikke gjennom lov avskjære seg selv fra muligheten til å utøve denne grunnlovbestemte myndigheten.*»

I ei vurdering av om Statens pensjonsfond utland kan vere omfatta av omgrepet «pengestallet i riket» blei det konkludert slik: «*Samlet sett synes ikke forvaltningen av SPU, slik målene for fondet i dag er angitt, å være av en slik karakter at den er omfattet av betegnelsen «rikets pengevesen». Etter vårt syn vil konklusjonen gjelde uavhengig av i hvilken grad forvaltningen av fondet knyttes til Norges Banks organisasjon.»*

²¹ Brev frå Finansdepartementet 5. desember 2018

²² https://www.norges-bank.no/contentassets/2de5d5189c67476f9d59220f784acdf9/oppfolging_meld7_2018-19.pdf

²³ Utgreiinga til Smith frå 25. september 2017 er publisert på nettsida til representantskapet, https://www.norges-bank.no/contentassets/2de5d5189c67476f9d59220f784acdf9/notat_smith.pdf.

Representantskapet retta i 2018 ein ny førespurnad til professor Eivind Smith om synet hans på tolkingsfråsegna frå lovavdelinga til Justisdepartementet, sett i samanheng med den tidlegare utgreiinga om Grunnlova § 75c.²⁴

Smith seier følgjande i oppsummeringa:

«[D]et er viktig å minne om at Grunnloven § 75 c – uansett tolkning – ikke kan gjøre noe mer enn å legge visse rammer for organiseringen av Norges Bank og av tilsynsfunksjonen under en ny lov. Innenfor disse rammene bør andre typer av argumenter tillegges avgjørende vekt. Slike argumenter kan f.eks. tilsi at en ordning som er beslektet med dagens, bør opprettholdes uavhengig av hva man måtte mene om grunnlovens innhold på dette punkt.

I denne sammenhengen velger jeg særlig å fremheve vekten av den mer enn to hundre år gamle tradisjonen som argument for fortsatt å ha et stortingsoppnevnt representantskap. I en ny tid bør en slik tradisjon imidlertid bare tillegges stor eller utslagsgivende vekt i den grad den kan tjene til å bevare og videreutvikle en sentral rolle for vårt høyeste folkevalgte organ i den demokratiske kontrollen med pengepolitikken.»

Representantskapet har merka seg at formålet med grunnlovsføresegna er å sikre særleg demokratisk kontroll med pengepolitikken, og at Stortinget samla sett må ha eit godt nok grunnlag for å føre forsvarleg tilsyn uavhengig av organiseringa av Noregs Bank og forvaltinga av Statens pensjonsfond utland.

²⁴ Utgreiinga til Smith frå 31. august 2018 er publisert på nettsida til representantskapet, https://www.norges-bank.no/contentassets/2de5d5189c67476f9d59220f784acdf9smith_grl75c.pdf.

KAPITTEL 5

TILSYN MED OVERORDNA STYRING OG KONTROLL I NOREGS BANK I 2018

STYRING OG ORGANISERING AV VERKSEMADA TIL NOREGS BANK

ORGANISERINGA AV HOVUDSTYRET

Hovudstyret har ansvar for alle delar av verksemada til Noregs Bank. I hovudstyret er det åtte medlemmer og to varamedlemmer som er oppnemnde av Kongen i statsråd.²⁵ Sentralbanksjefen, som er leiar i hovudstyret, og dei to visesentralbanksjefane, som er første og andre nestleiar i hovudstyret, blir tilsette i heiltidsstillingar for seks år.²⁶ Fem eksterne medlemmer og to varamedlemmer blir oppnemnde for fire år. Varamedlemmene møter fast i hovudstyret og har talerett. To tilsettvalde medlemmer og varamedlemmene deltek ved behandlinga av administrative saker.

Godtgjersla og pensjonen til sentralbanksjefen og visesentralbanksjefane og godtgjersla til dei andre eksterne medlemmene og varamedlemmene blir fastsett av Kongen.²⁷

Finansdepartementet har fastsett forskrift om habilitet for hovudstyret i Noregs Bank som gjeld for sentralbanksjefen, visesentralbanksjefane og dei andre hovudstyremedlemmene og vararepresentantane.²⁸ Hovudstyret har fastsett ein forretningsorden for arbeidet, og denne forretningsordenen blir vurdert årleg.²⁹ I 2018 blei det gjort tekstlege presiseringar om kva ansvar hovudstyret har i forvaltinga av SPU. Hovudstyret har òg fastsett etiske prinsipp for dei eksterne hovudstyremedlemmene i Noregs Bank og etiske prinsipp for tilsette i Noregs Bank.³⁰ Det er fastsett nye eigenhandelsreglar som er tilpassa dei etiske prinsippa til hovudstyret og endringar i verdipapirhandelova.

Avgjerder av strategisk eller prinsipiell art er det hovudstyret som tek. Sentralbanksjefen eller andre som på avgrensa område får myndigkeit til å avgjere saker, kan få

særskilde fullmakter.³¹ Delegert myndigkeit blir følgd opp gjennom regulær rapportering.

Sentralbanksjefen kan etter ei generalfullmakt i forretningsordenen til hovudstyret avgjere ei sak som høyrer under hovudstyret, når det er nødvendig å gjere vedtak straks, og når det ikkje er tid eller høve til å kalle saman hovudstyret for å avgjere saka. Denne myndigheita kan ikkje delegerast vidare. Slik avgjerd skal leggjast fram for hovudstyret så snart råd er.

Elles blir alle saker behandla i møte, og det blir ført protokollar som blir gjorde offentleg tilgjengelege. Protokollane skal sendast til representantskapet etter at hovudstyret har godkjent dei.³² Protokollane får mykje merksam i representantskapstilsynet. Finansdepartementet og Riksrevisjonen får protokollane etter kvart som dei er klare. Representantskapet blir orientert om eventuelle nye og endra retningslinjer gjennom behandlinga av hovudstyreprotokollane, tilsende saker og utgreiingar i møta.

Hovudstyret har etablert og gitt mandat til fire saksforebuande og rådgivande underutval. I 2018 gjekk hovudstyret gjennom mandata og fastsette endringar som mellom anna omfattar fellesmøte mellom utvala for å dekkje behovet for å koordinere arbeidet. Verksemada til utvala påverkar ikkje ansvaret til dei enkelte styremedlemmene eller ansvaret til det samla hovudstyret. Referata frå saksbehandlinga i utvalet blir behandla av hovudstyret.

Oppgåvene til dei fire utvala:

- *Revisjonsutvalet* har ansvar for oppfølging, tilsyn og kontroll med rekneskapsrapportering, operasjonell risiko, etterleving og systema for risikostyring og intern kontroll. Utvalet er etablert i samsvar med forskrift om risikostyring og internkontroll for Noregs Bank.³³

²⁵ Sentralbanklova §§ 6 og 9

²⁶ Sentralbanklova § 6 andre ledd andre setning

²⁷ Sentralbanklova § 6 siste ledd

²⁸ Forskrifta regulerar verksemdaavgrensingar, interesseavgrensingar, eigenhandel, innsidegrular og opplysningsplikt.


²⁹ Sist endra 20. juni 2018

³⁰ For sentralbanksjefen, visesentralbanksjefane og tilsettere representantane gjeld dei etiske prinsippa for tilsette i Noregs Bank som hovudstyret har fastsett.

³¹ Sentralbanklova § 10

³² Jf. sentralbanklova § 30: Representantskapet skal minst éin gong i året leggje fram for Stortinget ei fråsegn om hovudstyreprotokollane og tilsynet med banken, jf. § 5 fjerde ledd femte punktum.

³³ Jf. forskrift om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank § 10 (internkontrollforskrifta).

FIGUR 4 ORANISASJONSKART NOREGS BANK

- *Risiko- og investeringsutvalet* skal bidra til å styrke og effektivisere arbeidet til hovudstyret med investeringsstrategi, gjeldande eksponering, vurderingar av resultat og fastsetjing og utnytting av risikorammer og investeringsavgjørder som er særleg store og viktige.
- *Kompensasjonsutvalet* skal bidra til grundig og uavhengig behandling av saker som gjeld lønns- og godtgjersleordningane til banken.³⁴
- *Eigarskapsutvalet* skal førebu behandling i hovudstyret av saker som gjeld den ansvarlege forvaltingsverksemda til banken og avgjørder om uteleting og observasjon av selskap frå investeringsuniverset for Statens pensjonsfond utland (SPU).

Kvart utval har tre medlemmer som er oppnemnde blant medlemmene og varamedlemmene i hovudstyret for to år. For revisjonsutvalet er det eit krav i internkontrollforskrifta at leiaren og medlemmene skal veljast av og blant dei eksterne medlemmene i hovudstyret. Kompensasjonsutvalet blir leidd av ein ekstern hovudstyremedlem. Andre visesentralbanksjef er leiari av risiko- og investeringsutvalet og eigarskapsutvalet.

Det er etablert eit sentralt leiarforum (SLF) som består av sentralbanksjefen (leiari), begge visesentralbanksjefane, direktøren og nestleieren i Norges Bank Investment Management (NBIM) og direktøren for eigedomsforvaltinga Norges Bank Real Estate Management (NBREM). I tillegg møter normalt stabsdirektøren, den juridiske direktøren og kommunikasjonsdirektøren. Det sentrale leiarforumet er eit rådgivande forum for sentralbanksjefen. Her drøftar ein saker på område der det er behov for at sentralbanksjefen gjer vedtak eller fastset retningslinjer som får verknad for begge verksemder til banken. SLF skal vidare drøfte saker som er viktige for heile verksemda, som skal behandlast i hovudstyret i Norges Bank, inkludert fastsetjing av eller endringar i overordna prinsipp frå hovudstyret for den samla verksemda.

Direktøren for den sentrale staben rapporterer til sentralbanksjefen. Staben skal vere sekretariat, yte administrativ

støtte til leiinga, hovudstyret og underutvala til hovudstyret og stå for kontakten med internrevisjonen og tilsynskretariatet. Den sentrale staben skal sikre konsistens mellom dei felles styringsdokumenta som hovudstyret og sentralbanksjefen har vedteke. Arbeidet omfattar òg oppfølging av det juridiske rammeverket for sentralbanken og den eksterne kommunikasjonen til hovudstyret.

Representantskapet meiner at hovudstyret har etablert ein god styringsstruktur for det øvste nivået i Noregs Bank.

VERKSEMD SOMRÅDA I NOREGS BANK

Ifølgje sentralbanklova skal hovudstyret leie verksemda og forvalte midlane til Noregs Bank. Hovudstyret etablerer rammer og prinsipp og har fleksibilitet til å organisere verksemda i banken slik at ho er tilpassa oppgåvene og måla. Noregs Bank er etter den gjeldande sentralbanklova uavhengig av statsstyresmaktene på område der hovudstyret har avgjerdsmyndighet. Det omfattar i første rekke verkemiddelbruken i pengepolitikken og arbeidet med finansiell stabilitet.

Noregs Bank er éi juridisk eining. Oppgåvene blir gjorde innanfor dei to verksemder sentralbankverksemda (SBV) og kapitalforvaltinga i NBIM. Verksemder område har hovudsete i Oslo og er samlokaliserte der. I tillegg er det etablert internasjonale kontor i tilknyting til kapitalforvaltinga. Sjå organisasjonskartet i figur 4.

SBV og NBIM har ulike oppgåver, og ein må sjå den valde organiseringa på denne bakgrunnen. På enkelte område er det behov for eit felles regelverk. Hovudstyret (gjennom prinsipp) eller sentralbanksjefen (gjennom retningslinjer) vedtek felles reguleringar for den samla verksemda og i tillegg enkelte reguleringar og instruksar for kvart verksemder område. Mandatet for SPU frå Finansdepartementet seier at fleire rammer innanfor forvaltinga skal fastsetjast av hovudstyret.

Sentralbanksjefen leier administrasjonen til Noregs Bank og har det overordna ansvaret for å gjennomføre vedtak. Det er etablert praksis at hovudstyret tilset avdelingsdirektøren for kvar av dei fire avdelingane i sentralbankverksemda, direktøren for internrevisjonen, kommunikasjonsdirektøren og den juridiske direktøren i tillegg til direktøren for NBIM og direktøren for NBREM. Det samla og

³⁴ Jf. mellom anna mandat for SPU § 5-2 om retningslinjer og rammer for godtgjersle.

FIGUR 5 KONTROLLMODELL I NOREGS BANK (FORSVARSLINJER)

overordna ansvaret for forvaltinga av SPU er delegert til direktøren for NBIM, som òg har ansvar for saksframlegg innanfor området sitt.

Sentralbanksjefen fastset retningslinjer for sentralbankverksemda, og direktøren for NBIM fastset retningslinjer for kapitalforvaltinga, inkludert oppfølging av eksterne regulatoriske krav mv.

Representantskapstilsynet med sentralbankverksemda og kapitalforvaltinga i 2018 er omtalt i kapittel 4 og 5 seinare i rapporten.

STYRING AV VERKSEMADA PÅ OVERORDNA NIVÅ

Sentralbankverksemda og forvaltinga av Statens pensjonsfond utland blir gjennomført i tråd med etablerte strategiar, mål og styringssystem. Gjennom ulike rapportar frå hovudstyret og munnlege orienteringar i møta har representantskapet følgt utviklinga i organiseringa av arbeidet gjennom 2018. Representantskapet ser til at hovudstyret har god styring og kontroll både på eit samla overordna nivå og innanfor kvart av verksemdsområda, i tråd med det gjeldande regelverket.

Hovudstyret fastset treårige overordna strategiplanar som beskriv utfordringar og satsingsområde. Vidare behandlar hovudstyret strategiane til verksemdsområda. Den gjeldande strategiperioden er 2017–2019. Saman med lovpålagde krav og interne retningslinjer retninga for utviklinga av Noregs Bank og for korleis oppdraget med å forvalte Statens pensjonsfond utland skal løysast.³⁵

Oppnåinga av mål og gjennomføringa av handlingsplanane i strategiane blir rapportert gjennom periodiske verksemdsrapportar og budsjettstatus frå hovudstyret til representantskapet.

Hovudstyret har vedteke hovudprinsippa for risikostyringa i Noregs Bank basert på forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank frå Finansdepartementet. Prinsippa skal gi retning for ei systematisk og heilskapleg tilnærming. Hovudstyret fastset risikoprofilen og risikorammene samla og for kvart verksemdsområde. Risikostyringa skal vere ein integrert prosess i verksemdsstyringa

³⁵ Jf. mandat for SPU § 1-7.

som bidreg til å skape balanse mellom mål, risiko og kontrolltiltak. Sentralbanksjefen og leiaren for kapitalforvaltinga skal sørge for å etablere ei forsvarleg risikostyring og ein forsvarleg internkontroll på bakgrunn av ei vurdering av aktuelle risikoar etter retningslinjer som hovudstyret har fastsett. Verksemdsområda rapporterer regelmessig om operasjonell risikostyring og etterleving. Kritiske hendingar skal rapporterast straks.

Figur 5 viser kontrollmodellen til Noregs Bank.

Rolle- og ansvarsdelinga innanfor risikostyringssystemet er organisert langs tre «forsvarslinjer», og det er gitt rammer og retningslinjer for risikostyring og kontroll på alle nivå. Risikostyrings- og kontrollmodellen til Noregs Bank følgjer anerkjend internasjonal praksis.³⁶

Den første forsvarslinja er operativt nivå, som er det utførande leddet og har ansvar for at risikostyrings- og kontrollaktivitetar blir gjennomførte. Risikovurdering og etterleving skal vere ein integrert del av forretningsprosessane og omfattar òg styring av utkontrakte tenester.

Den andre forsvarslinja er sentrale funksjonar for risikostyring og regeletterleving, tryggleik og finansiell kontroll. Desse funksjonane bidreg til å støtte risikostyringa i avdelingane på operativt nivå gjennom rapporteringsverktøy og ved å vurdere kvaliteten i kontrollstrukturane. Etterlevingsfunksjonar³⁷ koordinerer rapportering til leininga og hovudstyret. Det er etablert nødvendige rapporteringslinjer direkte til den øvste leininga i banken.

Den tredje forsvarslinja i modellen er internrevisjonen. Han er etablert av hovudstyret med utgangspunkt i krav i sentralbanklova og internkontrollforskrifta. Internrevisjonen skal støtte oppfølginga frå hovudstyret gjennom å gi vurderinger og råd om verksemstsstyringa, risikostyringa og internkontrollen til banken. Internrevisjonen baserer vurderingane og råda på observasjonar frå gjennomførte revisjonsprosjekt og på kunnskap som er opparbeidd gjennom å følgje jamleg med på verksemda.

³⁶ Tre forsvarslinjer-modellen, «The Three Lines of Defence Model»: <https://www.iiia.org.uk/resources/audit-committees/governance-of-risk-three-lines-of-defence/>.

³⁷ GRC – Governance, Risk and Compliance – i sentralbankverksemda og Compliance i NBIM og NBREM

Oppgåvene blir utførte i samsvar med instruks fra hovudstyret og internasjonale standardar for internrevisjonsutøving.³⁸ Instruksen krev at internrevisjonen sin objektivitet i arbeidet følger standardane. I tråd med standardane skal ei ekstern evaluering av internrevisjonsavdelinga utførast minst kvart femte år. Det ble gjennomført i 2018, og sett opp mot god praksis er det gitt enkelte tilrådingar som kan styrke arbeidet til internrevisjonen. Hovudstyret fastsette enkelte presiseringar i instruksen mellom anna for å tydeleggjere rolla til internrevisjonen overfor andre kontrollfunksjonar i verksemderområda.

Direktøren for internrevisjonen blir tilsett av hovudstyret og rapporterer administrativt til sentralbanksjefen. Hovudstyret fastset arbeidsplanar, og internrevisjonen rapporterer om vurderingane sine og konklusjonar i arbeidet til hovudstyret. Revisjonsutvalet behandler rapportar og saker frå internrevisjonen. I samsvar med internkontrollforskrifta skal direktøren for internrevisjonen ha rett til å møte i hovudstyremøta og har òg høve til å møte i underutvala til hovudstyret. Internrevisjonen skal gi revisjonsutvalet nødvendig hjelp og vere sekretariatet til utvalet.

Leiaren i revisjonsutvalet og direktøren for internrevisjonen har presentert oppfølginga frå revisjonsutvalet av arbeidet til internrevisjonen og dei årlege revisjonsplanane for representantskapet. Representantskapet er kontinuerleg orientert om rapporteringa frå internrevisjonen gjennom hovudstyreprotokollane.

Etter representantskapet sitt syn legg den etablerte kontrollmodellen i banken til rette for å oppnå tilfredsstillande internkontroll med arbeidsdeling og stor nok uavhengigkeit mellom avgjerdstakarar, kontrollerande og rapporterande funksjonar.

KONTINUERLEG TILSYN

NYE OVERORDNA RETNINGSLINJER

Det nye personopplysningsregelverket tok til å gjelde 20. juli 2018.³⁹ Regelverket medfører nye plikter for Noregs Bank og gir rettar til personar som banken har opplysningar om. Personopplysningsregelverket og dei interne systema som skal sikre etterleving, er omfattande. Det er gjennomført opplærings- og informasjonsaktivitetar for dei tilsette om regelverk og plikter. Personvernombodet er utnemnt og meldt til Datatilsynet.

Den nye lova om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering (kvitvaskingslova) og kvitvaskingsforskrifta tok til å gjelde 15. oktober 2018.⁴⁰ Lova og forskrifta legg vekt på ei risikobasert tilnærming i antikvitvaskingsarbeidet og stiller krav til dokumentasjon av risikovurderingar, rutinar og kontrollar. Sentralbankverksemda og kapitalforvaltinga har vurdert verksemda og det interne regelverket mot krava. Vurderinga til banken er at regelverket er aktuelt ved innveksling av tilbaketrekte betalingsmiddel og erstatning for bortkomne, brende eller skadde setlar og i heilt spesielle tilfelle ved gjennomføring av betalingsoppgjer i NBO og ved deponering av midlar etter deponeringslova.

Representantskapet fører tilsyn med at Noregs Bank rettar seg etter denne lova.⁴¹ Risikovurderingar og metodisk tilnærming vil bli nærmare utarbeidd i samanheng med ein tilsynsgjennomgang i 2019.

STYRING AV TRYGGLEIK

Tryggleiksstyring, beredskapsplanlegging og handtering av kriser har høg prioritet. Noregs Bank er underlagd tryggleikslova og dokumentverninstrukturen. Hovudstyret, sentralbanksjefen og direktøren for NBIM har fastsett utfyllande retningslinjer nedover i organisasjonen.

Representantskapet er einig med hovudstyret i at det er svært viktig å sikre dei samfunnskritiske verdiane til Noregs Bank. I tillegg legg ein stor vekt på tryggleiken til dei tilsette og sikring av IT-system.

³⁸ Jf. lov om behandling av personopplysningar, særleg kapittel 3.

³⁹ Lova gjeld for Noregs Bank etter § 4 (1) bokstav d.

⁴⁰ Utleidd av lova § 43 (2) og representantskapets tilsynsoppgåver etter sentralbanklova

I representantskapsmøta er det ofte bedt om utgjeingar i saker om desse temaat.

Hovudstyret har fastsett prinsipp for tryggleik, beredskap og krisehandtering. Ein felles overordna beredskapsplan er etablert med beskriving av kriseorganisasjonen i Noregs Bank. Sentralbanksjefen har fastsett retningslinjer for fysisk tryggleik som utdjudar prinsippa til hovudstyret. Det blir gjennomført faste øvingar, og i 2018 gjekk alle tilsette gjennom eit «Awareness»-program for tryggleiksopplæring. Programmet blir ført vidare i 2019.

Tryggleiksavdelinga til Noregs Bank samarbeider med og utvekslar informasjon med nasjonale tryggleikstenester, politiet og andre relevante aktørar nasjonalt og internasjonalt. Det er etablert eit nettverk mellom sentralbankar. Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) fører tilsyn med det førebyggjande tryggleiksarbeidet i verksemder som tryggleikslova gjeld for, inkludert Noregs Bank. Banken har lagt stort vekt på å etterleve den nye lova om nasjonal tryggleik, som tok til å gjelde 1. januar 2019.

Sentralbanken arbeider systematisk med tryggleik. Utgangspunktet er det aktuelle trusselbiletet. Det finst omfattande planar, instruksar og avtalar som skal førebyggje og handtere dei mest ekstreme situasjonane. Noregs Bank som sentral samfunnsinstitusjon har dei beste føresetnadene for å sikre verdiane sine.

Verksemdsområda orienterer jamleg hovudstyret om korleis tryggleiksrisikoene blir teken hand om. Tryggleiksmiljøet til banken utarbeider ein årleg strategisk analyse av dei mest relevante truslane for Noregs Bank. Nødvendige endringar i prosessar og kontrollrutinar blir gjennomførte.

Representantskapet er oppteke av at risikoanalysar og trusselvurderingar er realistiske. Rammene for arbeidet og rapporteringa om etterleving blir nøyne følgde. Prioriteringane for å styrke tryggleiken og beredskapen blir jamleg drøfta i representantskapsmøta. Representantskapet har følgt rapporteringa om tryggleikstyringa i 2018 og har fått presentert den strategiske trusselanalyisen med dei mest relevante truslane som kan ramme Noregs Bank og dei tilsette. Det er òg orientert om tryggleikstiltak og gjort greie for arbeidet i tryggleiksavdelinga. Representantskapet har mellom anna drøfta forhold som gjeld personelltryggleik,

fysisk tryggleik ved banklokalitetane, IT-tryggleik og tryggleiksrisiko hos leverandørar. I det vidare tilsynsarbeidet vil vi vere spesielt merksame på desse problemstillingane.

Ressursar til tryggleikstiltak blir løyvd gjennom årlege budsjett. I ekstraordinære situasjoner kan hovudstyret dekkje kostnader for å sikre liv, helse og andre vesentlege verdiar utan noko særskilt løyve, men med etterfølgjande rapportering til representantskapet. Det er ikkje rapportert om slike tilfelle i 2018.

Styringa av og kontrollen med beredskaps- og krisehandteringsarbeidet (ikkje finansielle kriser) og arbeidet med IT-tryggleik er klargjort i to tilsynsgjennomgangar. Vi viser til eigne omtalar av dette.

STYRING AV OG KONTROLL MED UTVIKLINGA AV IT OG IT-TRYGGLEIK

Representantskapet er i tilsynet oppteke av at hovudstyret arbeider systematisk for å organisere og følge opp endringar i IT-system og nye IT-leveransar.

IT er eit fagområde som er i utvikling, og nye sårbarer punkt blir stadig avdekte. Noregs Bank gjennomfører store endringar for å etablere og oppgradere sistema. Ein vesentleg del av dette arbeidet inneber at verksemdsområda tek inn igjen oppgåver og løysingar som har vore sett ut til leverandørar (*insourcing*). Begge verksemdsområda rapporterer om vesentleg risiko i samband med endringsprosessen.

Gjennom året behandlar representantskapet rapportar og utgjeingar fra verksemdsområda til hovudstyret som beskriv styringa av arbeidet med å utvikle IT-området og IT-tryggleiken. Representantskapet har bedt om utdypande orienteringar om strategiar, styringsrammeverk, organisering og oppfølging.

Representantskapet meiner at det er etablert eit tydeleg overordna styringsrammeverk som dekkjer dette området. At verksemdsområda legg det same rammeverket og dei same standardane for styring av IT-tryggleik til grunn i arbeidet sitt, blir oppfatta som positivt. Utviklingsarbeidet med å tydeleggjere ansvars- og rapporteringslinjer innanfor IT-tryggleik blir følt i tilsynet. Satsingane for

utvikling av IT og IT-tryggleik er også beskrivne i omfattende detalj i budsjett som representantskapet godkjenner.

IT-tryggleiksvurderinger er viktige når det skal veljast leverandørar, og som ledd i kontraktsinngåingar. Tryggleiksgjennomgangar hos leverandørar kan gjennomførast som ledd i tilsynet med Noregs Bank.

I 2018 er det gjennomført ei IT-tryggleiksvurdering hos ein leverandør. Norsk Regnesentral bidrog til å vurdere modenkap, praksis for risikostyring og kontroll av styringssystemet for informasjonstryggleik. På bakgrunn av gjennomgangen er etterleving av punkt knytte til IT-tryggleik i avtalen, informasjonsflyt mellom partane og gjennomføring av leveransen elles vurderte. Det er ikke funne behov for å endre i den eksisterande avtaleteksten. Representantskapet har teke rapporten om gjennomgangen til etterretning. Tilsynssekreteriatet er bedt om å følge opp tilbakemeldingar frå leverandøren.

Under behandlinga og godkjenninga av tilsynsplanen for 2018 peikte representantskapet på at det er svært viktig at tilsynet er merksam på arbeidet hovedstyret og Noregs Bank gjer med IT-tryggleik. Ein meir omfattande rapport er under arbeid og vil bli lagd fram for representantskapet i første halvdel av 2019. Fleire tilsynsgjennomgangar innanfor tema som styring av IT-tryggleik internt i Noregs Bank og hos tredjepartar/leverandørar kan bli aktuelt når prosjekta for nye IT-leveransar og organiseringa av IT-drifta er gjennomført.

RAPPORTERING OM SAMFUNNSANSVAR

Gjennom året blir det orientert om Noregs Bank og engasjementet for samfunnsansvar i 2018 i fleire rapportar, hovedstyreprotokollane og saker til representantskapet. I årsmeldinga til hovedstyret, årsrapporten om forvaltinga av SPU og i ein eigen publikasjon om ansvarleg forvalting er mellom anna haldningar til etikk, menneskerettar, diskriminering og korruksjon beskrivne. Representantskapet ønskjer openheit i denne rapporteringa.

Noregs Bank vedtok i november 2018 ein miljøstrategi for verksemda si. Strategien inneholder ei blanding av konkrete tiltak på kort sikt og langsiktig utgreingsarbeid. I desember 2018 blei Noregs Bank medlem i Network for Greening the Financial System (NGFS). NGFS er eit nettverk for sentralbankar og tilsynsmyndigheter som utvekslar erfaringar og deler beste praksis for å bidra til å utvikle system for å handtere miljø- og klimarisikoene i finansbransjen. Finanstilsynet er også medlem.

Hovedstyret har utarbeidd etiske prinsipp for dei tilsette som slår fast at Noregs Bank skal halde ein etisk høg standard, respektere menneskerettane og opprette samfunnsansvarleg. Noregs Bank aksepterer ingen former for diskriminering og korruksjon. I 2018 blei desse prinsippa for tilsette oppdaterte. Endringane gjeld spesielt reglane om eigenhandel. I tråd med endringane har sentralbanksjefen også endra etiske reglar for tilsette i sentralbankverksemda, og rammeverket for god forretningsskikk i NBIM blei vidareutvikla med nye retningslinjer om interessekonflikter og arbeid mot korruksjon.

ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Fleire partssamansette utval varetak avtalar mellom tilsette og Noregs Bank som arbeidsgivar og føresegner i arbeidsmiljølova. Arbeidsmiljøutvalet skal verke for gjennomføringa av eit forsvarleg arbeidsmiljø og følge opp at krav i IA-avtalen blir følgde.⁴² Organiseringa, samansetjinga, arbeidet og rapporteringa til utvalet følgjer av lova. Utvalet blir leidd av høvesvis sentralbanksjefen og hovedverneombodet annakvart år. Bedriftslegen har delteke i utvalsmøta.

Vidare er det etablert utval for medråderett og personalutval som skal vareta behovet for informasjon, samarbeid og medråderett i hovedavtalane til partane. Det er eitt utval i sentralbankverksemda og eitt i NBIM. For kvar tariffperiode blir det oppnemnt eit forhandlingsutval som gjennomfører tarifforhandlingane med organisasjonane til dei tilsette.

⁴² Regjeringa og hovedorganisasjonane i arbeidslivet signerte 4. mars 2014 den fjerde intensjonsavtalen for eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Noregs Bank har slutta seg til avtalen. IA-avtalen gjaldt for perioden 4. mars 2014–31. desember 2018.

Arbeidsmiljøutvalet skal årleg rapportere om verksemda si til hovudstyret, som sender årsrapporten vidare til representantskapet til orientering. Hovudstyret rapporterer òg om arbeidsmiljøet i årsmeldinga si. Ingen skadar eller ulykker frå kontorverksemda er alvorlege eller er melde til arbeidstilsynet som yrkesskade i 2018. Det er rapportert om lågt sjukefråvær over tid i banken, godt innanfor dei nasjonale måla som IA-avtalen fastset. Det blir gjennomført årlege arbeidsmiljøundersøkingar (HKI)⁴³ som blir lagde ved årsrapporten til dei styrande organa. Representantskapet har merka seg at lover og avtalereguleringar for arbeidsmiljøet blir følgde opp og rapporterte om.

For representantskapet er det viktig at Noregs Bank set seg likestillingsmål. I samband med behandlinga av årsrapporten frå arbeidsmiljøutvalet for 2017 bad representantskapet om å få tilsendt handlingsplan for likestilling.

Hovudstyret har gitt ei utgreiing om likestillingsarbeidet. Noregs Bank har prioriterte tiltak for likestillingsarbeid i strategien for perioden 2017 til 2019. Det er sett eit felles måltal på 40 prosent kvinnedel både med tanke på det samla talet på tilsette og i leiarstillingar for begge verksemder. Målet blei etablert som ein langsiktig ambisjon.

Hovudstyret har bestemt seg for å delegera til høvesvis sentralbanksjefen og NBIM-direktøren å utarbeide og integrere likestillingsarbeidet i strategiane og handlingsplanane til verksemder. For å sikre at dei blir tilpassa den spesifikke situasjonen til verksemdene. Det blir lagt vekt på likestilling ved planlegginga, og dei tre hovudtiltaksområda i den inneverande strategiperioden er rekruttering og omdømmearbeid, karriereutvikling og inkluderande arbeidsmiljø.

I omtalen i årsrapporten frå hovudstyret for 2018 står det følgjande: «*For ledere var kvinneandelen i sentralbankvirksomheten 33 prosent og i NBIM 22 prosent. For øvrige medarbeidere var andelen kvinner 43 prosent i sentralbankvirksomheten og 31 prosent i NBIM. Dette er tilnærmet uendret i forhold til 2017. [...] Kvinnens lønnsnivå som prosent av menns lønnsnivå ved utgangen av 2018 var 94 prosent for ledere i sentralbankvirksomheten mot 95 prosent i 2017, og 88 prosent for ledere i*

NBIM mot 93 prosent i 2017. For øvrige medarbeidere var det 89 prosent for sentralbankvirksomheten mot 88 prosent i 2017 og 82 prosent for NBIM mot 80 prosent i 2017.»

Representantskapet legg vekt på rapportering frå hovudstyret om arbeidsmiljøet og ser positivt på at det blir fastsett og styrt etter måltal for likestillingsoppnåing. I møte er det stilt spørsmål til sentralbankleiringa om ambisjonsnivået for leiatar i organisasjonen og om tiltak for å nå målet på 40 prosent kvinner. Sentralbankleiringa forklarer at avvik mellom oppnådde resultat og målet har sammenheng med tilgangen på kandidatar innanfor enkelte forretningssegment. Det er utfordrande å auke prosentdelen kvinnelege arbeidstakrar i enkelte stillingsgrupper.

VARSLING

Representantskapet har fått brev frå hovudstyret i samband med spørsmålet i tilsynsrapporten om kontrollstrukturen i Noregs Bank frå 3. november 2016. Hovudstyret skulle gjere greie for spørsmålet om Noregs Bank bør etablere eit eksternt varslingsmottak.

Hovudstyret meiner at det ikkje er noko ønske om å etablere eit eksternt varslingsmottak for Noregs Bank, og viser til at det i NOU 2018: 6 *Varsling – verdier og vern*, der høyringsrunden blei avslutta 3. september, er foreslått å opprette ei eiga lov om varsling. Lovforslaget inneholder ikkje noko krav om at varslingsmottak skal vere eksterne. Arbeids- og sosialdepartementet har gitt Arbeidstilsynet i oppdrag å lage ein nasjonal varslingsrettleiar i samarbeid med partane i arbeidslivet.

Hovudstyret opplyser at internrevisjonen er varslingskanal for alle tilsette. I tillegg kan varsling skje gjennom etterlevingsfunksjonane i NBIM og NBREM. Varslingsordninga blir vurdert som enkelt tilgjengeleg og godt innretta. Det blir vist til forhold som den uavhengige stillinga til internrevisjonen, sikring av anonymitet og fleire moglege varslingskanalar. Banken har detaljerte rutinar med rettleiding og informasjon for tilsette.

Eit spørsmål blei reist frå representantskapet om det har vore «metoo»-saker i banken, altså meldingar om uønskt seksuell merksemd. Det har ikkje komme inn slike meldingar.

⁴³ Humankapitalindeks

Representantskapet har teke brevet frå hovudstyret til etterretning og føreset at Noregs Bank gjer ei vurdering for å tilpasse rammeverket etter eventuelle endringar i lovverket.

PENSJONSKASSEN I NOREGS BANK

Pensjonskassen i Noregs Bank blei oppretta etter vedtak i representantskapet 1. juni 1916. Pensjonskassen er ei sjølvstendig juridisk eining med eige rekneskap. Formålet er å yte pensjonar til tilsette og tidlegare tilsette i Noregs Bank og deira etterlatne. Fondsbaserte ordningar gjennom pensjonskassen i Noregs Bank byggjer på aktuarmessige føresnader om levealder, forventa lønnsvekst og grunnbeløpsregulering. Pensjonsordninga følgjer folketrygda og er tilpassa føresegne i Statens pensjonskasse.

Dei gjeldande vedtektena er fastsette av representantskapet.⁴⁴ Endringar i vedtektena skal vedtakast av styret i pensjonskassen og leggjast fram til orientering for dei styrande organa i Noregs Bank. Finanstilsynet fører tilsyn med verksemda.⁴⁵ Endringar i vedtektena skal godkjennast av Finanstilsynet. Styret i pensjonskassen gjer avtale med ein godkjend aktuar.

Pensjonskassen blir leidd av eit styre på seks medlemmer med fire varamedlemmer som hovudstyret i Noregs Bank eller arbeidstakarorganisasjonane har oppnemnt.

Pensjonskassen legg fram eige årsrekneskap. Verdiar og forpliktingar er skilde frå Noregs Bank. Noregs Bank garanterer for sin del av premiereserven til pensjonskassen. I tråd med vedtektena har representantskapet oppnemnt Deloitte AS som revisor, og det er inngått ein eigen engasjementsavtale mellom revisoren og styret i pensjonskassen.

I representantskapet er ein opptekne av soliditeten til pensjonskassen og av å få god avkasting på midlane for å bidra til lågare pensjonskostnader for banken. Representantskapet blir orientert når hovudstyret nemner opp medlemmer til styret, og får årsmeldinga og årsrekneskapen med revisormeldinga til orientering.

DIREKTØR N. RYGGS FOND

Direktor N. Ryggs fond blei oppretta ved vedtak i representantskapet i 1954. Fondet arbeider etter eigne statuttar, og verksemda er underlagd Lotteri- og stiftelsestilsynet. Grunnkapitalen er 200 000 kroner. Formål er mellom anna å yte støtte til tilsette og pensjonistar som av ulike årsaker, til dømes sjukdom, ekstraordinære påkjenningar og uehell, har behov for økonomiske bidrag. Vidare skal fondet bidra til å fremje trivsel og godvilje i banken ved hjelp av tiltak til beste for dei tilsette og pensjonistane. Bidrag kan ytast som gáve eller som lán etter styreføresegne.

Rekneskapen skal reviderast av ein revisor som representantskapet har valt, og skal leggjast fram for sentralbanksjefen. Medlemmer til styret for fondet blir oppnemnde av sentralbanksjefen og bankfunksjonærane. Forslag frå styret om endringar i statuttane skal leggjast fram for representantskapet i Noregs Bank før det blir sendt til stiftingsstyret.

Det har ikkje vore lagt fram saker frå Direktor N. Ryggs fond for representantskapet i 2018.

FOND TIL ØKONOMISK FORSKING

Noregs Banks fond til økonomisk forsking er ei stifting som Noregs Bank oppretta ved 150-årsjubileet i 1966 med ein grunnkapital på 2 millionar kroner. Ved 175-årsjubileet i 1991 blei grunnkapitalen auka til 6 millionar kroner. Fondet har ein kapital på om lag 11 millionar kroner.

Formålet med fondet er å støtte forsking på det økonomiske området. Midlane kan også gå til å dekkje utgifter i samband med gjesteforelesingar innanfor det økonomiske fagområdet, prisoppgåver og deltaking i internasjonale forskingskonferansar. Til saman løyer fondet ca. 200 000 kroner årleg etter søknad. Kvart tredje år blir det delt ut ein pris på 50 000 kroner for den beste doktoravhandlinga innanfor makroøkonomi.

⁴⁴ Fastsette 13. desember 2007 og sist endra 25. november 2010

⁴⁵ Lov om tilsynet med finansinstitusjonar mv. (finanstilsynslova) § 1 første ledd punkt 15

Styret i Noregs Banks fond til økonomisk forsking vedtok i 2018 ei endring i statuttane som fjerner kravet om årlig realprisjustering av eigenkapitalen før utdelinga. Endringa vil gjere det enklare å dele ut midlar og dermed oppfylle formålet med fondet. Endringa er i tråd med ei vurdering frå Stiftingsklagenemnda om at utdelingar bør kunne avgrensast til den årlege nominelle avkastinga.

I samsvar med statuttane skal forslag frå styret om endringar i statuttane leggjast fram for representantskapet i Noregs Bank før dei blir sende til Lotteri- og stiftelses-tilsynet. Representantskapet har slutta seg til endringane som er foreslått.

TILSYNSGJENNOMGANGAR OG ATTESTASJONSOPPDRA�

Ein tilsynsgjennomgang som er rapportert frå tilsynssekretariatet i 2018, omfattar heile verksemda til Noregs Bank. Utgangspunktet er godkjend tilsynsplana. Det er ingen rapportar frå attestasjonsoppdrag som dekkjer Noregs Bank på eit felles overordna nivå i 2018.

STYRING AV OG KONTROLL MED BEREDSKAPS- OG KRISEHANDTERINGSARBEIDET (IKKJE FINANSIELLE KRISER)

Formålet med gjennomgangen var å vurdere korleis hovudstyret styrer og kontrollerer beredskaps- og krisehandteringsarbeidet i Noregs Bank. Gjennomgangen var retta mot utfominga, etableringa og organiseringa av arbeidet og måten hovudstyret sikrar og følgjer opp etterlevinga på gjennom å etablere styringssystem og prosessar.

Overordna risikovurderingar var utgangspunktet for tilsynsgjennomgangen. Noregs Bank har viktige samfunnsoppgåver. Blant dei viktigaste truslane er digitale angrep, kanskje frå statar som både har kapasitet til og intensjonar om å gjennomføre eit slikt angrep. Truslar som ikkje er like sannsynlege, men som kan reknast som dei mest alvorlege, er situasjonar som kan føre til fare for liv og helse.

Tilsynsgjennomgangen var primært basert på styrande dokument som omfattar prinsipp som hovudstyret har fastsett, og på policyar og retningslinjer som er fastsette innanfor verksemderområda. Ein fekk i tillegg presentasjonar om organisering og gjennomføring av krisehandtering frå den operative kriseleiinga og tryggleksmiljøa i sentralbankverksemda og kapitalforvaltingsverksemda.

Gjennomgangen var avgrensa til kriser som er utløyste av ei uønskt hending som rammar dei tilsette og dei viktigaste verdiane til banken, og det blei undersøkt kva evne Noregs Bank har til å beskytte seg sjølv. Ansvaret og rolla til banken innanfor det finansielle systemet i Noreg, inkludert sikring av finansiell stabilitet, var ikkje omfatta. Gjennomgangen var også avgrensa mot den rolla Noregs Bank speler i den nasjonale beredskapen, i eit sivilt beredskapsystem.

Rammevilkåra for undersøkinga:

- sentralbanklova § 5, som fastset at hovudstyret har ansvar for å sikre at bankverksemda blir styrt og kontrollert på ein trygg og god måte
- beredskapsplanane som verksemda skal ha utarbeidd (jf. trygglekslova § 5 og forskrift om tryggleiksadministrasjon § 3-4)
- prinsipp for krisehandtering (ansvar, likskap, nærleik og samvirke)⁴⁶

Det var definert tre vurderingsområde for undersøkinga.

1. I kva grad blir det utarbeidd risikovurderingar som grunnlag for arbeidet med beredskapsplanlegging og krisehandtering? Blir dei viktigaste verdiane og avhengigheitene til verksemda kartlagde?

Gjennomgangen viste at Noregs Bank legg vekt på koriktig det er med verdivurderingar, og det dannar grunnlaget for prioritering av tryggleksarbeid og planlegging av beredskaps- og krisehandtering. Det har vore ei positiv utvikling i arbeidet med beredskaps- og krisehandtering,

⁴⁶ Blir framheva i fleire lovforarbeid og stortingsdokument, til dømes Meld. St. 10 (2016–2017) Risiko i et trygt samfunn – Samfunnssikkerhet og NOU 2016: 19 Samhandling for sikkerhet. Beskyttelse av grunnleggende samfunnsfunksjoner i en omskiftelig tid. Samvirkeprinsippet blei innført etter hendinga 22. juli 2011, jf. Meld. St. 29 (2011–2012).

og det speglar seg mellom anna i eit risikobasert øvingsprogram for alle med roller i kriseorganisasjonen.

2. I kva grad finst det retningslinjer og beredskapsplanar for å møte ei eventuell krise, og i kva grad er prinsippa om ansvar, likskap, nærliek og samvirke følgde opp?

Til dette spørsmålet viste gjennomgangen at det er éin felles kriseorganisasjon for Noregs Bank. Det er gitt tydelege føringar frå hovudstyret, og nokre av dei er delegerte til sentralbanksjefen, som leier kriseorganisasjonen. Kriseorganisasjonen er tydeleg inndelt i tre nivå: strategisk, operasjonelt og taktisk nivå. Begge verksemdsområda er representerte på alle nivåa.

I undersøkinga blei det ikkje avdekt nokon område innanfor beredskaps- og krisehandteringsarbeidet der prinsipp og retningslinjer blir oppfatta som uklare. Dokumentasjonen tek òg for seg beredskapsprinsippa om ansvar, likskap, nærliek og samvirke. Representantskapet fekk stadfesta at det er god kommunikasjon og samordning mellom verksemdsområda. Det er tydeleg at det berre er éin kriseleiar, og at resten av organisasjonen kjenner og respekterer denne organiseringa.

3. I kva grad er det etablert prosessar som gjer verksemda i stand til å følgje opp situasjonar som kan få alvorlege konsekvensar?

Den novarande kriseorganisasjonen er bygd opp etter 2012. Bakgrunnen for den tydelege satsinga på beredskap og krise i dag er mellom anna ein intern sårbarheitsanalyse etter 22. juli 2011. Det er etablert eit styringssystem for beredskaps- og krisehandtering. Hovudstyret har i styrande dokument gitt klare føringar for kva slags verdiar som skal prioriterast i ei krise, og får jamleg rapportering. Hendingar følgjer ordinær rapportering, mens kriser blir rapporterte så raskt som mogleg til hovudstyret.

Rapporten blei samanfatta med to tilrådingar til hovudstyret. Det er tilrådd at hovudstyret utarbeider eit felles prinsippdokument for risikostyring og internkontroll som er meir detaljert enn det som er felles i dag, og som omfattar alle verksemdsområda. For tilsette som er ein del av kriseorganisasjonen, er det tilrådd at roller og ansvar som kviler på dei, blir beskrivne i stillingsinstruksen.

I rapporten blei det vidare konkludert med at hovudstyret i Noregs Bank har etablert prinsipp for beredskap og krisehandtering og prinsipp for risikovurderingar. Det er etablert ein krisestab og tydelege rammer for korleis han skal leia. Krisestabssjefen og verksemdsområda skal ta omsyn til prinsippa og vurdere dei som førande. Vidare er det etablert prosessar for å sikre at hovudstyret får informasjon om kritiske område og truslar.

Representantskapet tok rapporten til etterretning. Rapporten blei send til hovudstyret, og representantskapet bad hovudstyret om å gi ei tilbakemelding på tilrådingane.

Hovudstyret har gitt svar i brev. Hovudstyret meiner at beredskap og krisehandtering er dekkjande og detaljert regulert for begge verksemdsområda gjennom det etablerte regelverket. Tilrådinga i tilsynsrapporten blir oppfatta som ei oppmoding om å vurdere behovet for at det felles prinsippdokumentet for risikostyring blir utforma meir detaljert enn i dag. Hovudstyret seier seg einig i at ein bør gå gjennom det felles prinsippdokumentet, og at det kan vere grunn til å sjå nærmare på om det skal vere meir detaljert felles regulering innanfor risikostyring og internkontroll.


Hovudstyret seier dette om beskrivingar i stillingsinstruksar: «[H]ovedstyret har merket seg at undersøkelsen fra tilsynssekretariatet ikke har avdekket områder innan beredskap- og krisehåndteringsarbeidet der prinsipper og retningslinjer oppfattes som uklare. Hovedstyret har også merket seg tilsynssekretariatets inntrykk av at det er god kommunikasjon og samordning mellom virksomhetensområdene.

Det strategiske ledelsesnivået i kriseorganisasjonen består av seks funksjoner i tillegg til sentralbanksjefen og visesentralbanksjefene. [...] For disse seks funksjonene mener hovedstyret at det er naturlig at deres rolle i kriseorganisasjonen fremgår av stillingsinstruksene.

På operasjonelt og taktisk ledelsesnivå i kriseorganisasjonen vil det variere hvilke ansatte som til enhver tid ivaretar de ulike funksjonene. [...] Hovedstyret mener at det er naturlig at virksomhetsområdene selv vurderer om ansvar og rolle for ansatte på operasjonelt og taktisk nivå i kriseorganisasjonen skal fremgå av de enkelte stillingsinstruksene.»

Representantskapet har ikke reist ytterlegare spørsmål, men vil følge den vidare oppfølginga til hovedstyret og ei eventuell utvikling av rammeverk.



FIGUR 6 SENTRALBANKVERKSEMDA

KAPITTEL 6

TILSYN MED SENTRALBANKVERKSEMADA I 2018

OPPGÅVENE OG ORGANISASJONEN I SENTRALBANKVERKSEMADA (SBV)

Noregs Bank er sentralbanken i landet og skal mellom anna utøve pengepolitikk, plassere dei norske valutareservane⁴⁷, utførde setlar og myntar og bidra til effektive betalingssystem.⁴⁸ Sentralbankverksemada er organisert i avdelingar for pengepolitikk (PPO), finansiell stabilitet (FST) og marknader og IKT (MI). Avdelinga for konsern- og fellesfunksjonar (KF) gjer administrative oppgåver for sentralbankverksemada og funksjonar og prosessar som gjeld for heile Noregs Bank.

Figur 6 viser korleis sentralbankverksemada er organisert i 2018.

Ved utføringa av kjerneoppgåvene har avdelingsdirektørane innanfor området sitt ansvar for risikostyring, internkontroll og økonomistyring. Dei fastset òg interne retningslinjer ved behov.

Innanfor sentralbankverksemada blir det utført omfattande analysearbeid som blir publisert. Analysane blir mellom anna nytta når hovudstyret avgjør styringsrenta gjennom året og i rådgivningsarbeidet til Noregs Bank.

Utdjupande informasjon om verksemada finst i rapportar og publikasjonar om sentralbankverksemada som er tilgjengelege på heimesidene til Noregs Bank. Representantskapet får rapportar om dei ulike oppgåvene som banken utfører, og utgreiingar om arbeidet i møta sine. Sentralbanksjefen orienterer òg om arbeidet i hovudstyret og avgjører i pengepolitikken i representantskapsmøta. Representantskapstilsynet omfattar ikkje måten hovudstyret utevær skjønnsmyndigkeit på, jf. sentralbanklova § 5 fjerde ledd.

KONTINUERLEG TILSYN

STYRING OG OPPFØLGING FRÅ HOVUDSTYRET OG SENTRALBANKSJEFEN

Hovudstyret har vedteke prinsipp for risikostyring i sentralbankverksemada som beskriv rammer og krav i samsvar med internkontrollforskrifta. Relevante omgrep for verksemada innanfor finansiell risiko og verksemderisiko er definerte, og det er stilt krav til styring og rapportering. Hovudstyret behandler rapportering om finansiell risiko kvart kvartal og verksemderapportar kvart halvår. Rapportane omfattar mellom anna status i samsvar med handlingsplanar og ressursbruk, verksemderisiko, regeletterleving og internkontroll.

Representantskapstilsynet med styringa av sentralbankverksemada blir utøvd med gjennomgang av den halvårlege rapporteringa frå hovudstyret og oppfølging av hovudstyreprøtollane. Statusen for gjennomføringa av handlingsplanar blir behandla i samanheng med verksemderapporteringa, den årlege rapporten om ressursbruk og fastsetjinga av budsjett for Noregs Bank. Dette er omtalt seinare i rapporten.

Representantskapet er orientert om prinsippa og retningslinjene for risikostyring. Det er svært viktig for tilsynet at det er etablert dokumenterte rutinar for rapportering og oppfølging av regelbrot og hendingar med gjennomføring av risikoreduserande tiltak. Ingen hendingar er rapporterte å ha alvorlege konsekvensar for Noregs Bank innanfor sentralbankverksemada i 2018.

I 2018 er det gjort fleire endringar i retningslinjene for sentralbankverksemada, og representantskapet blir orientert gjennom den periodiske rapporteringa og saker i hovudstyreprøtollane som det blir gjort greie for i møta. Endringane det siste året gjeld mellom anna risikostyring, bonusordning, informasjonstryggleik, personopplysningar og forvalting av interne styringsdokument. Når det gjeld krav til styring av verksemderisiko, viser vi til retningslinjene for ISO-rammeverk og ISO Guide 73:2009.⁴⁹ Retningslinjene beskriv òg roller og ansvarsdeling mellom første- og andrelinja i kontrollmodellen.

⁴⁷ Sentralbanklova § 24

⁴⁸ Jf. sentralbanklova § 1 om Noregs Banks formål og verkeområde.

⁴⁹ NS-ISO er tilrådde og relevante internasjonale standardar innanfor risikostyring.

STRATEGISK SATSING – FORNYING AV IT-PORTEFØLJEN

Representantskapet er orientert om arbeidet som er i gang i sentralbankverksemda med å fornye IT-porteføljen, «DiffIT-programmet» (Differensiert IT-portefølje). Arbeidet omfattar etablering av systemportefølje og modernisering av driftsplattformer. Fornying av IT-porteføljen har for perioden 2019–2021 ei estimert kostnadsramme på 230 millionar kroner (2018-kroner), 49 millionar kroner av dei i 2019. Dette er inkludert i budsjettet som representantskapet har vedteke, og som er omtalt seinare i rapporten.

Innanfor IT-tryggleik er det i gang eit arbeid med å styrke den interne organisasjonen og kompetansen i nær samanheng med DiffIT-programmet. Representantskapet meiner det er vesentleg at Noregs Bank arbeider systematisk på IT-området.

FORVALTINGA AV VALUTARESERVANE

Dei internasjonale reservane til Noregs Bank består av valutareservane og fordringar på Det internasjonale valutafondet (IMF). Etter sentralbanklova skal Noregs Bank plassere dei offisielle valutareservane slik at dei tener den valutapolitikken som er fastlagd.⁵⁰ Valutareservane er Noregs Banks beredskap i internasjonal valuta og skal kunne nyttast til transaksjonar i valutamarknaden som eit ledd i gjennomføringa av pengepolitikken, ut frå omsynet til finansiell stabilitet og for å møte dei internasjonale forpliktingane til Noregs Bank.⁵¹ Det blir lagt stor vekt på at valutareservane er plasserte i likvide papir. Innanfor desse rammene er siktemålet at forvaltinga skal vere kostnads-effektiv og gi positiv meiravkasting. Det er fastsett eigne rammer og retningslinjer for denne forvaltinga som skil seg klart frå SPU-forvaltinga.

Valutareservane utgjer om lag 90 prosent av balansen i Noregs Bank, ekskludert SPU. Marknadsverdien ved utgangen av 2018 var 514 milliardar kroner (512,4 milliardar kroner i 2017). Samla består valutareservane av ein rentepor-tefølje, ein aksjepor-tefølje og ein petrobufferpor-tefølje. Den siste por-teføljen skal ta imot statens kontantstraum frå

petroleumsverksemda i utanlandsk valuta og eventuelle overføringer frå SPU. Han inngår i handteringa av det statlege behovet for å veksle mellom utanlandsk valuta og norske kroner i Noregs Bank.

Hovudstyret i Noregs Bank fastset prinsipp for forvaltinga av valutareservane. Sentralbanksjefen fastset utfyllande retningslinjer for forvaltinga og har fullmakt til å avvike frå prinsipp som hovudstyret har fastsett, dersom omsynet til beredskap taler for det. Ansvaret for forvaltinga er plassert i sentralbankverksemda, mens NBIM etter avtale gjennomfører den operative forvaltinga av aksjepor-teføljen.

Med bakgrunn i den årlege gjennomgangen av strategien for valutareservane vedtok hovudstyret i november å redusere den strategiske aksjedelen frå 35 til 20 prosent. Bakgrunnen var ei vurdering av eit eventuelt likviditets-behov i ein mogleg krisesituasjon. Prinsippa frå hovudstyret for forvaltinga av valutareservane til Noregs Bank er endra i tråd med avgjerala.

Kvartalsrapportar om finansiell risiko og forvaltinga av valutareservane er sende til representantskapet, som har teke dei til orientering. Rapportane blir publiserte av Noregs Bank. For fjerde kvartal blei det rapportert om vellykka gjennomføring av endra vekting av aksje- og rentepor-teføljen i valutareservane. Ein vesentleg del har vore gjennomført ved overføringer av verdipapir mellom SPU og valutareservane som følge av motgående interesser i aksjar og rentepapir. Det er verken rapportert om brot på retningslinjene gitt frå hovudstyret gjennom året eller avdekt unormale forhold.

PENGEPOLITIKK OG FINANSIELL STABILITET

I mars 2018 vedtok regjeringa ei ny forskrift for pengepolitikken. Noregs Bank uttalte seg i eit brev til Finansdepartementet og meiner at den nye forskriftera klargjer mandatet for pengepolitikken og underbygger den fleksible praktiseringa av inflasjonsstyring. Slik Noregs Bank vurderer det, vil ikkje ei ny forskrift føre til vesentlige endringar i utøvinga av pengepolitikken.

⁵⁰ Jf. sentralbanklova kapittel 5.

⁵¹ Dette svarer til IMF-definisjonen av omgrepet valutareservar («foreign exchange reserves»).

Noregs Bank tek imot innskot frå forretningsbankar og sparebankar på dei vilkåra banken bestemmer. Bankane kan ha innskot i sentralbanken ved overskotslikviditet, eller dei kan skaffe seg nok likviditet til betalingsoppkjera i Noregs Bank ved å låne med tryggleik i verdipapir. Renta på bankinnskota er den sentrale renta ved utøvinga av pengepolitikken til Noregs Bank (styringsrenta). Etter forskrift om motsyklistisk kapitalbuffer utarbeider Noregs Bank avgjerdsgrunnlag og gir Finansdepartementet kvartalsvis råd om nivået på denne bufferen i bankane. Sárbarheita i banksektoren blir analysert kontinuerleg.

Representantskapet fører ikkje tilsyn med skjønnsav-gjerdene til hovudstyret, men følgjer dei bakanforlig-gjande vurderingsprosessane gjennom utgreiingar frå sentralbanksjefen i møta. Det gjeld mellom anna for avgjærer om styringsrenta og råd om motsyklistisk kapital-bufferkrav.

Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell stabilitet blir publisert fire gonger i året samtidig med renteavgjærer.

OPPGJERSYSTEMET TIL NOREGS BANK

Noregs Bank er oppgjersbank på øvste nivå for betalingar mellom bankane i Noreg. Oppgåvane er knytte til føre-segnene i sentralbanklova om å fremje eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet og den tilgangen bankane har til å ha konto og ta opp lån i Noregs Bank. Betalingstransaksjonar blir gjorde opp mellom bankar i Noreg med konto i Noregs Bank.

Oppgjerssystemet til Noregs Bank (NBO) og det samla betalingssystemet i Noreg er i svært stor grad avhengig av IT og eksterne leverandørar i drifta. Det er ibuande høg risiko for operasjonell svikt og IT-kriminalitet. Betalingssystemet og den finansielle infrastrukturen utgjer ein kritisk samfunnsfunksjon. NBO er eit skjermingsverdig objekt etter krava i tryggleikslova til sikring av objekt som er viktige for samfunnet. NBO skal oppfylle og rapportere etter relevante internasjonale standardar.

Representantskapet følgjer med på rapporteringa av driftsstabiliteten og styringa av risiko og beredskap gjennom den ordinære verksemderapporteringa. Ein intern årsrapport om NBO blir sendt til representantskapet til orientering. Det har ikkje blitt rapportert om vesentlege driftsavbrot i 2018.

SETLAR OG MYNTAR – UTFERDARROLLA TIL NOREGS BANK

Noregs Bank har ein suveren rett til å utferde norske pengesetlar og myntar. Oppgåva er forankra i sentralbanklova. Sentralbanken har ansvar for å fremje eit effektivt betalingssystem og sikre at det er nødvendig tilgang på kontantar i samfunnet.

Distribusjonslageret til Noregs Bank er eit skjermings-verdig objekt etter tryggleikslova. Det er etablert eit høgt tryggleksnivå med interne kontrollprosessar i linja og oppfølging frå internrevisjonen, ekstern revisor og tilsynssekreariatet. Hovudstyret og sentralbanksjefen har fastsett overordna interne retningslinjer. I retningslinjene frå sentralbanksjefen for fysisk tryggleik i Noregs Bank er det mellom anna sett overordna krav til tryggleksnivå i kvelv og lokale som òg gjeld for sentralbankdepot og lager hos leverandørar.

Behaldninga av setlar og myntar i omløp utanfor Noregs Bank ved utgangen av 2017 var 44,8 milliardar kroner, ein nedgang frå førre årsskifte på om lag 2 milliardar kroner. Årsrapportane frå Noregs Bank om setlar og myntar og omtale i verksemderapportar blir behandla av representantskapet. Arbeidet med å destruere setlar er i stor grad automatisert og desentralisert til kontantdepota til Noregs Bank, som blir drivne av eksterne leverandørar. Tilsynssekreariatet følgjer med på rapportar om Noregs Banks kontroll med kontantdepota gjennom året.

Med heimel i sentralbanklova §§ 13 og 16 kan Noregs Bank gi ut jubileums- og minnemyntar eller sirkulasjonsmyntar med spesialpreg. Representantskapet er blitt orientert om nye retningslinjer frå hovudstyret i 2018 for minnemyntar og var oppteke av at ei utgreiing om ordninga med minnemyntar blir følgd opp. Erfaringane med den gjeldande ordninga, og initiativ frå Finansdepartementet om ordninga, var bakgrunnen for endringar.

Ein føreset ein restriktiv praksis for å gi ut minnemyntar, i samsvar med føresetnadene i forarbeida til sentralbanklova.

Noregs Bank er i rute med å gi ut ein ny og sikrare setelserie. I 2017 kom dei nye 100- og 200-kronesetlane, mens 50- og 500-kronesetlane blei lanserte hausten 2018. Lanseringa av 1000-kronesetelen er planlagd i fjerde kvartal 2019. I 2018 blei det løyst inn tidlegare utgåtte setlar og myntar tilsvarende 13,9 millionar kroner, mot 13,6 millionar kroner i 2017.

Ekstern revisor gjennomfører ulike kontrollaktivitetar retta mot korrekt registrering av behaldningar. Det er ikkje avdekt svake punkt i internkontrollen på området. Arbeidet er omtalt under beskrivinga av sentrale forhold i revisormeldinga til årsrekneskapen til Noregs Bank.

Representantskapet får den interne årsrapporten om setlar og myntar til orientering og følgjer informasjonen om utferdinga av nye setlar og innveksling av utgåtte setelutgåver gjennom verksemderapportering frå sentralbankverksemda. Delar av rapporten blir publiserte.

TIJSYNSGJENNOMGANGAR OG ATTESTASJONSOPPDRAAG

Rapporten om krisehandtering som er omtalt ovanfor, omfattar òg sentralbankverksemda. Det er ikkje gjennomført andre tilsynsgjennomgangar i 2018 som handlar spesifikt om sentralbankverksemda. To faste attestasjonsfråsegner er gitt i tråd med engasjementsavtalar om årlege oppdrag som er omtalte nedanfor. Begge fråsegogene har positiv konklusjon. Det vil seie at det ikkje er funne avvik som fører til risiko eller behov for oppfølgingstiltak.

STATENS KONTOAR I NOREGS BANK

Noregs Bank har oppgåver med kontohald i tilknyting til statlege betalingar, statleg likviditetsforvalting og statleg gjeld. Oppgåvene er heimla i sentralbanklova og er nærmare regulerte i avtale med og mandat frå Finansdepartementet.

Ved slutten av 2018 utgjorde det inneståande frå statlege verksemder til saman 188 milliardar kroner fordelt på 792 kontoar. Noregs Bank er ansvarleg for å gjennomføre og følgje opp avtaleregulerte krav til tryggleik, tryggleiks-kopiering og beredskapsrutinar, inkludert oppgåvene som blir utførte av eksterne leverandørar av driftstenester og kontohald. Arbeidet blir utført innanfor regelverket for økonomistyring i staten og retningslinjer for oppgjers-kontoar i konsernkontosystemet.

Etter avtale med Finansdepartementet skal det leggjast fram ei årleg uavhengig attestasjonsfråsegn⁵² om dokumentasjon frå Noregs Bank av korleis krava i avtalen er oppfylte, inkludert krava til tryggleik i forvaltinga av statlege kontoar i Noregs Bank. Deloitte AS har lagt fram ei attestasjonsfråsegn for 2018 som representantskapet har teke til etterretning, og som er gjord tilgjengeleg for Finansdepartementet.

STATSGJELDSFORVALTINGA

Staten låner for å finansiere statlege utlånsordningar, for å dekkje forfall av eksisterande gjeld og for å sikre at den statlege kontantbehaldninga er stor nok. Finansdepartementet har stilt krav om at kontantbehaldninga til staten til kvar tid skal vere på minst 35 milliardar kroner. Det overordna målet for statsgjeldsforvaltinga er å dekkje det statlege lånebehovet til så låge kostnader som mogleg innanfor gitte risikorammer.


Noregs Bank har det operative ansvaret for å forvalte statsgjelda innanfor mandatet som Finansdepartementet har fastsett. Banken skal utferde statsgeld og inngå finansielle kontraktar for Finansdepartementet. Mellom anna blir det halde auksjonar ved utferding og tilbakekjøp av statsobligasjoner og statskassevekslar gjennom året. Noregs Bank får ei årleg avtalt godtgjersle frå departementet.


Statsgjelta inngår i statsrekneskapen og er ikkje ein del av årsrekneskapen til Noregs Bank. Noregs Bank leverer og publiserer kvartalsvis rapportering og årsrapport til Finansdepartementet.

⁵² Attestasjonsoppdrag etter internasjonal revisjonsstandard ISAE 3000

Reglement for økonomistyring i staten krev at alle verksemder skal etablere system og rutinar med innebygd internkontroll. Det gjeld også dersom oppgåver er delegerte til andre. Etter oppmoding fra Finansdepartementet er det gjennomført eit uavhengig attestasjonsoppdrag når det gjeld styring og kontroll knytt til rekneskapsføring og betalingar i statsgjeldsforvaltinga.

Deloitte AS har komme med attestasjonsfråsregn for 2018 som representantskapet har teke til etterretning. Fråsugna er gjord tilgjengeleg for Finansdepartementet og Riksrevisjonen. Riksrevisjonen har i tillegg fått ein rapport for 2018 fra Deloitte AS om avtalte kontrollhandlingar som er knytte til rekneskapen for statsgjeldsforvaltinga.



FIGUR 7 ORGANISASJONSKART NBIM OG NBREM

KAPITTEL 7

TILSYN MED KAPITALFORVALTINGA I 2018

OPPGÅVER OG ORGANISASJON I NORGES BANKS INVESTMENT MANAGEMENT (NBIM)

Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond utland etter lov om Statens pensjonsfond⁵³, mandatet for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland (SPU)⁵⁴ og retningslinjene for observasjon og utesetting frå Statens pensjonsfond utland⁵⁵. Den operative forvaltinga blir gjennomført av NBIM. NBIM forvaltar òg aksjeporleføljen i valutareservane til Noregs Bank etter oppdrag frå sentralbankverksemda, slik det er omtalt tidlegare i rapporten.

Hovudstyret har fastsett investeringsmandat og stillingsinstruks med fullmakter til direktøren for NBIM (CEO NBIM). Direktøren har eit overordna ansvar for alle saker på det aktuelle verksemråde og rapporterer direkte til hovudstyret. Sentralbanksjefen har i denne samanhenget rolla som leiar av hovudstyret (styreleiar).

Oppgåva med å gjennomføre forvaltinga av unoterte eigedomsinvesteringar var i 2018 organisert i verksemråde Norges Bank Real Estate Management (NBREM). Direktøren for NBREM (CEO NBREM) er tilsett av hovudstyret etter innstilling frå direktøren for NBIM. Han rapporterer til direktøren for NBIM, som òg har fastsett stillingsbeskriving og investeringsmandat for denne delen av SPU-porteføljen.

Hovudstyret har i eit møte 6. februar 2019 vedteke hovudpunkta i ein ny strategi for eigedomsforvaltinga i SPU. I 2019 vil ein jobbe med å lage ein ny strategi for SPU for 2020–2022 også for eigedomsforvaltinga. Med ein avgrensa portefølje i unotert eigedom og eit forsterka ønske om å sjå notert og unotert eigedom i samanheng ser ikkje hovudstyret det lenger som tenleg å ha ei separat organisering av unotert eigedom. Hovudstyret har derfor vedteke å avvikle NBREM som ei eiga organisatorisk eining. Eigedomsorganisasjonen i NBREM vil bli integrert med NBIM på ein tenleg måte. Hovudstyret tek sikte på å setje i verk ein ny organisasjonsmodell for NBIM frå 1. april

2019. Sentralbanksjefen har orientert representantskapet om vedtaket og om Noregs Banks brev av 7. februar 2019 til Finansdepartementet, der avgjerdar er omtalt.

Sjå figur 7, som viser organiseringa av kapitalforvaltinga i 2018.

Verksemråde er leidd frå hovudsetet for Noregs Bank i Oslo. NBIM har kontor i London, New York, Singapore og Shanghai. Som ledd i eigedomsforvaltinga i NBREM er det kontor i Tokyo og Luxembourg, og det er etablert fleire operative heileide datterselskap.

SPU er plassert som innskot på konto i Noregs Bank. Motverdien blir forvalta som ein investeringsportefølje i finansielle instrument, fast eigedom og kontantinnskot i namnet til Noregs Bank i utlandet. Ved årsslutt 2018 var marknadsverdien av investeringane i SPU 8 256 milliardar kroner. SPU er investert i dei fleste marknader, land og valutaer for å få ei brei eksponering mot veksten i verdsøkonomien. Ved utgangen av 2018 var det investert i over 9000 selskap.

Årsrapporten og rekneskapen for Noregs Bank for 2018 og tre kvartalsrapportar om SPU-forvaltinga inneheld meir informasjon. Etter mandatet for SPU skal Noregs Bank rapportere offentleg om investeringane og dei oppnådde resultata frå forvaltinga. Vidare blir det publisert utvida informasjon om ansvarleg forvalting, unoterte eigedomsinvesteringar, avkastningsrapport GIPS⁵⁶ og avkastning og risiko.

KONTINUERLEG TILSYN

STYRING OG OPPFØLGING FRÅ HOVUDSTYRET OG NBIM

Finansdepartementet har fastsett det overordna målet for SPU i mandatet for forvaltinga: «Banken skal søke å oppnå høyest mulig avkastning etter kostnader målt i investeringsporteføljens valutakurv og innenfor de rammer som gjelder for forvaltingen.»

Hovudstyret har fastsett ein strategi for perioden 2017–2019. Det skal jamleg gjerast ei evaluering av i kva grad måla i

⁵³ Lov av 21. desember 2005

⁵⁴ Fastsett av Finansdepartementet 8. november 2010, med seinare endringar

⁵⁵ Fastsett av Finansdepartementet 18. desember 2014, med seinare endringar.

Retningslinjene gjeld for Etikkrådet for SPU og Noregs Bank.

⁵⁶ Global Investment Performance Standards

den strategiske planen er nådde. Hovudstyret blir orientert mellom anna gjennom intern rapportering om verksemdsstyring. I tillegg leverer hovudstyret offentlege kvartalsrapportar og årsrapport om SPU-forvaltinga.

Finansdepartementet har fastsett ein referanseindeks som SPU-forvaltinga blir målt opp mot. Ei viktig føresegn i mandatet er at Noregs Bank skal leggje opp forvaltinga med sikte på at forventa relativ volatilitet ikkje blir høgare enn 1,25 prosentpoeng. NBIM nyttar fleire investeringsstrategiar.

I fondsmeldinga for 2016 la regjeringa opp til å auke aksjedelen i den strategiske referanseindeksen for SPU fra 62,5 til 70 prosent. Eit fleirtal i Stortinget slutta seg til dette.⁵⁷ Tilpassinga til ein høgare aksjedel har vore under arbeid gjennom 2017 og 2018. Unotert eigedom blei teke ut av referanseindeksen frå 2017, men er framleis ein del av investeringsuniverset. Det er opp til Noregs Bank å avgjere kor mykje som skal investerast i unotert eigedom, og kva typar eigedom SPU skal investerast i innanfor den fastsette ramma. Unoterte og noterte egedomsinvesteringar er forvalta som ein samla strategi for eigedom.

Hovudstyret har i tråd med internkontrollforskrifta fastsett prinsipp for risikostyring i NBIM. Styring av risiko skal integrerast i prosessane i NBIM, i strategiplanlegginga og i prosedyrane for endringshandtering. Prinsippa skal i tillegg omfatte tiltak for å kontrollere og stadfeste det gjeldande risikobiletet og gi ei oversikt over dei kontrolltiltaka som er sette i verk for å handtere risikoen.

Prinsipp for godtgjersle til tilsette i NBIM og for ansvarleg forvaltingsverksemnd i Noregs Bank er òg fastsette av hovudstyret.

Hovudstyret har ein årleg gjennomgang av styringsdokumenta som er fastsette for kapitalforvaltinga i tråd med kravet om jamleg vurdering. I 2018 er prinsippa fra hovudstyret for godtgjersle til tilsette i NBIM oppdaterte. I prinsippa frå hovudstyret for risikohandtering i NBIM blei definisjonen av kreditrisiko og beskrivinga av metodikk for utrekning av motpartsrisiko oppdatert. Representantskapet er orientert om vurderingane og avgjerdene til hovudstyret.

Investeringsmandatet for NBIM-direktøren er oppdatert med justerte rammer for investering i unotert eigedom og netto unoterte egedomsinvesteringar i løpet av eit kalenderår. Direktøren fastset interne retningslinjer for forvaltinga, inkludert investeringsmandat og stillingsinstruksar.

Det blir rapportert periodisk om verksemdsstyring, operasjonell risikostyring og etterleving til hovudstyret. Sentralbanksjefen og hovudstyret skal utan opphald få kunnskap om spesielle hendingar eller vesentlege forhold. Det er ikkje rapportert om vesentlege brot på reglane frå Finansdepartementet for forvaltinga i 2018. Det er heller ikkje meldt om vesentlege brot på marknadsreguleringar eller anna generell lovsgiving frå lokale tilsynsstyresmakter.

Tilsynet frå representantskapet med styringa av kapitalforvaltinga blir utøvd gjennom behandling av periodiske rapportar frå hovudstyret og oppfølging av protokollane frå hovudstyret. Representantskapet legg i tilsynet vekt på at det er etablert rutinar for å rapportere regelbrot og hendingar, med gjennomføring av risikoreduserande tiltak. Tilsynssekreteriatet har i møte med etterlevingsfunksjonane (Compliance) gjennom året diskutert hendingar og rutinar for oppfølging. Det er ikkje rapportert nokon hendingar med alvorlege konsekvensar i 2018.

AVKASTNING OG RISIKO

Etter mandatet skal Noregs Bank i SPU-forvaltinga arbeide for å oppnå høgst mogleg avkastning etter kostnader. I tillegg til kvartals- og årsrapportane om SPU-forvaltinga publiserer Noregs Bank årleg utvida informasjon om avkastning og risiko. Publikasjonen inneholder fleire metodar og måltal for risikojustert avkastning.

Gjennom 2018 har representantskapet fått tilsendt dei periodiske rapportane frå NBIM om avkastning og risiko frå hovudstyret. Tilsynssekreteriatet går i samarbeid med internasjonale rådgivarar gjennom rapporteringa og formidlar vurderingane vidare til representantskapet. Representantskapet er òg orientert om rádet frå Noregs Bank til departementet innanfor investeringsstrategien for SPU.

Under behandlinga har representantskapet merkt seg utgreiingane om oppnådd avkastning og utnytting av risikoramma i mandatet. I orienteringane frå sentralbankleininga har ein mellom anna lagt vekt på historisk

⁵⁷ Innst. 357 S (2016–2017)

utvikling og relativ avkastning, i tillegg til forventninger om framtidig utvikling og risikoforhold.

EKSTERN PORTEFØLJEFORVALTING

Noregs Bank har ved årsslutt 2018 inngått avtalar med eksterne forvaltarar når det gjeld forvaltinga av om lag 4 prosent av investeringsporteføljen i SPU. Desse investeringsmandata gjeld hovudsakleg forhold i SPU-aksjepor- føyen i framveksande marknader. NBIM har etablerte prosedyrar for val av, oppfølging av og avslutting av samarbeidet med dei eksterne forvaltarane. Forvaltarane blir følgde tett gjennom året.

Tilsynssekreariatet har utarbeidd ein modell for å velje ut forvaltarar for besøk. Modellen er utvikla dei siste fem åra. Eit utvalsriterium er mandat i land som har høg ESG-risiko.⁵⁸ Informasjon om korrasjon, miljø, menneskerettar, sikring av rettane til minoritetseigarane og lover og regelverk i landet inngår i modellen. Data blir henta frå offentleg tilgjengelege kjelder.

Før besøk blir det òg henta inn kunnskap om det aktuelle landet – mellom anna hos Utanriksdepartementet og den norske ambassaden på staden. Det blir i tillegg halde møte med gruppa i NBIM som følger opp eksterne forvaltarar.

I 2018 blei tre forvaltarar i Sør-Afrika valde for tilsynsbesøk. Tilsynssekreariatet fekk gjennom møta hos forvaltarane innsikt i organisering, forvaltingsstrategi og kontrollsysteem. Mellom anna såg sekretariatet på korleis forvaltarane følgjer opp ESG-forhold i selskapa som inngår i investeringsporteføyane. Observasjonar frå tilsynet er drøfta med NBIM. Under dette besøket blei det ikkje avdekt særskilde risikoforhold der det var behov for nærmare utgreiingar eller anna oppfølging i tilsynet.

EIGARKAPSUTØVING OG ANSVARLEG FORVALTING

Prinsippa frå hovudstyret for ansvarleg forvaltingsverksamemd er fastsette i tråd med kapittel 2 i mandatet for SPU-forvaltinga. Den ansvarlege forvaltingsverksamda skal støtte opp om måla i forvaltinga ved å fremje den lang-siktige økonomiske utviklinga av investeringane og

redusere den finansielle risikoen som gjeld miljørelaterte forhold og samfunnsforhold.

Hovudstyret i Noregs Bank tek avgjerder om observasjon eller utestenging av selskap etter tilrådingar frå Etikkrådet.⁵⁹ Utestengingar kan òg opphevast etter vedtak i hovudstyret og etter tilråding frå Etikkrådet. Avgjerdene blir protokollførte og offentleggjorde, og Finansdepartementet blir informert særskilt.

Gjennom mandatet for SPU har Finansdepartementet vist tydelege forventningar til arbeidet med ansvarleg forvalting i Noregs Bank. Departementet har òg fastsett retningslinjer for observasjon og utestenging frå Statens pensjonsfond utland. Det følger av retningslinjene at banken kan vurdere om andre verkemiddel enn det Etikkrådet har tilrådd, er betre eigna til å redusere risikoen for vidare normbrot eller av andre årsaker kan vere meir tenlege. Banken kan mellom anna vurdere eigarskapsutøving som verkemiddel. Dette er noko Etikkrådet ikkje sjølv kan gi råd om. Noregs Bank skal sjå dei ulike verkemidla banken har til rådvelde, i samanheng og nyte dei på ein heilskapleg måte. Ei slik heilskapleg vurdering vil i nokre tilfelle seie at hovudstyret kan avgjere at ein skal nyte eit anna verke- middel enn det Etikkrådet har gitt råd om.

Rapporteringa om eigarskapsutøving og ansvarleg forvalting frå Noregs Bank er omfattande både i årleg og kvartalsvis rapportering og i særskild årleg publikasjon.

Gjennom rapportar og protokollar frå hovudstyret følgjer representantskapet med på prosessane i hovudstyret for å behandle råd frå Etikkrådet. På spørsmål frå representantskapet om tilfelle der hovudstyret har fastsett andre verke- middel enn rådet frå Etikkrådet, har sentralbanksjefen gitt utfyllande informasjon. Det har òg vore bedt om ei ut- djuping av informasjon om selskap som er utestengde, og sentralbankleiinga har gitt døme på forhold som hovud- styret har lagt vekt på ved avgjerdene sine. Representantskapet registrerer at det er stor openheit om aktiviteten og avgjerdene.

⁵⁸ Risikofaktorane ESG står for Environmental, Social and Governance – miljømessig, sosial og styringsmessig risiko.

⁵⁹ Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland er oppnemnt av Finansdepartementet for å vurdere om investeringar i enkelte selskap er i strid med dei etiske retningslinjene til Statens pensjonsfond utland, og for å gi råd om observasjon og utestenging av selskap til Noregs Bank.

Sju forventningsdokument som er behandla av hovudstyret, er publiserte sidan 2008. Desse dokumenta skildrar korleis Noregs Bank forventar at selskapa som SPU er investert i, handterer globale utfordringar. Dei nyaste temaa er skatt og openheit og dessutan berekraftig bruk av havet. Forventningane er i tråd med berekraftsmåla til FN. Det er òg publisert posisjonsnotat som tek for seg konkrete spørsmål om selskapsstyring og dannar grunnlag for korleis ein stemmer.

I november 2018 blei NBIM teke opp som medlem av UN Global Compact (UNGC). NBIM tek sikte på å vere ein global leiar innanfor ansvarleg forvalting.

Representantskapet har gått gjennom rapporteringa frå Noregs Bank om ansvarleg forvalting i dei offentlege kvartalsrapportane og årsrapporten om SPU. Over tid har representantskapet vore oppteke av at arbeidet med ansvarleg forvalting i Noregs Bank skal vere målretta og konkret framstilt. Noregs Bank følgjer det etablerte rammeverket, og hovudstyret protokollerer sjølvstendige avgjelder om uttrekk og nedsal.

EIGEDOMSINVESTERINGAR (UNOTERTE), RISIKOSTYRING OG KONTROLL I EIGEDOMSFORVALTINGA

Formålet med det kontinuerlege tilsynet har vore å følgje opp utviklinga i kontrollmiljøet og område med særeigne risikoar og å forstå selskapsstrukturar. Vidare ønskjer tilsynet å sikre gode nok høve til innsyn og kontroll i selskapa. Tilsynssektariatet har følgt utviklinga i egedomsforvaltinga gjennom møte med etterlevingseininga i NBREM og gjennomgang av kvartalsrapporteringa til hovudstyret.

Representantskapet har etablert retningslinjer for tilsyn med selskap Noregs Bank eig, i samband med egedomsinvesteringar i SPU. Retten til innsyn skal regulerast gjennom formelle styrings- og selskapsdokument. Hovudstyret skal sjå til at representantskapet er sikra reelle og effektive høve til innsyn og tilsyn.

I samband med ein tilsynsgjennomgang om risikooppfølging av tredjeparter i forvaltinga av egedomsporteføljen har tilsynssektariatet besøkt ein egedomsforvaltar i Berlin.

TILSYNSGJENNOMGANGAR OG ATTESTASJONSOPPDRAG

Rapporten om krisehandtering som er omtalt ovanfor, omfattar òg NBIM og NBREM. Med utgangspunkt i den godkjende tilsynsplanen for 2018 er det rapportert frå tre tilsynsgjennomgangar som omfattar kapitalforvaltinga. Ein tilsynsgjennomgang om korleis hovudstyret styrer og fører kontroll med tredjepartsrisiko i egedomsforvaltinga er under arbeid, og rapporten vil bli lagd fram for representantskapet våren 2019.

RESULTATOPPFØLGING VED MANDATENDRINGAR FOR SPU-FORVALTINGA

Hovudstyret har ansvaret for å fastsetje mål og strategi for Noregs Bank og overordna retningslinjer for verksemda til banken. Mandatet for SPU-forvaltinga set rammene for korleis Noregs Bank skal gjennomføre oppdraget. SPU-forvaltinga blir utvikla over tid. Sidan etableringa av SPU har det vore store endringar i forvaltaroppdraget til Noregs Bank.

Formålet med gjennomgangen var å vurdere kontroll og oppfølging frå hovudstyret med avkastning og risiko i periodar med mandatendringar. I gjennomgangen blei det òg undersøkt om resultat- og risikorapporteringa er så samanliknbar og konsistent over tid som mogleg.

Mandatendringar kan omfatte forandringar i samansettninga av aktiva, endringar i investeringsuniverset eller endringar i referanseindeksar for måling av avkastning og rammer for risiko. For Noregs Bank og SPU-forvaltinga kan òg andre faktorar som innfasing og rebalansering gjere seg gjeldande. Eit transparent og konsistent rapporteringsrammeverk er viktig for å kunne overvake og vurdere risikoeksponering og oppnådd avkastning. Ved endring av mandatet er det mellom anna sentralt å vurdere korleis resultat og risikoeksponering blir målt og evaluert.

I tilsynsgjennomgangen blei det valt ut to døme på mandatendringar: endring til marknadsvekting i staden for strategisk regionvekting av aksjar og behaldningar av unotert egedom som blei tekne ut av referanseindeksen.

Det finst ingen særskilde internasjonale standardar som spesifikt fastset korleis institusjonelle investorar skal

handtere risiko- og resultatoppfølging i periodar med endringar. Rådgivar Oliver Wyman i tilsynssekreteriatet har bidrige med å identifisere relevant praksis hos andre institusjonelle investorar som Alaska Permanent Fund Corporation (APFC), New Zealand Superannuation Fund og Canada Pension Plan Investment Board.

Med utgangspunkt i korleis avkastning og risiko blir målt og vurdert, blei desse vurderingskriteria brukte i gjenomgangen:

- Er referansane og rapporteringa til hovudstyret konsistent nok, slik at ein kan måle og følgje risikoekspone ringa og avkastninga i porteføljen frå periode til periode?
- Er referansane og rapporteringa som hovudstyret behandler, relevant for den etablerte strategien og godt nok for å vurdere risiko- og avkastningsutviklinga?

Det blei gjort vurderingar av kor omfattande rapporteringa er, kor relevant informasjonen er, og om det er godt nok grunnlag for å trekke konklusjonar og ta avgjerder om strategiske forhold.

Prosessane til Noregs Bank for å følge opp mandatendringar er i store trekk på linje med praksis hos andre institusjonelle investorar.

Metodane for å måle og rapportere avkastning og risiko er tydelege og i samsvar med dei internasjonale standardane GIPS. Utan tydelegare krav og forventningar om avkastning og risikoeksponering enn det som følger av mandatet, er det vanskeleg å vurdere om innføringa av mandatendringane påverkar forvaltinga på ønskt måte. Dette er potensielt viktig styringsinformasjon.

I tilsynsrapporten blei det reist fire spørsmål som hovudstyret blei bedt om å gjøre greie for:

1. Korleis sikrar hovudstyret ei felles forståing av referansar/omgrep som blir nytta i rapporteringa?
2. Korleis evaluerer hovudstyret konsistensen i rapporteringa, og er det vurdert å etablere ei definisjonsliste med sentrale referansar/omgrep som følger som vedlegg i alle rapportar?

3. Korleis sikrar hovudstyret at styringsmåla og rapporteringa blir tilpassa mandatendringar som skjer etter at ein strategiplan er etablert?

4. Kva er prosessen i hovudstyret for å vurdere om gjenomføring av ei mandatendring gir gode resultat når ein tek omsyn til risiko- og kostnadsendringar og eventuelle andre krav og forventningar?

Representantskapet slutta seg til vurderingane og spørsmåla som blei stilte i tilsynsrapporten. Rapporten blei send til hovudstyret, og representantskapet bad om synspunkt frå hovudstyret på vurderingane i rapporten. Hovudstyret har gitt utfyllande kommentarar i svarbrevet sitt.

Til det første spørsmålet svarer hovudstyret at det «er aktivt med på å utvikle den interne rapporteringen og begrepsbruken i samråd med administrasjonen. Referanser/begreper som benyttes i den interne rapporteringen er derfor omforent og definert i forståelse med hovedstyret.» Det er gitt utdjuende kommentarar til vurderingane i rapporten for å underbygge svaret.

Som svar til det andre spørsmålet meiner hovudstyret at «viktige kontrollhandlinger som skal sikre både presisjon og konsistens i offentlige rapporterte tall er at verdsettelse og avkastningsmåling skjer uavhengig av investeringsavdelingene. Videre er det verdsettelseskomiteer både i NBREM og NBIM, og prosesser for kvalitetssikring i forbindelse med produksjon av offentlige rapporter. I tillegg er tallene gjenstand for eksterne revisjon.»

Hovedstyret viser også til arbeidet i internrevisjonen. I årsplanen for 2018 ga hovedstyret internrevisjonen i oppdrag å gi en uavhengig vurdering av styring og kontroll med referanseindeks som grunnlag for måling av risiko og avkastning.»

Når det gjeld oppfølging etter at ein strategiplan er etablert, seier hovudstyret: «Som det fremgår av tilsynsrapporten, tas det hensyn til mandatendringer i de rapportene hovedstyret mottar om forvaltningen. Rapporteringen tilpasses endringer i mandat og styrende dokumenter, uavhengig av om endringene skjer etter at en strategiplan er etablert.

Tilsynsrapporten peker på at diversifiseringseffekten av bankens eiendomsinvesteringar ikke uttrykkes gjennom måltall. Norges Bank har tidligere publisert omfattende analyser av potensialet for diversifisering ved eiendomsinvesteringar. Rapportering av faktiske

diversifiseringsgevinster i SPU krever imidlertid tilstrekkelig historikk. Det er ikke mange år siden Norges Bank gjorde den første investeringen i unotert eiendom, og det har tatt flere år å bygge opp porteføljen til dagens sammensettning. Investeringene har gradvis dekket flere sektorer og flere geografiske regioner.

Det vil være nødvendig å anvende egnede metoder og tallsett for å belyse relevante sammenhenger over tid. Det vil for eksempel ikke være hensiktsmessig å bruke månedstall. Hovedstyret følger opp rapporteringen av virkningen på fondets samlede avkastning og risiko løpende.»

Til det siste spørsmålet viser hovedstyret til at mandatet for SPU-forvaltinga blir fastsett og endra av Finansdepartementet, og svarer vidare mellom anna at «*ved endringer i referanseindeksen er det ikke Norges Bank, men Finansdepartementet, som bestemmer en plan for gjennomføring. Det følger av arbeidsdelingen i forvaltningen at det i første rekke tilligger Finansdepartementet, og ikke banken, å vurdere resultatene av den valgte referanseindeksen og endringer i denne.*

Ved å trekke på rammen for relativ risiko kan banken endre sammensettningen av porteføljen på en annen måte enn det som følger av Finansdepartementets endringer av referanseindeksen. Slike avvik vil påvirke fondets avkastning og risiko, og porteføljen blir målt og rapportert mot utviklingen i Finansdepartementets referanseindeks. Andre mandatendringer enn endringer i referanseindeksen kan også påvirke avkastning, risiko og kostnader dersom endringene får betydning for hvilke investeringer banken gjør i den faktiske porteføljen. Hovedstyret vil her vise til rapporteringen av forholdet mellom avkastning og risiko over tid og til bidragsanalysene for enkeltstrategier i forvaltningen tilbake til 2013.»

Representantskapet tok svara frå hovedstyret til orientering.

ANSVARLEG FORVALTING – TRE GJENNOMGANGAR

Finansdepartementet sende i 2017 ein førespurnad om at representantskapet i Noregs Bank vurderer eitt eller fleire attestasjonsprosjekt innanfor ansvarleg forvaltingsverksem. Som første ledd i det planlagde arbeidet med utgangspunkt i innspel frå departementet blei det i 2017 behandla ei attestasjonsfråsøknad frå Deloitte AS. Attestasjonsoppdraget omfatta utvikling og kommunikasjon av prinsippa frå Noregs Bank for ansvarleg forvaltingsverksem for SPU.

To andre tilsynsgjennomgangar av prinsipp og reguleringar i samband med ansvarleg forvaltingsverksem og mandatet for SPU er rapporterte frå tilsynssekretariatet i 2018.

- Handtering frå hovedstyret av utesettingar og observasjonar av selskap i SPU-forvaltinga
- Oppfølging frå hovedstyret av OECD-rettleiinga for institusjonelle investorar i SPU-forvaltinga

UTVIKLING OG KOMMUNIKASJON AV PRINSIPPA TIL NOREGS BANK FOR ANSVARLEG FORVALTINGSVERKSEM FOR STATENS PENSJONSFOND UTLAND OG OPPFØLGING FRÅ HOVUDSTYRET

Attestasjonsfråsøknad frå Deloitte var omtalt i ein rapport til Stortinget i 2017, Dokument 9 (2017–2018).⁶⁰ Brev om fråsøknad er sendt til Finansdepartementet og publisert.⁶¹ Svarbrevet frå hovedstyret blei behandla av representantskapet 10. september 2018.

Deloitte AS med ressursar frå internasjonale nettverk vurderer om prinsippa frå hovedstyret på området er nedfelt i NBIM- og NBREM-organisasjonen. Attestasjonsoppdraget tok utgangspunkt i mandatet for SPU. Krava til ansvarleg forvalting er omfattande, og det finst ei rekke ulike prinsipp og retningslinjer. Gjennomføringa varierer mellom bransjar og ut frå kva som er statusen for dei relevante prinsippa og retningslinjene.

I attestasjonsrapporten konkluderte Deloitte AS positivt når det gjeld utvikling av prinsipp, kommunikasjon og rapportering. Konklusjonen omfatta berre dei områda som var definerte av målekriteria. Attestasjonsrapporten peikte på tre område der det er rom for vidareutvikling, og gav råd i tråd med dette:

«Som en del av vidareutviklingen av ansvarlig forvaltningsvirksomhet

1. *bør NBIM og NBREM vurdere å styrke prosessen gjennom å ytterligere formalisere at NBREM i samordningsmøtene gir innspill til eventuelle endringer i prinsippene for ansvarlig forvaltningsvirksomhet*

60 Attestasjonsoppdraget blei utført i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE 3000).

61 <https://www.norges-bank.no/contentassets/c80274266a8f496cbebad44b2045cd04/2018-03-16-attestasjonsoppdrag.pdf>

2. og for å styrke dokumentasjonen av at relevante ESG-relaterte temaer er dekket, bør NBIM vurdere å ytterligere formalisere og dokumentere motene med de eksterne forvalterne
3. bør NBIM vurdere å enten inkludere unotert eiendom i publikasjonen (SPUs årlege publikasjon om ansvarlig forvaltning) eller tydeliggjøre at temaet er dekket i årsrapporten for eiendomsforvaltningen»

Representantskapet tok vurderingane i rapporten til etterretning med forventning om at hovudstyret følger opp råda i rapporten og kommenterer tilbake til representantskapet. Hovudstyret har gitt svar til rapporten.

Til første anbefaling skriv hovudstyret at «arbeidsdelingen med administrasjonen ikke innebærer løpende oppfølging av den operative innretningen av virksomhetens interne arbeidsprosesser fra hovedstyrets side. Internrevisjonen gjennomfører imidlertid regelmessige revisjoner av temaet ansvarlige forvaltning, senest i 2016. Konklusjonen fra 2016 var at NBIMs interne rutiner og prosesser tilrettelegger for god styring av de ulike virkemidlene i ansvarlig forvaltningsvirksomhet. Rapporten peker imidlertid på, tilsvarende som rapporten fra attestasjonsoppdraget, at temaet og praksis er i rask utvikling.

Med dette utgangspunktet vil hovedstyret videreforsmide merknaden til NBIM som innspill til interne arbeidsprosesser. Ansvarlig forvaltningsvirksomhet er regelmessig tema for internrevisjonens gjennomganger, og merknaden vil bli formidlet til internrevisjonen som innspill til disse.»

Til den andre tilrådinga viser hovudstyret til ein rapport frå internrevisjonen i 2017:

«Internrevisjonens konklusjon var at NBIMs innretning av interntkontrollen tilrettelegger for en tilfredsstillende oppfølging av eksterne forvaltere, herunder omfanget av møter mellom NBIM og eksterne forvaltere. Den tidligere omtalte revisjonen av ansvarlig forvaltningsvirksomhet konkluderte dessuten med at møter med eksterne forvaltere inkluderte relevante ESG-temaer.»

Hovedstyret mener på dette grunnlaget at NBIMs oppfølging av eksterne forvaltere legger til rette for en systematisk ivaretakelse av ESG temaer.»

Når det gjeld siste den siste tilrådinga om rapportering, svarer hovudstyret:

«Den årlege publikasjonen om ansvarlig forvaltning i SPU er viktig i kommunikasjonen om arbeidet med ansvarlig forvaltningsvirksomhet. Hovedstyret deler representantskapets syn på betydningen av klarhet i hvilke aktiviteter som omfattes av rapporten. Hovedstyret vil på denne bakgrunn be NBIM vurdere å tydeliggjøre at temaet er dekket i den årlege publikasjonen om fondets unoterte eiendomsinvesteringer.»

Representantskapet er oppteke av at ESG-tema blir følgde opp nøy. Sjå utgreiingar om det kontinuerlege tilsynsarbeidet på dette området tidlegare i rapporten. Representantskapet tok svaret frå hovudstyret til orientering.

HANDTERING FRÅ HOVUDSTYRET AV UTESTENGINGAR OG OBSERVASJONAR AV SELSKAP I SPU-FORVALTINGA

I forvaltingsmandatet for SPU regulerer Finansdepartementet rammer for forvaltinga. I 2015 blei mandatet endra slik at departementet ikkje lenger skal godkjenne avgjerder om observasjon og utestenging av selskap. Etikkrådet fremjar forslag om å setje selskap til observasjon eller eventuell utestenging frå investeringsuniverset. Forslag frå Etikkrådet blir sende til hovudstyret i Noregs Bank, som tek avgjørda.

Formålet med gjennomgangen var å vurdere korleis Noregs Bank på overordna nivå styrer og kontrollerer at verksemda etterlever dei prinsippa og retningslinjene som gjeld. Tre hovudspørsmål (vurderingskriterium) blei tekne opp i gjennomgangen:

1. Er det etablert ein prosedyre for å sikre at hovudstyret har eit godt grunnlag til å ta avgjerder om observasjon og utestenging?
2. Oppfyller Noregs Bank retningslinjene for observasjon og utestenging frå SPU som Finansdepartementet har fastsett?
3. Gir mandatet og arbeidet til eigarskapsutvalet god nok transparens i situasjonar der hovudstyret tek avgjerder som skil seg frå tilrådingane frå Etikkrådet?

I gjennomgangen blei det halde møte med ulike eksterne fagmiljø innanfor ansvarleg forvalting.

Konklusjonane i rapporten frå tilsynssektariatet var i hovudsak positive. Hovudstyret har etablert tilfredsstillande prosedyrar for å behandle observasjon og utesettenging av selskap. Noregs Bank oppfyller krava i retningslinjene for observasjon og utesettenging frå SPU.

I dei tilfella der hovudstyret tek ei anna avgjerd enn det Etikkrådet tilrår, kjem dette fram i pressemeldingar. God og dekkjande informasjon om slike vedtak kan reknast som vesentleg for alminneleg tillit til avgjerdene og avgjerdsprosessane. Det er knytt risiko til avgjærder om å setje selskap til observasjon eller å stenge eit selskap ute. Internasjonale kapitalforvaltarar følgjer med på avgjerdene til hovudstyret fordi observasjon eller utesettenging kan ha negativ innverknad på omdømmet til og eventuelt verdien av selskapa dei er investerte i. Ein kan stille spørsmål ved om pressemeldingane gir nok informasjon i dei tilfella der hovudstyret tek ei anna avgjerd enn det Etikkrådet tilrår.

Ut frå denne vurderinga blei det gitt eit råd om at hovudstyret drøftar grunngivinga si meir utfyllande i pressemeldinga der det er vurderingsskilnader mellom tilrådingane frå Etikkrådet og avgjerda til Noregs Bank.

Representantskapet slutta seg til vurderingane i tilsynsrapporten og avgjorde at rapporten skal sendast til hovudstyret. Representantskapet bad om svar frå hovudstyret på tilrådingane i rapporten.

Hovudstyret seier i svaret til representantskapet at «*Norges Bank vurderer løpende hvordan kommunikasjonen kan videreføres. Hovedstyret er positiv til å gi en mer utfyllende begrunnelse i saker der banken fatter en annen beslutning enn tilrådingen fra Etikkrådet. Hovedstyret vil legge vekt på at kommunikasjonen i slike saker skal være tilstrekkelig til å forstå grunnlaget for hovedstyrets beslutning.*

Tilrådingene fra Etikkrådet blir offentliggjort samtidig med beslutningen. Det vil gi en utfyllende beskrivelse av det aktuelle normbruddets omfang og alvor, og selskapets medvirkning eller ansvar.»

Representantskapet tok svaret frå hovudstyret til orientering.

HOVUDSTYRET OG OPPFØLGINGA AV SPU-FORVALTINGA VURDERT MOT OECD-RETNINGSLINJENE FOR FLEIRNASJONALE SELSKAP

Forvaltingsmandatet frå Finansdepartementet regulerer og set rammer for forvaltinga. Ifølgje § 2-2 i mandatet skal prinsippa for ansvarleg forvaltingsverksemd som Noregs Bank fastset, vere baserte på omsyna til god selskapsstyring, miljø og samfunnsforhold. Dette skal gjerast i tråd med internasjonalt anerkjende prinsipp og standardar som Global Compact frå FN, OECD-retningslinjene for eigarstyring og selskapsleiring og OECD-retningslinjene for fleirnasjonale selskap. Det følgjer av mandatet at banken skal integrere arbeidet med ansvarleg forvaltingsverksemd i SPU-forvaltinga. Vidare blir god avkastning på lang sikt rekna for å vere avhengig av ei berekraftig utvikling, jf. § 1-3, (3) i mandatet.

Formålet med gjennomgangen frå tilsynssektariatet var å undersøke om hovudstyret og NBIM rettar seg etter tilrådingane frå OECD på området ansvarlege investeringar, jf. § 2-2 (3) i mandatet. OECD-retningslinjene for fleirnasjonale selskap gir tilrådingar om ansvarleg næringsliv innanfor ei global ramme. Retningslinjene inneholder frivillige prinsipp og standardar for ansvarleg næringsliv i samsvar med dei lovene som gjeld, og internasjonalt anerkjende standardar.

I gjennomgangen blei det gjort ei overordna risikovurdering. Dersom ein skulle bli i tvil om Noregs Bank følgjer opp krava til ansvarleg forvalting i SPU-forvaltinga, kan dette medføre svekt tillit. Gode prinsipp og prosessar er ein føresetnad for å kunne sikre ei ansvarleg forvalting. Hovudstyret må vere engasjert på overordna nivå for å sikre at verksemda blir driven i tråd med krava, og for å etablere tryggleik for at forvaltinga oppfyller desse forholda:

- Prinsippa (krava) frå hovudstyret for ansvarleg forvalting skal følgje tilrådingane i OECD-retningslinjene for fleirnasjonale selskap.
- Ansvaret for å sikre at forvaltinga er innanfor mandatet og operative rutinar, skal vere klargjort.
- Hovudstyret skal vere sikra relevant og dekkjande informasjon.

På bakgrunn av denne vurderinga blei det definert to hovudspørsmål (vurderingsområde):

1. Har hovudstyret og NBIM etablert prinsipp som i stor nok grad er i samsvar med OECD-retningslinjene for fleirnasjonale selskap? Korleis blir dette rapportert til hovudstyret?
2. Nyttar ein rettleiingane «Due Diligence Guidance for Responsible Business Conduct» og/eller «Responsible Business Conduct for Institutional Investors» for å ta i bruk OECD-retningslinjene for fleirnasjonale selskap?

Relevante rettleiingar for innføring av OECD-retningslinjene blei vurderte i tilsynsgjennomgangen. Det blei gjennomført møte med eksterne miljø for å auke forståinga for korleis retningslinjene frå OECD bør tolkast, og korleis rettleiingane til innføringa blir nytta.

Gjennomgangen har ikkje avdekt svake sider ved rutinar og prosessar på området. Tilsynssekreteriatet erfarer at NBIM nyttar store ressursar på området ansvarlege investeringar, og at aktivitetane som blir utførte, er retta mot utvikling av marknader og mot rettleiingane som skal gi verksemdene hjelp til å innføre retningslinjene frå OECD.

Ei vurdering i rapporten var at det er opp til NBIM å avgjere kva for rettleiingar som blir lagde til grunn i gjennomføringa av forvaltinga, så lenge det blir nytta anerkjende standardar og dei elles er i tråd med mandatet.

Vidare blei det konstaterert at hovudstyret i Noregs Bank har etablert eit breitt sett av prinsipp for ansvarlege investeringar. Det er teke omsyn til prinsippa i policy og retningslinjer for NBIM. Rapportering til hovudstyret skjer kvartalsvis.

I tilsynsrapporten blei det gitt ei tilråding om at hovudstyret legg rapporteringa om ansvarleg forvalting til rette slik at ho eignar seg for ekstern stadfesting. Representantskapet vil seinare vurdere om ei ekstern stadfesting kan bidra til auka tryggleik og vidareutvikling av rapporteringa.

Representantskapet slutta seg til vurderingane i tilsynsrapporten og avgjorde at rapporten skal sendast til hovudstyret. Representantskapet bad om svar frå hovudstyret på tilrådingane i rapporten.

Svaret frå hovudstyret:

«Arbeidet innenfor samfunnsansvar og ansvarlige investeringar rapporteres i følgende publikasjoner:

- Norges Banks årsrapport
- Norges Banks årsrapport om forvaltningen av SPU

Hovedstyrets rapportering om ansvarlig forvaltning av SPU er relativt lik i de to rapportene. Siden 2014 har NBIM i tillegg offentligjort en egen publikasjon med utfyllende informasjon om arbeidet med ansvarlig forvaltning.

I Norges Banks årsrapport er rapporteringen om ansvarlig forvaltning en integrert del av rapporteringen om samfunnsansvar. Ekstern revisor bidrar årlig med en analyse av om utkast til denne rapporteringen oppfyller kravene i regnskapsloven § 3-3c. Som en del av dette arbeidet gir ekstern revisor innspill til forbedringer.


Representantskapet anbefaler at hovedstyret tilrettelegger rapporteringen av ansvarlig forvaltning slik at den egner seg for ekstern bekrefstelse. Hovedstyret mener at det er omtalen av ansvarlige investeringar i Norges Banks årsrapport som eventuelt bør være gjenstand for en slik bekrefstelse. En slik ekstern bekrefstelse av denne delen av årsrapporten, vil kunne være en utvidelse av det arbeidet som allerede gjøres med å innhente en ekstern vurdering. Hovedstyret er åpent for å legge til rette for en slik vidareutvikling.

Ansvarlig forvaltning omtales i tillegg i Norges Banks årsrapportering om forvaltningen av SPU. Årsrapporten om forvaltningen av SPU skal ivareta kravene om ansvarlige investeringar i mandatet fra Finansdepartementet til Norges Bank.

Den separate publikasjonen om ansvarlig forvaltning inneholder utfyllende informasjon og skal vise bredden i bankens arbeid. Publikasjonen er tilpasset behovet for å gi detaljert informasjon til ulike interesserenter.

Hovedstyret er åpne for å legge til rette for at det kan gjennomføres en ekstern attestasjon på dette området.»

Representantskapet tok svaret frå hovudstyret til orientering og vil følgje arbeidet med å utvikle rapporteringa på dette området vidare.

FIGUR 8 ÅRSRAPPORTEN TIL NOREGS BANK

KAPITTEL 8

ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR NOREGS BANK FOR 2018

RAMMEVERK OG PROSESS FOR NOREGS BANKS REKNESKAPSRAPPORTERING

Hovudregelen for rekneskapsrapporteringa til Noregs Bank er gitt i sentralbanklova § 30: «*Hovedstyret skal hvert år utarbeide årsberetning og årsregnskap. Årsregnskapet fastsettes av representantskapet. Norges Bank er regnskapspliktig etter regnskapsloven og bokføringspliktig etter bokføringsloven.*»

Årsrekneskapen til Noregs Bank og årsmeldinga frå hovudstyret følgjer reglane i rekneskapslova for store føretak og forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank. Etter forskrifa skal rekneskapsrapporteringa vere utarbeidd i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar (IFRS⁶²), og det er fastsett særskilde krav til presentasjon av SPU og datterselskap.

Årsrekneskapen til Noregs Bank omfattar rekneskapsrapporteringa for SPU-forvaltinga. Den forvalta investeringsporteføljen vil alltid svare til det inneståande beløpet på ein kronekonto som gjeld i balansen til Noregs Bank. Kostnader til forvaltinga og godtgjersla som er godkjend av Finansdepartementet, inngår i resultatrapporteringa. Resultat av forvaltinga er òg viste i rekneskapsnotar. Krav til innhaldet i rapporteringa går fram av mandatet om SPU-forvaltinga. Det blir gitt ut ein eigen årsrapport om SPU-forvaltinga som viser utdrag frå årsrekneskapen til Noregs Bank. Banken skal òg rapportere kvartalsvis om verdiutvikling, resultat og risiko og utnytting av rammer som er gitt i mandatet for SPU frå Finansdepartementet.

Figur 8 viser samanhengen mellom årsrapportane og kva rammeverk som er følgj.

Årsmeldinga, den reviderte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og vedtaket frå representantskapet om fastsettjing av årsrekneskapen blir sendt til departementet for å bli lagt fram for Kongen og kunngjort for Stortinget.⁶³ All rekneskapsrapportering blir publisert på nettsidene til

Noregs Bank. Krav til offentleg tilgang til SPU-forvaltinga følgjer av mandatet.⁶⁴

Arbeidet til ekstern revisor og rapporteringa om rekneskapane til Noregs Bank gjer representantskapet trygt på at det er etablert gode interne rutinar i verksemndene, og at den avlagde rekneskapen er i samsvar med rammeverket.

Slik representantskapet vurderer det, rapporterer Noregs Bank i tråd med rammeverket og er open om verksemda. Kravet i rekneskapslova om å gjøre greie for samfunnsansvar gjeld for Noregs Bank.⁶⁵ Utdjuping av samfunnsansvaret er skildra i årsrapporten og rekneskapen til Noregs Bank for 2018. Med bakgrunn i samfunnsinteressa for verksemda har representantskapet framheva verdien av at hovudstyret rettar merksemd mot dette området.

BEHANDLING AV ÅRSREKNESKAP OG RAPPORTERING FOR 2018

Årsmeldinga og årsrekneskapen til Noregs Bank for 2018 blei godkjende av hovudstyret 6. februar 2019. Samtidig blei ein årsrapport om SPU-forvaltinga godkjend.


Årsmeldinga, årsrekneskapen og årsrapporten om forvaltinga av Statens pensjonsfond utland blei behandla i representantskapsmøtet 26. februar 2019. Representantskapet fastsette årsrekneskapen og disponeringa av totalresultatet i samsvar med forslaget frå hovudstyret. Representantskapet har òg teke rapporten om SPU-forvaltinga i 2018, inkludert hovudstyrevurderinga av resultata, til etterretning. Representantskapet til Noregs Bank fatta dette vedtaket i møte 26. februar 2019:

⁶² IFRS står for International Financial Reporting Standards og er internasjonale rekneskapsstandardar som er gitt ut etter 2001 av standardorganet International Accounting Standards Board (IASB).

⁶³ Jf. sentralbanklova § 30 tredje ledd.

⁶⁴ Mandat for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland, kapittel 6, «Offentlig rapportering»

⁶⁵ Lov om årsregnskap § 3-3 c: «Det skal redegjøres for hva Norges Bank gjør for å integrere hensynet til menneskerettigheter, arbeidstakerrettigheter og sosiale forhold, det ytre miljø og bekjempelse av korruption.»

FIGUR 9 EIGENKAPITALMEKANISMEN. DISPONERING AV RESULTATET TIL NOREGS BANK 2018

- Representantskapet tar hovedstyrets årsberetning for 2018 til etterretning.
- Representantskapet tar revisors beretning til etterretning og fastsetter Norges Banks årsregnskap for 2018.
- I tråd med retningslinjene blir totalresultatet på 15,9 milliarder kroner overført med 0,2 milliarder kroner til kursreguleringsfondet og 15,7 milliarder kroner til overføringsfondet. Fra overføringsfondet overføres en tredjedel – 14,8 milliarder kroner – til statskassen.

Disponeringa av årsresultatet til Noregs Bank og overføringa til statskassen er vist i figur 9, «Eigenkapitalmekanismen».

Årsrekneskapen til Noregs Bank for 2018 viser eit overskot på 15,9 milliardar kroner (27,7 milliardar kroner i 2017). Basert på retningslinjene for disponering av resultatet frå Noregs Bank vil 14,8 milliardar kroner bli overførte til statskassen. Eigenkapitalen er 239,1 milliardar kroner etter disponering av resultat.

Etter sentralbanklova § 30 gir Kongen retningslinjer for avsetningar og disponering av årsresultat, jf. vedtaket frå representantskapet som er vist ovanfor.⁶⁶ Vedtak om overføring frå Noregs Bank til staten må godkjennast av Stortinget, og overføringa blir gjennomført i første kvartal året etter. Tilsvarande overføring til statskassen frå overføringsfondet for 2017 var 14,3 milliardar kroner.

Totale driftskostnader inkludert kostnader til SPU-forvaltinga var 5 696 millionar kroner.⁶⁷ Ressursbruken i 2018 og oppfolginga frå representantskapet er omtalt seinare i rapporten.

⁶⁶ Desse retningslinjene blei fastsette i statsråd 7. februar 1986 og blei sist endra ved kgl.res. 6. desember 2002. Sjå nærmere omtale i oppstillinga over endringer i eigenkapital og informasjon om rekneskapsprinsipp i årsmeldinga til Noregs Bank og rekneskapen for 2017.

⁶⁷ Summen inkluderer også samla kostnader til verksemda til representantskapet på 45,4 millionar kroner. Sjå nærmere omtale i kapittel 11 i rapporten.

Balansen til Noregs Bank 31. desember 2018 var på 8 851,1 milliardar kroner. Han er sett saman av verdiar i verksemda til sentralbanken og midlar i forvaltinga av Statens pensjonsfond utland. Total balansesum utanom SPU var 599,7 milliardar kroner. Eigenkapitalen etter overføringar til statskassen var 239,1 milliardar kroner og omfattar eit kursreguleringsfond og eit overføringsfond. Kursreguleringsfondet er bunden eigenkapital, og overføringsfondet utgjer grunnlaget for overføringar til statskassen.



Balansen til Noregs Bank per 31. desember 2018, totalt og eksklusiv SPU, er vist i figur 10 og 11, «Balancesamsetning».

Marknadsverdien av kroneinnskotet for SPU i balansen til Noregs Bank var 8 256 milliardar kroner ved utgangen av 2018 før frådrag av skyldig forvaltingsgodtgjersle. Det var ein nedgang på 232 milliardar kroner frå 2017. Verdiane i SPU var fordelt med 5 477 milliardar kroner (66,3 %) i aksjar, 2 533 milliardar kroner (30,7 %) i rentepapir og 246 milliardar kroner (3,0 %) i unotert eigedom.

Nedgangen i marknadsverdi ved årsslutt kjem fram av samla avkastning før forvaltingskostnader i 2018, på -485 milliardar kroner, endringar i kronekursen som auka verdien av SPU med 224 milliardar kroner og netto tilførsel som var på 33,8 milliardar kroner. 2018 var det første året med netto tilførsel til SPU sidan 2015.

Forvaltingsgodtgjersle inkludert faste honorar til eksterne forvaltarar i 2018 var 3 872 millionar kronar (3 804 millionar kroner i 2017). Dette utgjer 4,6 basispunkt av gjennomsnittleg kapital til forvalting gjennom året (4,8 basispunkt i 2017). Godkjend ramme frå Finansdepartementet var 7,0 basispunkt for 2018. I tillegg blir avkastningsavhengige honorar dekte, og desse honorara var i 2018 på 673 millionar kroner.

Totale forvaltingskostnader utgjorde 4 544 millionar kroner (4 728 millionar kroner i 2017). I tråd med § 5-1 i forvaltingsmandatet for SPU skal totale kostnader trekkjast frå kronekontoen før netto avkastning blir tilført. Meir detaljert informasjon er teke med i omtalen av behaldninga og resultat i årsrapporten og rekneskapen til Noregs Bank og rapport om SPU-forvaltinga i 2018.

FIGUR 10 BALANSESAMSETJING. BALANSEN TIL NOREGS BANK**FIGUR 11** BALANSESAMSETJING. BALANSEN TIL NOREGS BANK EKSKL. SPU

Hovudstyret skal gi ei årleg vurdering av oppnådde resultat.⁶⁸ Vurderingane blir tekne inn i årsrapporten til Noregs Bank om SPU-forvaltinga. For 2018 seier hovudstyret at resultata var svake. Avkastninga for det siste året var 0,3 prosent lågare enn avkastninga på referanseporteføljen som forvaltinga blir målt mot. Aksjedelen har auka over tid og utgjorde 66,3 prosent av samla investering ved årsslutt. Aksjeavkastninga er derfor viktigare for det samla resultatet no enn i tidlegare år. Resultatbidraga frå dei ulike strategiane viser at hovudstrategiane allokering, verdipapirseleksjon og marknadsekspansjon bidrog til at avkastninga blei lågare enn i referanseindeksen. Det negative aksjeresultatet på -9,5 prosent blei ikkje vege opp av avkastninga i dei andre porteføljane, som kvar for seg var positive.

Hovudstyret legg i vurderingane sine vekt på at ein må sjå på resultata over tid. Storleiken på SPU kan gjere det meir krevjande å halde oppe nivået på meiravkastninga målt i prosent framover.

Representantskapet har merka seg at hovudstyret meiner erfaringane med dei ulike investeringsstrategiane vil vere ein viktig del av grunnlaget for arbeidet med neste strategiplan, som skal gjelde frå 2020. Representantskapet er samtidig oppteke av at SPU blir forvalta langsiktig. Strategiar for SPU-forvaltinga må gjelde over tid, og det vil vere risiko knytt til endringar som er baserte på årlege avkastningsresultat.

Representantskapet har òg merka seg omtalen av verksemda og dei oppnådde resultata til Noregs Bank i årsmeldinga frå hovudstyret for 2018. Representantskapet meiner at årsmeldinga til hovudstyret og årsrekneskapen til Noregs Bank gir god og dekkjande informasjon om verksemda.

REVISORRAPPORTERING TIL ÅRSREKNEKAPEN FOR 2018

Deloitte AS reviderer rekneskapen til Noregs Bank og rekneskapsrapporteringa for investeringsporteføljen til SPU, som inngår i ein note til årsrekneskapen.

Representantskapet har teke revisjonsplanen for 2018 for Noregs Bank inkludert SPU til etterretning før revisjonsarbeidet tok til. Når revisoren vurderer risikoen for vesentlege feil i rekneskapen, blir det teke omsyn til opparbeidd kunnskap om verksemda, rutinane og prosessane til Noregs Bank og forventningane frå omverda til kvalitet, openheit og transparens i rapporteringa.

Då representantskapet behandla årsrekneskapen til Noregs Bank for 2018, gjorde den eksterne revisoren greie for det utførte revisjonsarbeidet. Representantskapet har fått lagt fram og teke til etterretning ein revisjonsrapport der det er orientert om vesentlege punkt som er vurderte i samband med rekneskapsrapporteringa.

Representantskapet har fått to revisjonsmeldingar frå Deloitte AS i samanheng med årsrekneskapsrapportering frå Noregs Bank, høvesvis «*Uavhengig revisors beretning med uttalelse om revisjonen av Norges Banks årsregnskap*» og «*Uavhengig revisors beretning med uttalelse om revisjonen av regnskapsrapporteringen om forvaltningen av Statens pensjonsfond utland*».

For årsrekneskapen til Noregs Bank har revisoren konkludert slik:

⁶⁸ Jf. § 6-2 i mandatet for SPU-forvaltinga.

«Konklusjon

Vi har revidert Norges Banks årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2018, resultatregnskap, oppstilling over endringer i egenkapital og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoene og noter til regnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av Norges Banks finansielle stilling per 31. desember 2018, og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoene i samsvar med forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank. Forskriften krever at Norges Banks regnskap utarbeides i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsatt av EU, men fastsetter særskilte krav til presentasjon av investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland og datterselskaper som utelukkende utgjør investeringer som ledd i forvaltningen av investeringsporteføljen.»

Konklusjonen til revisoren i fråsegna om rekneskapsrapporteringa for investeringsporteføljen til SPU har ei positiv stadfesting med tilsvarende innhold.

I revisormeldingane har revisoren skildra sentrale forhold som han meinte var det viktigaste ved revisjonen av årsrekneskapen for 2018, og han har vurdert risikoane. Revisoren har lagt spesielt vekt på områda «Forvaltning av aksje- og renteporteføljene i valutareservene og Statens pensjonsfond utland samt petrobufferporteføljen», «Sedler og mynt i omlop», «Verdsettelse av investeringer i unotert eiendom, Statens pensjonsfond utland» og «Noteinformasjon om avkastning og risiko, Statens pensjonsfond utland». Det er ikke gitt særskild konklusjon på dei ulike områda.

For dei tre første kvartala i året er det levert revisjonsfråsegner utan merknader for forenkla revisorkontroll av rekneskapsrapporteringa for SPU. Arbeidet med desse fråsegogene følgjer revisjonsstandard for forenkla revisorkontroll av delårsrekneskapar.

Representantskapet har teke revisjonsrapporten, revisormeldingane og dei kvartalsvise fråsegogene fra Deloitte AS til etterretning. Sjå elles årsmeldinga og rekneskapen til Noregs Bank og rapportering om SPU-forvaltinga for 2018.

For datterselskap i eigedomsforvaltinga med eigne valde revisorar blir det levert melding frå den uavhengige revisoren direkte til styret i dei enkelte selskapa. Desse revisormeldingane blir ikkje behandla av representantskapet.

KAPITTEL 9

BUDSJETTET OG RESSURSBRUKEN TIL NOREGS BANK

RAMMER FOR BUDSJETT, BUDSJETT- REGLEMENT OG ØKONOMIREGLEMENT

Budsjettet til Noregs Bank inngår ikkje når Stortinget behandler statsbudsjettet. Som mange andre sentralbankar har Noregs Bank eit budsjettjølvstende som ikkje gjeld i andre delar av statsforvaltinga. Eit slikt sjølvstende kan bidra til å sikre uavhengig utøving av pengepolitikken og sørge for finansiell stabilitet og dermed verke inn på handlefridommen til hovudstyret. Denne fridommen stiller krav om streng budsjettdisiplin og nøye overvaking av ressursbruken.⁶⁹

Etter sentralbanklova⁷⁰ skal hovudstyret utarbeide forslag til budsjett for det kommande driftsåret. Budsjettet blir vedteke av representantskapet og kunngjort for Finansdepartementet.

Representantskapet har fastsett budsjettreglement med overordna prinsipp for økonomistyringa i Noregs Bank.⁷¹ Prinsippa omfattar òg SPU-forvaltinga. Reglementet skildrar overordna retningslinjer og føresetnader for budsjettvedtak.

I budsjettreglementet er det eit prinsipp at det årlege vedtaket omfattar den samla verksemda til Noregs Bank. Ved budsjettbehandlinga ser representantskapet til at det er forsvarlege økonomiske rammer for sikring av oppgåvane og drifta i Noregs Bank. På overordna nivå skal kriterium og føresetnader for budsjettering vere konsistente for heile verksemda.

Ved behandling av årlege budsjett og årsrekneskapsrapportering gjer representantskapet eigne vurderinger og kan be hovudstyret om utfyllande informasjon.

Basert på budsjettreglementet har hovudstyret fastsett eit utfyllande økonomireglement for Noregs Bank med prinsipp for økonomistyring og budsjettprosess.⁷² Som ei oppfølging av tidlegare merknader frå representantskapet

er det presisert at hovudstyret skal utøve ein kostnads-effektiv og forsvarleg ressursbruk, med krav til gjennomføring av eksterne kostnadssamanlikningar (benchmarking) og kost/nytte-vurderingar.

Finansdepartementet fastset ei ramme for godtgjersle av forvaltingskostnadene som del av forvalta kapital i Statens pensjonsfond utland. Dette er i tråd med mandatet for SPU-forvaltinga.⁷³ Noregs Bank blir berre godtgjort for faktiske kostnader innanfor den fastsette ramma. Godkjenningsa frå departementet blir gjord med utgangspunkt i budsjetttestimatet frå Noregs Bank som viser eit forslag til ei øvre ramme. Delen av honorar til eksterne forvaltarar som følgjer av oppnådd meiravkastning, blir dekt i tillegg til ramma. Innanfor godtgjersleramma får Noregs Bank dermed ingen økonomisk risiko.

Hovudstyret er etter budsjettreglementet ansvarleg for å gjennomføre aktivitetar slik at ein når fastsette mål innanfor dei økonomiske rammene som blir gitt i budsjettvedtaket. Vidare skal SPU-forvaltinga styrast kostnadseffektivt og slik at Noregs Bank ikkje pådreg seg kostnader utover godtgjersleramma som Finansdepartementet har godkjent.

OPPFØLGING AV BUDSJETTVEDTAK FOR 2018 OG VURDERING AV RESSURSBRUKEN

KOMMENTARAR FRÅ BUDSJETTBEHANDLINGA FOR 2018

I samband med vedtak av budsjettet for 2018 hadde representantskapet fleire kommentarar til budsjettframlegget frå hovudstyret. Behandlinga er skildra i protokollen frå møtet⁷⁴:

⁶⁹ Meld. St. 7 (2018–2019), kapittel 3.5.5. Jf. òg omtale i NOU 2017: 13.

⁷⁰ Sentralbanklova § 29

⁷¹ Vedteke av representantskapet 15. november 2012. Sist endra 5. november 2015.

⁷² Fastsette av hovudstyret 21. november 2012 med endringar sist 22. november 2017.

⁷³ § 5-1 i mandat for SPU-forvaltinga:

«Banken skal innen 1. desember hvert år sende departementet et begrunnet forslag til ramme for kostnadene ved å forvalte investeringsporteføljen basert på overslag over neste års forvaltningskostnader.»

«Departementet fastsetter rammen for forvaltningskostnadene som andel av forvaltet kapital.»

⁷⁴ Møte i representantskapet 14. desember 2017. Protokollen er publisert på <https://www.norges-bank.no/Om-Norges-Bank/Organisering-og-styring/Representantskapet/Protokollar-fra-mote-i-representantskapet/>

Representantskapet merket seg at budsjettet fra 2017 til 2018 ville øke med rundt 11 %. Det vises til uttalelsen fra Stortingets finanskomité (Innst. 326 S (2015–2016)):

«Komiteen viser til at fondets forvaltningskostnader målt i kroner har økt over tid og at de målt i kroner er betydelige. Det er derfor viktig med løpende vurderinger av hvordan forvaltningen kan gjøres mer kostnadseffektiv, og komiteen har en klar forventning om at stordriftsfordeler som følge av fondets stadig økte verdi og virksomhet vil kunne utnyttes.»

Representantskapet har fastsatt et budsjettreglement for Norges Bank som legger vekt på at kostnadssammenlikninger skal benyttes. Representantskapet merket seg at kostnadene som ble presentert for forvaltningen av SPU i 2018 ikke uten videre kan sammenstilles med sammenligningsgrunnlaget, blant annet fordi skillet mellom aktiv og passiv forvaltning ikke er skarp. For å sikre en tilstrekkelig kostnadsbevissthet, er representantskapet opptatt av at relevante kostnads-sammenlikninger benyttes for å vurdere utviklingen i ressursbruken.

Representantskapet merket seg at Norges Bank i budsjettframlegget beskriver omfattende tiltak for å videreutvikle IT-sikkerhetsarbeidet. Denne prioriteringen henger tydelig sammen med tidligere risikorapporter. Samtidig merket representantskapet seg at hovedstyret legger til rette for at det utvikles ekspertise og infrastruktur for IT-sikkerhet på tre ulike områder i Norges Bank.

Representantskapet mener det er formålstjenlig med en helhetlig tilnærming til virksomhetsovergripende funksjoner for å dra nytte av stordriftsfordeler og sikre kompetanse. Representantskapet understreket betydningen av at hovedstyret i behandlingen av IT-sikkerhetsarbeid finner løsninger som ivaretar Norges Banks totalbehov på en kostnadseffektiv og forsvarlig måte.

Det blir elles vist til budsjettvedtak og omtale i Dokument 9 (2017–2018). Ved oppfølginga frå representantskapet av budsjettrapporteringa frå Norges Bank om ressursbruken i 2018 dannar desse vurderingane eit grunnlag.

VURDERING AV RESSURSBRUKEN I 2018

Hovudstyret sammanfattar status for ressursbruken samla for Norges Bank per første halvår og ved årsslut. Representantskapet følgjer og meir detaljerte beskrivningar av kostnadsutviklinga i verksemderapportar kvart kvartal frå NBIM og halvårleg frå sentralbankverksemda.

Ved rapportering om status for første halvår merka representantskapet seg ressursbruken og at prognosene for året låg godt innanfor periodisert godkjent budsjett.

Rapporteringa ved årsslut omfattar ressursbruken målt mot vedteke budsjett for dei samla driftsinntektene, driftsutgiftene og investeringane i Norges Bank. Omdisponeeringar og avvik er omtalte. I tråd med budsjettreglementet er det gjort greie for oppnådde resultat vurdert mot føresetnaden i budsjettframlegg. Det er orientert om status for gjennomføring av handlingsplanar og måloppnåing saman med ei vurdering av risikobiletet.

Totale driftskostnader for året 2018 var 4 978 millionar kroner. Av dette var kostnadene til SPU-forvaltinga 4 544 millionar kroner. Netto driftsresultat med omsyn til godtgjersle for SPU-forvaltinga og utan kostnadene til representantskapet var -981 millionar kroner, som var 36 millionar kroner under netto driftsbudsjett. Driftskostnadene til SPU-forvaltinga ekskludert avkastnings-avhengige honorar til eksterne forvaltarar var 576 millionar kroner lågare enn budsjett. Prosentdelen av SPU som blir forvalta av eksterne forvaltarar, blei redusert frå 5,3 til 3,9 prosent i løpet av året.

Sentralbanksjefen har gjort greie for ressursituasjonen når det gjeld planar, og gitt utfyllande informasjon om reversering av finansskatt, lågare personalkostnader, lågare konsulentbruk enn forventa, i nokon grad knytt til fornying av IT-porteføljen, og forseinkinga i arbeidet med kontorinvesteringar i New York og London.

Investeringar i samband med utviding av kontorlokala i New York og London har vore noko lågare enn budsjettet i 2018, og det er teke høgd for å halde fram prosjekta i investeringsbudsjettet for 2019. Investeringar i sentralbankverksemda blir knytte til ein prosjektporlefølje med fleirårige prosjekt, særleg innanfor bygg, tryggleik og utvikling på IT-området.

Rapporteringa omfattar òg status på driftskostnader i heileigde operative driftsselskap og heileigde holdingselskap som inngår i forvaltinga av egedomsinvesteringane i SPU. Godkjend samla budsjetttramme var 100 millionar kroner for driftskostnader i dei operative driftsselskapa for 2018. Totale kostnader var 83 millionar kroner, som er på nivå med året før, men 17 millionar kroner lågare enn budsjetttramma.

Representantskapet har teke utgjeiringane frå sentralbanksjefen og rapportar frå hovudstyret om halvårleg status og om samla ressursbruk for Noregs Bank i 2018 til etterretning og godkjent driftsrekneskapen. Verksemdsrapportar for NBIM og sentralbankverksemda gjennom året og ved årsslutt er òg tekne til etterretning. Hovudstyret har styrt ressursbruken i 2018 innanfor godkjende budsjetttrammer og rapporterer i tråd med budsjettreglementet for Noregs Bank.

VEDTAK FRÅ REPRESENTANTSkapET AV NOREGS BANKS BUDSJETT FOR 2019

BUDSJETT FOR NOREGS BANK FOR 2019

Under førebuing til at representantskapet skal behandle budsjettframleggjet frå hovudstyret for 2019, er det gjort vurderingar av om budsjettreglementet er følgt. Tilsynssekrariatet har samtidig hatt dialog med Noregs Bank om oppfylling av krava.

Årsresultatet til Noregs Bank er dominert av avkastninga frå valutareservane. I årsrekneskapen blir denne avkastninga presentert som netto inntekt frå finansielle instrument. På grunn av dei uforeseielege svingingane i avkastninga frå valutareservane, som mellom anna er knytte til uviss i utviklinga i valutakursar, er ikkje desse inntektene inkluderte i budsjettet. Dette er òg i samsvar med budsjettreglementet. Det blir derfor budsjettert med eit netto negativt driftsresultat for Noregs Bank.

Det vedtekne budsjettet for 2019 viser eit samla negativt driftsresultat på 968 millionar kroner. Dei totale driftskostnadene er rekna til 5 851 millionar kroner, som er ein auke på 200 millionar kroner frå rapporterte driftskostnader i 2018. Felleskostnadene er eliminerte i det konsoliderte budsjettet for Noregs Bank. Kostnader til SPU-forvalting er budsjetterte med 4 741 millionar kroner. Det er ein auke på 197 millionar kroner frå rapporterte forvaltingskostnader det førre året, men dette utgjer

samtidig ein reduksjon på 529 millionar kroner målt mot løyvd forvaltingsramme og budsjettet for 2018.

Dei samla driftskostnadene er reduserte med 5 prosent mot budsjettet for 2018. På spørsmål frå representantskapet i møtet gjorde sentralbankleiainga mellom anna greie for usikre og variable postar, stordriftsfordelar i verksemda, strategiske val og kostnadssamanlikningar. Reduksjonen kjem i hovudsak av strategiske endringar som redusert bruk av eksterne forvaltarar i SPU, færre tilsette, lågare kostnader til utkontrakterte IT-tjenester og reduserte kostnader til konsulent- og analysetenester.

Ved fastsetjinga av budsjettet låg det føre eit brev frå Finansdepartementet⁷⁵ med forventningar til kostnadsstyring og ei løyvd ramme for godtgjersle av SPU-forvaltinga. Departementet har fastsett ei maksimal ramme for dekning av forvaltingskostnader for 2019 på 7,0 basispunkt av årets gjennomsnittlege marknadsverdi i SPU. Departementet skriv at det har merka seg at kostnadene for forvalting av Statens pensjonsfond utland, som del av kapitalen, har falle over tid. Dette er i tråd med den uttrykte forventninga frå finanskomiteen om at stordriftsfordelar som følgje av stadig auka verdi og verksemd vil kunne utnyttast, jf. Innst. 370 S (2017–2018). Representantskapet er oppteke av kostnadsutvikling i budsjettbehandlinga.

Budsjettet for Noregs Bank for 2019 blei vedteke 13. desember 2018. Sjå vedtaket i figur 12 (eiga ramme). Brev om budsjettvedtaket blei sendt til Finansdepartementet 14. desember 2018.

I budsjettet er det planlagt med 924 fast tilsette i Noregs Bank ved utgangen av 2019. Fordelinga mellom SBV og NBIM er høvesvis 355 og 569. Ved utgangen av 2018 var det 953 fast tilsette og 601 av desse var tilsette i NBIM. Representantskapet gjer ikkje vedtak om talet på tilsette i Noregs Bank.

Det blir budsjettert med totale driftsinntekter på 4 882 millionar kroner. Godtgjersle for SPU-forvaltinga er på 4 741 millionar kroner, og 141 millionar kroner er andre driftsinntekter, som i hovudsak kjem frå tenester til bankane og staten og husleige frå eksterne leigetakrar.

⁷⁵ Brev frå Finansdepartementet datert 16. november 2018

FIGUR 12 BUDSJETTVEDTAK FOR NOREGS BANK 2019

I samsvar med sentralbankloven og budsjettreglementet for Norges Bank har representantskapet behandlet hovedstyrets forslag til budsjett for Norges Bank for 2019.

Med henvisning til brev fra Finansdepartementet datert 16. november 2018 gjeldende forvaltningsgodtgjøring for 2019 for Statens pensjonsfond utland fastsetter representantskapet følgende budsjett for Norges Bank for 2019 (i millioner kroner):

Forvaltningsgodtgjørelse SPU	4741
Andre driftsinntekter	141
Sum driftsinntekter Norges Bank	4882
Personalkostnader SBV	525
Øvrige driftskostnader SBV	607
Av- og nedskrivninger SBV	136
Personalkostnader NBIM	1430
Øvrige driftskostnader NBIM	2590
Av- og nedskrivninger NBIM	145
Akvastningsavhengige honorarer til eksterne forvaltere NBIM	640
Eliminering av felleskostnader fra SBV til NBIM *	-214
Eliminering av felleskostnader allokkert fra SBV til Repr./TS	-8
Sum driftskostnader	5851
Netto driftsresultat Norges Bank	-968

* Elimineringen består av felleskostnader fra SBV til NBIM 153 millioner kroner, husleie 26 millioner kroner og allokkerte kostnader fra Repr./TS til NBIM på 35 millioner kroner, sum 214 millioner kroner.

Nye investeringsforslag utgjør 45 millioner kroner i sentralbankvirksomheten og 37 millioner kroner i kapitalforvaltningen. Tidligere vedtatte og pågående investeringer utgjør 50 millioner kroner i SBV og 92 millioner kroner i NBIM.

Representantskapet godkjenner 115 millioner kroner som en budsjetttramme for 2019 for driftskostnader i operative driftsselskaper innenfor eiendomsforvaltningen i Statens pensjonsfond utland.

Representantskapet har fastsatt budsjett for tilsyns- og revisjonskostnader i eget vedtak i møte den 13. desember 2018.

Norges Banks samlede budsjett meddeles Finansdepartementet i samsvar med sentralbanklovens § 29.

Enkelte postar i budsjettet er prega av vesentleg uvisse. Budsjettet for 2019 er basert på valutakursar per 30. juni 2018.⁷⁶ I første rekke knyter uvissa i kapitalforvaltinga seg til utviklinga i valutakursar, kapital under forvalting og oppnådd avkastning. Dette er element som ligg utanfor den alminnelege budsjettkontrollen i Noregs Bank. Storleiken på kapital under forvalting og fordelinga av midlane vil påverke mellom anna kostnadene til depottester. Ein vesentleg del av honorara til eksterne forvaltarar og avtalar om kompensasjonsordning internt i NBIM er knytte opp til oppnådd avkastning over tid.

I budsjettreglementet frå representantskapet for Noregs Bank er det lagt vekt på at relevante kostnadssamanlikningar skal nyttast. For å sikre at ein er bevisst på kostnader, er representantskapet opptek av at kostnadssamanlikningar skal brukast for å vurdere utviklinga i ressursbruken. Hovudstyret omtaler eksterne samanlikningar av ressursbruk i budsjettframlegget sitt. Noregs Bank deltok saman med 42 andre sentralbankar på ei ekstern samanlikning av ressursbruk utført av BIS Central Bank Governance Group med vekt på årsverk. Basert på informasjon frå dei deltagande sentralbankane har BIS lagt ned stor innsats i eit forsøk på å betre grunnlaget for å gjere relevante samanlikningar (benchmarking). Dei utrekningane som BIS har gjort, som er avleidde av undersøkingane deira, tyder på at ressursbruken til Noregs Bank er på linje med samanliknbare sentralbankar.

Det kanadiske selskapet CEM Benchmarking Inc. utarbeider på oppdrag frå Finansdepartementet ein årleg rapport som samanliknar kostnadene for SPU-forvalting med kostnadene i meir enn 300 andre fond. Frå dette er det sett saman ei samanlikningsgruppe for SPU som omfattar dei største fonda i undersøkinga. Samanlikninga for 2017, som er det siste året med tilgjengelege data, viser at SPU er det fondet i samanlikningsgruppa som har lågast kostnader, målt som del av forvalta kapital. SPU-kostnadene var 11 basispunkt lågare enn samanlikningsgruppa.⁷⁷

På oppdrag frå Finansdepartementet utarbeidde McKinsey hausten 2017 ein rapport om kostnadene i forvaltinga av

SPU, inkludert ei kostnadssamanlikning med andre fond. Analysen var basert på data frå CEM, men kostnadene blei vurderte mot ei samanlikningsgruppe som omfatta ni av dei største fonda. Rapporten viste at SPU-forvaltinga er kostnadseffektiv samanlikna med desse fonda. CEM har for 2017 utvida rapporten sin med ei alternativ kostnadssamanlikning som svarer til metodikken som blei brukt i McKinsey-rapporten. Denne samanlikninga viser at SPU-kostnadene er 3,9 basispunkt lågare enn samanlikningsgruppa for 2017.

Representantskapet har ved tidlegare års budsjettbehandling etterspurt at Noregs Bank gjer sjolvstendige analysar og kostnadssamanlikningar i kapitalforvaltinga utover å vise til CEM-rapporten. Representantskapet har merka seg at CEM-rapporten er vidareutvikla og no utgjer eit meir relevant grunnlag for samanlikningar. Det vil framleis vere viktig for representantskapet å følgje kostnadsutviklinga gjennom ulike analysar.

Representantskapet merka seg at hovudstyret i budsjettframlegget skildrar omfattande tiltak for å sikre at IT-systema til Noregs Bank støttar opp om ei sikker og kostnadseffektiv drift. I lys av dette skjer det større strategiske satsingar på begge verksamhetsområda som blir ført vidare i 2019. Vidareutvikling og styrking av IT-tryggleik i er integrert i prosjekta. Representantskapet understreka verdien av at hovudstyret finn løysingar som dekkjer det samla behovet til Noregs Bank på ein kostnadseffektiv og forsvarleg måte.

Finansdepartementet har fastsett ei maksimal ramme for forvaltingskostnader for 2019 på 7,0 basispunkt av den gjennomsnittlige marknadsverdien⁷⁸. Det er same nivå som for 2018. Kostnadsramma blir fastsett for eitt år om gongen og er basert på den gjeldande investeringsstrategien. Mellom kostnadsramma og budsjettet er det lagt inn ein sikringsmargin som for budsjettet for 2019 utgjer 2,3 basispunkt. Departementet peikte på at dette er høgare enn sikringsmarginen for 2018, men meinte at ramma bør setjast slik at Noregs Bank har nok fleksibilitet til å gjennomføre forvaltingsstrategien.

⁷⁶ Føresign i økonomireglementet til hovudstyret

⁷⁷ CEM-undersøkinga har sidan 2012 vist at kostnadsnivået i SPU-forvaltinga har vore lågare enn i samanlikningsgruppa. CEM-rapporten for 2017 blei publisert av Finansdepartementet 27. februar 2019.

⁷⁸ Utrekning av gjennomsnittssummen er basert på marknadsverdien av porteføljen i SPU rekna i norske kroner ved inngangen til kvar måned i kalenderåret.

TABELL 1 INVESTERINGSBUDSJETT

PLANLAGDE INVESTERINGER	TIDLEGARE VEDTEKNE OG AKTUELLE INVESTERINGER	NYE, LØYVDE FRÅ 2019	TOTALT TIL DISPOSISJON	PROGNOSE FOR BRUK I 2019
Sentralbankverksemda	50	45	94	78
Kapitalforvaltinga	92	37	129	129
Sum	142	82	223	207

Nye investeringar er rekna til 82 millionar kroner i det vedtekne budsjettet. Inkludert tidlegare vedtekne, aktuelle investeringar som blir overførte til 2019, er investeringsbudsjettet for Noregs Bank på 223 millionar kroner. Sjå spesifikasjon i tabell 1.

Representantskapet rettar mykje merksemd mot kostnadsstyringa frå hovudstyret og dei forventningane Stortinget og Finansdepartementet har gitt uttrykk for. Det blir rekna som positivt at kostnadssamanlikningar aktivt er tekne med i budsjettprosessen. Endringar i strategiar for verksemda og styringa av kostnader blir òg følgde kontinuerleg gjennom tilsynet.

BUDSJETT FOR DOTTERSELSKAP I EIGEDOMSFORVALTINGA I SPU

Etter budsjettreglementet skal budsjett for forvaltingskostnader i datterselskap som inngår i forvaltinga av eigedomsinvesteringane i SPU, leggjast fram for representantskapet. Kostnadsramma frå Finansdepartementet inkluderer òg desse forvaltingskostnadene. Andre driftskostnader i heil- og deleigde eigedomsselskap som er knytte til kontinuerleg vedlikehald, og drift av bygningar og leigeforhold er ikkje omfatta av budsjettbehandlinga. Slike kostnader blir direkte belasta rekneskapanane til selskapet med avrekning mot oppnådd avkastning.

Den vedtekne budsjettramma på 115 millionar kroner i forvaltingskostnader for dei operative driftsselskapene i eigedomsforvaltinga er ein auke på 15 millionar kroner samanlikna med budsjettet for og dei faktiske forvaltingskostnadene i 2018. Det er budsjettet med 24 tilsette i datterselskapet.

BUDSJETTVEDTAK FOR EIGA VERKSEMD I REPRESENTANTSkapet i 2019

Representantskapet i Noregs Bank fastsette i møte 13. desember 2018 budsjettet for 2019 for eiga verksemد, som omfattar representantskapet, tilsynssekreariatet, inkludert bruk av eksterne fagressursar, og levering av finansiell revisjon og attestasjonsoppdrag frå ekstern revisor. Samla er dei forventa kostnadene i 2019 estimerte til 50,4 millionar kroner. Sjå òg omtale av aktivitetar og ressursbruk i representantskapet i 2018 i kapittel 11, tabell 2.

Budsjettet til representantskapet utgjer 4,3 millionar kroner. Det dekkjer alle faste og variable honorar og møtekostnader basert på den faste møteplanen for 2019. Vidare er det teke høgd for kostnader til planlagde seminar og studiereiser.

Tilsynssekreariatet har åtte disponible årsverk. Budsjettet på 27,4 millionar kroner inkluderer lønns-, personal- og pensjonskostnader og ekstern opplæring med summen 14,4 millionar kroner. Husleige og fordelte felleskostnader frå tenesteleveranseavtalen med Noregs Bank utgjer 8 millionar kroner. I samanheng med tilsynsplanen for 2019 er det budsjettet med 5 millionar kroner til kjøp av spesialisttenester frå ulike fagmiljø.

Det er budsjettet med revisjonshonorar på 15,7 millionar kroner. Dette omfattar finansiell revisjon av rekneskapen til Noregs Bank. Av dette er 1,9 millionar kroner knytte til avgrensa revisjon av kvartalsrekneskapane Statens pensjonsfond utland. I tillegg er det budsjettet med 3,0 millionar kroner som ei ramme for at tilsynssekreariatet skal kunne bruke Deloitte AS i samband med attestasjonsoppdrag. Honorara til ekstern revisor tek utgangspunkt i fast pris i engasjementsavtalen med Deloitte AS justert for avtaleregulert prisindeks.

KAPITTEL 10

PRIORITERINGAR I DET VIDARE TILSYNSARBEIDET

Prioriteringane frå representantskapet for tilsynet i 2018 er omtalte i eit eige kapittel i fjarårets rapport, Dokument 9 (2017–2018). Tilsynsgjennomgangar har omfatta kriseberedskapen i Noregs Bank, oppfølging av endringar i referanseindeksen som er fastsett av Finansdepartementet for SPU-forvaltinga og ansvarleg forvalting.

I oktober 2018 kom Meld. St. 7 (2018–2019) *Om ny sentralbanklov*. I meldinga la Finansdepartementet fram synet til regjeringa på korleis Noregs Bank og den operative forvaltinga av Statens pensjonsfond utland bør organiserast og styrast. Det går fram av meldinga at verksemda til Noregs Bank i stor grad skal først vidare. I meldinga er det tydelegare forventningar enn før til kva tilsyn er, og kva rolla til representantskapet er. Representantskapet ser positivt på dette. Ein vesentleg eigenskap ved tilsynet er sjølvstende frå risikorammevertet til Noregs Bank og styrings- og kontrollsystelet i linja.

Representantskapet arbeider etter planar for utvikling av tilsynet og eiga verksemd. Hovudområda framover vil vere:

Vidareutvikling av kontroll- og tilsynsarbeidet

- treffe godt i tilsynsarbeidet med utgangspunkt i dei reelle risikoane, gjennom auka kunnskap om verksemda
- ha dialog med Finansdepartementet om tilsynsgjennomgangar og mandatendringar

Synlegheit og kommunikasjon

- bidra til kunnskap om rolla og oppgåvene til representantskapet blant interessentgruppene
- sorgje for tenleg kommunikasjon internt og eksternt

Kompetanse

- bidra til å auke eigen kompetanse om oppgåvene til representantskapet og aktivitetane til Noregs Bank, inkludert å etablere eit kompetanseprogram for nye medlemmer
- etablere nye og halde ved like etablerte relasjoner til internasjonale miljø innanfor sentralbankverksemd og kapitalforvalting
- knyte til oss ressurspersonar frå norske og internasjonale akademiske miljø

I den godkjende tilsynsplanen for tilsynsseksretariatet i 2019 er det lagt vekt på at det er og vil komme endringar i rammevilkåra både i sentralbanklova og anna relevant lovgiving og i mandatet for SPU. Ein legg til grunn at det òg vil komme endringar i marknader der SPU opererer.

Tema for særskild oppfølging (tilsynsgjennomgangar) er:

– *Ekstern rapportering fra Noregs Bank:* Undersøkje om rapporteringa blir levert og utvikla i samsvar med krav og forventningar. Det er ein risiko for at rapporteringsomfanget er slik at vesentleg informasjon blir vanskeleg tilgjengeleg. Det er òg risiko for overlappande informasjon og høg ressursbruk på rapportering utover faktiske krav, både når det gjeld innhald og frekvens. Ei rapportering som eventuelt er for omfattande, vil kunne vere i strid med internkontrollprinsippa om målretta og effektiv drift og påliteleg rapportering.

– *Den interne rapporteringa i Noregs Bank:* Gjere ei vurdering av om intern rapportering er eit nyttig og effektivt styringsverktøy for dei styrande organa i Noregs Bank i avgjerdsprosessen. Samla rapportering skal gi rett informasjon. Det utgjer ein risiko dersom rapportane inneholder overlappande informasjon, dersom dei språkleg er vanskeleg tilgjengelege, eller dersom rapportar på det same nivået i verksemda har ulik form og ulikt format. Ein mogleg risiko er òg at intern rapportering tek utgangspunkt i eksterne krav og ikkje er utarbeidd for eller eigna som interne styringsdokument.

– *Etterleving av lov og reguleringar som ikkje går fram av sentralbanklova:* Kartleggje kva offentlege krav Noregs Bank er underlagd, for å få oversikt over kva tilsynsstyresmakter som har oppgåver overfor Noregs Bank. Ein slik gjennomgang vil bidra til ei oversikt over kva lover og reglar representantskapet har tilsyn med utover sentralbanklova, i tillegg til at det kan bidra til å unngå overlappande tilsyn med ulik innretning og ulike krav.

– *Målretta og kostnadseffektiv styring og utnytting av ressursar:* Det er uttrykt forventningar til at verksemda skal drivast med ei samla utnytting av moglege stordriftsfordelar. I lys av behandlinga av ny sentralbanklov og eventuelle organisasjonsendringar bør tilsynsgjennomgangen bli gjennomført som etterfølgjande kontroll og ikkje gripe inn i endringsprosessar.

Som ledd i tilsynet med SPU-forvaltinga vil det bli utført attestasjonsoppdrag mellom anna basert på innspel frå Finansdepartementet. Oppdraga blir utførte etter internasjonale revisjonsstandardar⁷⁹, og rapportar blir offentliggjorde når dei blir sende til Finansdepartementet.

- *Ein gjennomgang av rammeverket i Noregs Bank for godkjenning av marknader og utferdingsland for statsobligasjonar.*
I mandatet for SPU-forvaltinga § 4-10 første ledd er det stilt krav om at Noregs Bank skal godkjenne alle marknader som SPU investerer i. For investeringar i statsobligasjonar skal hovudstyret godkjenne alle utferdingsland.
- *Ein gjennomgang av rammeverket i Noregs Bank for fastsettjing og innføring av interne referanseporteføljar, mellom anna finansiering av egedomsinvesteringar.* Gjennomgangen skal kaste lys over prosessar, styringsstruktur og sjølvstende i ansvarsforhold for fastsettjing, avkastningsmåling, styring og kontroll av risiko i samband med bruk av interne referanseporteføljar. Rapporteringa vil òg bli vurdert.

Tilsynet følgjer den kontinuerlege drifta og etterlevinga i Noregs Bank og vil òg i 2019 spesielt følgje med på i kva grad hovudstyret gjennomfører strategiske val i styringsrammeverk og rapportering.

Representantskapet følgjer tett med på kostnadsutviklinga og er opptekne av samla kostnadseffektivitet. Oppfølging av budsjettvedtak vil vere sentralt i det vidare tilsynsarbeidet. Fleire omfattande prosjekt er i gang, til dømes større strategiske IT-satsingar på begge verksemderområda, og desse prosjekta blir følgde nøye. Eit viktig grunnlag for vurderingane til representantskapet er periodiske verksamdsrapportar frå hovudstyret.

For Noregs Bank skal det bli vedteke ny strategi for perioden 2020–2022. Innføring av styringsmodellen, inkludert vurdering av organisering av administrative funksjonar, er venta å bli greidd ut i 2019 i samband med utarbeiding av ny strategi.

⁷⁹ ISAE 3000 «Attestasjonsoppdrag», som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk informasjon

KAPITTEL 11

ORGANISASJON OG AKTIVITETAR FOR REPRESENTANTSkapet I 2018

ORGANISERING AV REPRESENTANTSkapet

Organiseringa av representantskapet er regulert i sentralbanklova § 7. Representantskapet har 15 medlemmer og to varamedlemmer som er valde av Stortinget for fire år.⁸⁰ Varamedlemmene er til stades i alle møte i representantskapet og har talerett. Annakvart år blir det valt vekselvis sju eller åtte medlemmer.⁸¹ Oppnemning av den same medlemmen kan skje innanfor ein samla periode på tolv år.

Stortinget vel leiar og nestleiar blant medlemmene for to år. For perioden 2018–2019 er Julie Brodtkorb oppnemnd som leiar og Reidar Sandal som nestleiar.

Medlemmene har bakgrunn frå politisk arbeid, og samla har dei brei fagleg kompetanse og erfaring frå sentrale delar av norsk samfunnsliv, offentleg forvalting og næringslivet. Fire av dei 15 faste medlemmene, det vil seie 27 prosent, er kvinner. I vedlegg 1 til denne rapporten er det gitt ei fullstendig oversikt over medlemmer og vara-medlemmer i representantskapet for perioden 2018–2019 med ein kort presentasjon av medlemmene.

DEN FASTE KOMITÉ

Den faste komité er eit arbeidsutval som førebur og fremjar innstilling til vedtak i saker som skal behandlast av representantskapet.⁸² Komiteen er samansett av leiaren for representantskapet, nestlearen og tre andre medlemmer som er valde blant dei faste medlemmene for to år. For perioden 2018–2019 er komiteen samansett av Julie Brodtkorb (leiar), Reidar Sandal (nestleiar), Tormod Andreassen, Gjermund Hagesæter og Randi Øverland. Dei tre siste nemnde og fem personlege varamedlemmer blei valde i eit konstituerande møte 18. januar 2018.

Mandatet for arbeidet til Den faste komité er fastsett av representantskapet. I eigenskap av å vere utval for representantskapet har komiteen rett til innsyn i alle saker om Noregs Bank. Komiteen har ikkje avgjerdsmyndigkeit på vegner av representantskapet. Det blir ført referat frå møta

som blir godkjende av leiaren.⁸³ I møtet fastset ein saklista til kommande møte i representantskapet. Referatet følger sakspapira og inneheld vesentlege drøftingar og utgreiningar og innstilling frå komiteen til vedtak i representantskapet.

Ein kan be sentralbanksjefen om å vere til stades i møte i Den faste komité. Når saklege grunnar tilseier det, kan komiteen seie ifrå til sentralbanksjefen kva for forslag til innstilling som vil bli lagt fram. Sentralbanksjefen eller hovudstyret kan ta opp saker og leggje fram sine vurderingar med sikte på behandling i representantskapet før komiteen fremjar innstilling til vedtak.

TI LSYNSSEKRETARIATET

Representantskapets sekretariat⁸⁴ (tilsynssekreteriatet) har i 2018 hatt sju tilsette under leiing av direktøren. Direktøren har myndighet til å tilsetje og seie opp medarbeidarar, fastsetje lønns- og arbeidsvilkår og utøve andre arbeidsgivarfunksjonar i samsvar med arbeidsavtalar og innanfor dei rammene som representantskapet har fastsett. Godtgjersle og andre vilkår for stillinga som direktør blir fastsette av representantskapet.

Tilsynssekreteriatet rapporterer direkte til representantskapet uavhengig av hovudstyret og administrasjonen i Noregs Bank. Direktøren er med på møta til representantskapet og Den faste komité og har høve til å ta med fagpersonar. Dei tilsette i sekretariatet har rett til å vere til stades i representantskapet når administrative saker som gjeld tilsynssekreteriatet skal behandlast.

Rammene for det faglege arbeidet og administrative forhold følger av instruks⁸⁵, retningslinjer, tilsynsplanar og budsjett som blir gitt av representantskapet.⁸⁶ Det er lagt vekt på integriteten til tilsynssekreteriatet i arbeidet.

Hovudformålet med oppgåvene er å gi eit solid grunnlag for tilsyn frå representantskapet med Noregs Bank og leggje til rette for gjennomføring av faglege møte og andre aktivitetar. I sekretariatsfunksjonen blir det òg gjort forebuingar av saksdokument og utkast til protokollar,

⁸³ Den tidlegare ordninga med å føre protokollar som blei godkjende i møta i representantskapet, er endra med verknad frå mars 2018.

⁸⁴ Jf. sentralbanklova § 5 fjerde ledd.


⁸⁵ Fastsett i møte 8. juni 2017

⁸⁶ Omtalt i Ot. prp. nr. 58 (2008–2009)

⁸⁰ Jf. sentralbanklova §§ 7 og 9.

⁸¹ Jf. sentralbanklova § 7 andre ledd.

⁸² Jf. sentralbanklova § 7 fjerde ledd.

FIGUR 13 TILSYNSSEKRETARIATETS ORGANISASJON OG OPPGÅVER

høringsbrev, presentasjonar og årleg rapport til Stortinget. Sekretariatet legg til rette for møte i representantskapet, seminar og faglege aktivitetar.

Det er inngått ein leveranseavtale mellom Noregs Bank konsern- og fellesfunksjonar og tilsynssektariatet. Avtalen regulerer levering av administrative ytingar som dekkjer dei kontinuerlege behova til tilsynssektariatet. Det omfattar mellom anna bruk av kontor og andre lokale, tryggleik og beredskap, arkivtenester, bruk av datautstyr, lønns- og personaltenester og kantine- og møtefasilitetar. Vidare blir det ytt relevante tenester til representantskapet som møtearrangement, tryggleik, avtale med reisebyrå og honorarutbetaling. All bruk av tenester blir dekt av representantskapet. Avtalen bidreg til å sikre at tilsynssektariatet og representantskapet har ein sjølvstendig posisjon.

Tilsynssektariatet skal ha ei tenleg organisering med tilfredsstillande og relevant tverrfagleg kompetanse. Dei tilsette i tilsynssektariatet har solid innsikt i fagområde som revisjon, finans, juss, verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll. I tillegg til relevant fagkompetanse blir det lagt avgjerande vekt på faglegheit, integritet, objektivitet og nødvendig aktsemd i gjennomføringa av arbeidet. Fagkompetansen skal haldast ved like og utviklast vidare kontinuerleg. Direktøren kan som eit supplement hente inn ekstern spesialistkompetanse og inngå rammeavtalar med faglege rådgivarar om planar og budsjett som representantskapet har godkjent.

I tillegg til å delta på relevante kurs og fagkonferansar gjennomfører tilsynssektariatet jamleg møte og faglege seminar i eigen regi. Det blir nytta innleiarar frå ulike fagmiljø. Innleiarar kan også vere frå dei internasjonale kontaktane til samarbeidspartnarane og verksemderområda til Noregs Bank. Denne kompetanseoppbygginga er svært viktig både for tilsynsgjennomgangar og som ledd i førebuingar av arbeidet til representantskapet. Tema i 2018 har omfatta strategiane til NBIM og organiseringa av aksje-forvaltinga og eigedomforvaltinga, avkastningsmåling og risikoar i aktiv forvalting. Vidare har ein lagt vekt på varsling, styring av IT-tryggleik, Blockchain og kryptovaluta og konsekvensar av vedtaket i Storbritannia om å tre ut av EU. Det har også vore eit møte der Finanstilsynet orienterte om revisortilsyn og tilsynsmetodikk.

Den avtalen representantskapet har med den eksterne revisoren for Noregs Bank, blir forvalta av tilsynssektariatet. Tilsynssektariatet koordinerer samarbeidet mellom den eksterne revisoren og Riksrevisjonen, særleg knytt til tilsyn med og revisjon av SPU. Formålet med samarbeidsmodellen er mellom anna at Riksrevisjonen på ein tenleg måte skal få informasjon om og byggje på revisjons- og tilsynsarbeid som er utført av den eksterne revisoren og representantskapet. Det blir halde kontaktmøte jamleg.

Mellom tilsynssektariatet og Finansdepartementet blir det halde jamlege møte for utveksling av informasjon som er viktig for tilsynet med SPU-forvaltinga. I møta blir det gitt orienteringar om rapporten frå representantskapet til Stortinget, årlege tilsynsplana og gjennomførte tilsyns- og revisjonsaktivitetar.

Figur 13 skisserer korleis tilsynssektariatet er organisert ved utgangen av 2018, og kva oppgåver dei har.

EKSTERN REVISOR

Representantskapet vel ekstern revisor for Noregs Bank og inngår engasjementsavtale. Den gjeldande engasjementsavtalen med Deloitte AS⁸⁷ har ei lengd på seks år og gjeld for rekneskapsåra 2016–2021. Oppdraget omfattar revisjon av årsrekneskapen for Noregs Bank, rekneskapsrapportering om investeringsporteføljen i SPU, årsrekneskap for pensjonskassen til Noregs Bank og anna tilknytt verksemd.⁸⁸ I gjennomføringa av revisjonsoppdraget planlegg ansvarleg revisor i Deloitte AS i Noreg også å nytte ressursar frå andre delar av det internasjonale nettverket til Deloitte.

Arbeidet til den eksterne revisoren er viktig for tilsynsoppgåvene til representantskapet. Den ansvarleg partnaren hos Deloitte AS er til stades i møta i representantskapet ved behandling av relevante saker. Tilsynssektariatet inngår avtalar med Deloitte AS om eventuelle attestasjonsoppdrag som del av tilsynet.

⁸⁷ Deloitte AS i Noreg er medlem av Deloitte Touche Tohmatsu Limited (DTTL), eit britisk Company Limited by Guarantee.

⁸⁸ Revisjon av Noregs Banks fond til økonomisk forsking, Direktor N. Rygg, Fond og Pensjoniststiftinga ved Noregs Banks hovudkontor

I punkt 2.3 i retningslinjene for tilsyn fra representantskapet med selskap Noregs Bank eit som er knytte til eigedomsinvesteringar i Statens pensjonsfond utland⁸⁹, har representantskapet fastsett at den eksterne revisoren til Noregs Bank normalt skal veljast som revisor i selskap der Noregs Bank har innverknad på revisorvalet. I tilfelle der revisoren frå banken ikkje er vald, skal Noregs Bank søkje å sikre at revisoren frå banken har høve til å hente inn informasjon og dokumentasjon direkte frå revisoren i selskapet.

For datterselskapa til Noregs Bank i eigedomsforvaltinga er Deloitte-selskap i dei aktuelle landa valde som revisor, med unntak av selskap i USA som blir reviderte av Deloitte AS Norge.

Deloitte AS leverer to fast avtalte årlege attestasjonsfråsegner til oppdrag som Noregs Bank har overfor Finansdepartementet om statens konsernkonto og statsgeldsforvaltinga. Tilsynssekreteriatet koordinerer informasjonsutvekslinga mellom revisoren til Noregs Bank og Riksrevisjonen.

Årsrekneskapen for pensjonskassen til Noregs Bank med revisjonsmeldinga blir lagd fram for behandling i representantskapet. Deloitte AS gir ei årleg uavhengig stadfesting⁹⁰ om risiko og internkontroll til styret i pensjonskassen til Noregs Bank.

Representantskapet har godkjent at den eksterne revisoren etter avklaring med tilsynssekreteriatet kan ta på seg enkelte rådgivningsoppgåver for Noregs Bank. Moglege oppgåver blir vurderte strengt for å unngå interessekonfliktar, og omfanget har over tid vore avgrensa.

Det er etablert tett dialog mellom tilsynssekreteriatet og revisoren gjennom året, både gjennom avtale møte og ved jamleg kontakt. Representantskapet blir halde orientert om framdrifta etter den årlege revisjonsplanen og om vesentlege forhold som er viktige for utföringa og omfanget av revisjonen. Deloitte AS og tilsynssekreteriatet har jamleg dialog for å utnytte moglege synergiar mellom

revisjonen og tilsynsarbeidet i Noregs Bank. Arbeidet til revisor blir evaluert kontinuerleg mot engasjementsavtalen som er inngått. I tilfelle der det er behov for avklaringar og gjennomgangar, blir dette teke direkte opp med revisoren.

EKSTERNE FAGRESSURSAR

Ved gjennomføring av tilsynsoppgåver blir behovet for å nyte supplerande fagleg kompetanse vurdert, særleg ved problemstillingar innanfor kapitalforvalting, tryggleik, IT-tryggleik, verksemdsstyring og ulike juridiske spørsmål. Desse fagressursane blir nyttta i møte og seminar, kontinuerleg tilsyn og tilsynsgjennomgangar og bidreg mellom anna i drøftingar av relevant anerkjend praksis nasjonalt og internasjonalt.

Representantskapet og tilsynssekreteriatet har etablert effektiv tilgang til faglege tilleggsressursar mellom anna gjennom rammeavtalar med konsulentselskapet Oliver Wyman AB⁹¹ innanfor internasjonal kapitalforvalting og advokatfirmaet Thommessen AS⁹² innanfor juridiske spørsmål. I tillegg blir det nyttta ulike fagkonsulentar hos Deloitte i Noreg og internasjonalt.

Mercer AS er nyttta i diskusjonar om økonomiske analysar og oppfølging av risikorammer i kapitalforvaltinga. Norsk Regnesentral har støtt representantskapet med ei IT-tryggleiksvurdering hos ein leverandør. Innanfor særskilde tema som er behandla i seminar eller utgreiingar, er det også henta inn informasjon frå og diskutert med andre fagmiljø.

⁸⁹ Fastsett 5. november 2015

⁹⁰ Blir gitt etter forskrift om risikostyring og internkontroll, fastsett av Finanstilsynet 22. september 2008, sist endra 1. januar 2017

⁹¹ Avtalen med Oliver Wyman AB gjeld i fire år frå 21. februar 2015.

⁹² Avtalen med Thommessen AS gjeld i fire år frå 1. juli 2016.

AKTIVITETAR OG RESSURSBRUK I 2018

MØTE OG SAKSOMFANG

Representantskapet har hatt seks ordinære møte og eit konstituerande møte i 2018. Den faste komité har hatt seks ordinære møte.

Gjennom året er det behandla til saman 103 saker inkludert protokollar frå eigne møte. Rutinen for rapportering frå møta i Den faste komité er endra. Frå 2018 har ein gått vekk frå protokollar, men eit noko meir fyldig referat følgjer sakene til møta i representantskapet saman med innstillingar til enkeltsakene. Med dette får representantskapet meir tidsrett og inngående kjennskap til drøftingane i komiteen. Saman med saksdokumenta blir det òg sendt eit notat med forslag til drøftingspunkt frå førebuingane i tilsynsseksretariatet.

72 prosent av sakene omfatta tilsynet med verksemda til Noregs Bank. Drøftingane i møta viser at problemstillingar rundt kapitalforvaltinga har ein vesentleg del av merksemda til representantskapet i tilsynsarbeidet.

Det var i tillegg lagt fram 15 saker med ulike fagrapporatar og annan supplerande informasjon om verksemda til Noregs Bank. I slike orienteringssaker gjer ikkje representantskapet vedtak.

Figur 14 viser saksomfanget i representantskapet i 2018 fordelt på verksemda til Noregs Bank og dei administrative sakene i representantskapet.

ANDRE AKTIVITETAR OG FAGLEG

KOMPETANSEOPPBYGGING I REPRESENTANTSKAPET

I samband med det konstituerande møtet blei det halde eit introduksjonsseminar særskilt retta mot nye medlemmer. Temaa var organiseringa av Noregs Bank, styrings- og kontrollstruktur for Noregs Bank og tilsyns- og kontrolloppgåvane til representantskapet.

Representantskapet har halde fagseminar i samband med to av møta det siste året. Formålet med seminara er å halde seg orientert om aktuelle fagområde og bruke meir tid til utdjupande drøftingar av tema som er omfatta av tilsynet.


I eit fagseminar blei temaet cybertryggleik (IT-tryggleik) diskutert. Leiaren for strategisk cybertryggleik i NSM innleidd om cybertruslar og den risikoene det skaper for omdømmet og verdiane til verksemder. Det blei òg gitt ein presentasjon om arbeidet med tryggleik i Noregs Bank. Representantskapet fekk innblikk i korleis ein arbeider for å redusere risikoene for cyberangrep og andre digitale risikoar.

Eit anna fagseminar hadde temaet berekraftig drift. Ein representant for Norgesgruppen orienterte om arbeidet med berekraft i drifta deira, mellom anna om ambisjonar, mål og openheit i rapportering. Sentralbanksjefen gjekk gjennom arbeidet til hovudstyret og NBIM med ansvarleg forvaltingsverksemd og openheit i rapporteringa frå Noregs Bank.

Under ei studiereise til New York blei det orientert om verksemda til Noregs Bank lokalt og om marknadene for kapitalforvalting i USA. Det blei innleidd til diskusjonar både om aksjeforvaltinga og om eigedomsforvaltinga i SPU, og representantskapet fekk ei omvising i eit av eigedomsinvesteringsobjekta. Under besøk hos andre institusjonar fekk representantskapet mellom anna orienteringar om tilsynsverksemda til Federal Reserve, berekraftsmåla til FN og risikodiversifisering ved forvalting av unotert infrastruktur. Tema som digitale marknadsplassar og kryptovaluta blei òg tekne opp gjennom foredrag og drøftingar.

